

Det er ikkje trusselen i seg sjølv som fører til
handling, men trua på trusselen

Samfundsvernet i norsk avismedia i perioden 1923 til 1936.

Ole-Andre Dimmen



Masteroppgåve i historie

Institutt for arkeologi, historie, kultur- og religionsvitenskap

Universitetet i Bergen

Haut 2021

© Ole-Andre Dimmen

2021

«Det er ikkje trusselen i seg sjølv som fører til handling, men trua på trusselen»

Samfundsvernet i norsk avismedia i perioden 1923 til 1936.

Ole-Andre Dimmen

<https://bora.uib.no/>

Abstract

When the Norwegian Labour Party, at that time the largest party in Norway, in 1919 chose to follow the revolutionary line by joining the Communist International (Comintern), many within the bourgeoisie feared the country was at risk of revolution just as in Russia and Finland just a few years earlier. As a consequence, right-wing militias were formed also in Norway, mainly inspired by the Finnish Protection Corps (Skyddskår). In 1923, several of the Norwegian militias joined together in one large group, called *Samfundsvernet* ('Protection of Society'). In the coming years, the legitimacy of this group became one of the most debated issues in the Norwegian public.

This thesis analyses how *Samfundsvernet* was presented in newspaper media and discussed in the Norwegian public during the interwar years. Applying the method of frame-analysis, the thesis explores how the group was legitimized by its political allies and delegitimized by its enemies, and how this debate was related to more general issues of political culture, especially the understanding of the state monopoly of power. As most newspapers at the time had a party-political affiliation, the study analyses the main newspapers representing the range of political parties in Norway; *Aftenposten* (Høyre), *Arbeiderbladet* (Arbeiderpartiet), *Dagbladet* (Venstre) and *Nationen* (Bondepartiet). In addition to these newspapers, a couple of minor local newspapers as well as parliamentary debates have been used in the analysis.

In this thesis I have found three major frames in the debate about *Samfundsvernet*; One supporting frame from the right-wing, arguing that the group played a major role in preventing a communist revolutionary attempt; one critical frame from the left-wing arguing that *Samfundsvernet* was fascist and revolutionary themselves; and one "middle position" from the liberals (Dagbladet/Venstre) arguing *Samfundsvernet* was a threat to the democratic system and the state monopoly of power. This middle position was, unlike the other two, not based on the principle of social class, but instead the democratic and parliamentary principles. As a result of its "neutral" position, this frame grew stronger and contributed to the dissolution of all militias (right and left) and lead to an enforcement of the state monopoly of power represented by the police. This consensus might have contributed to a democratization of political discourse in Norway.

English title: 'It is not the threat itself that leads to action, but the belief in the threat': The militia *Samfundsvernet* in Norwegian newspapers, 1923 – 1936.

Forord

Det er så mange som verkeleg fortener ein takk, så eg veit ikkje eingong kvar eg skal byrje! Først av alt vil eg takke alle mine gode medstudentar på masterprogrammet i historie. Takk for gode samtaler på gangen, takk for filmkveldar, takk for vinkveldar, og takk for dei alt for mange timane med quiz og mildt sagt underlege samtalar på pauserommet. Trur det kanskje er like greitt at det ikkje har blitt ført oversikt over talet på timer som har blitt brukt på det rommet gjennom dei siste vel 2 åra... Vidare vil eg få rette ein stor takk til alle studentar og rettleiarar på masterseminaret «På tvers av grenser», utan tvil det beste masterseminaret ein kan vere del av! Takk for gode tips og tilbakemeldingar på dei tekstar og utkast eg har levert inn. Det har vore meir enn ein gong desse tilbakemeldingane og tipsa har fått ting til å løyse seg for meg, og eg har fått nye idéar og tankar om korleis gå vidare med oppgåva.

Ei spesiell takk rettast til mine gode vennar Henning, Sebastian og Svein for god hjelp i innspurten med korrekturlesing av oppgåva, og gode tips til korleis gje teksten ei siste forbetring. Ei stor takk rettast også til både vennar og familie for god støtte og gode ord gjennom heile prosessen. Utan dykk hadde dette nok aldri gått såpass «ok» som det gjorde.

Så ser eg for meg at det fort kan bli litt utriveleg stemning «i heimen» dersom eg ikkje også rettar ein aldri så liten takk til Oda som har vore ei stor støtte med gode tilbakemeldingar på arbeidet, og som har kome med oppmuntrande ord når det har vore behov for det...Takk 😊

Sist, men så absolutt ikkje minst, vil eg få rette ei enorm takk til min eminente rettleiar Christhard Hoffman for gode og konstruktive tilbakemeldingar på arbeidet mitt. Takk for alle gode tips og råd om alt frå korleis formulere eit godt abstract, kva artiklar og bøker som kunne vere relevant å sjå nærmare på, og korleis skrive ei god masteroppgåve. Og mest av alt; takk for at du viste meg tolmod og hadde trua på meg, også når eg sjølv byrja tvile på mine egne evner. Tusen takk!

Innhald

1. Innleiing.....	1
1.1 Problemstilling og forskingsspørsmål.....	2
1.2 Kjeldeutfordringar.....	3
1.3 Utval av kjelder.....	4
1.4 Tidlegare forskning.....	6
1.5 Metode.....	10
1.6 Oppgåva si oppbygging og struktur.....	12
1.7 Avgrensingar.....	13
2. «Frivillige ordensvern må ikke opprettes uten politimesterens samtykke...».....	15
2.1 Politi- og valdsmonopol.....	15
2.2 Bruk av ordensvern/borgarvern som støtte for politiet.....	17
2.3 Militæret, og «beleiringsloven».....	23
2.4 Partipresse-omgrepet.....	28
3. Samfundsvernet, frå rykte til realitet, 1923-1926.....	33
3.1 Innsikt i søkemåte og resultat.....	34
3.2 Den tidlege fasen 1923-1926.....	35
3.3 1923-1926, frykta for klassekrig.....	36
3.4 Den manglande dekninga på borgarleg side.....	41
3.5 Konklusjon.....	46
4. Samfundsvernet står fram for offentlegheita, 1926-1928.....	48
4.1 Samfundsvernet vert konsolidert.....	48
4.2 Samfundsvernet held ein lågare profil.....	50
4.3 Grunnlaget for Politiloven §21.....	52
4.4 Samfundsvernet «avslører» seg sjølv.....	54
4.5 Sosialistane krev svar frå regjeringa.....	56
4.6 Borgarlege reaksjonar på «avsløringa».....	58

4.7 Generalkrigskommissær Jens Bratlie si innblanding	61
4.8 Børge Olsen-Hagen sin interpellasjon i Stortinget	62
4.9 Konklusjon	64
5. Reservepolitiska katalysator for medieomtalen, 1928-1929	66
5.1 Etterverknadane av Olsen-Hagen sin interpellasjon	66
5.2 Samfundsvernet på Krigsskulen	68
5.3 Kan Samfundsvernet likevel være eit verdifullt supplement for politiet?	73
5.4 «Samfundsvernet blir av justisdepartementet anerkjent som reservepoliti!»	74
5.5 «Samfundsvernet, en klassekamporganisasjon av fascistisk anløpne elementer»	78
5.6 «Venstrepresen har slukt arbeidernes agn»	80
5.7 «Politiet vil ha det kvitt»	82
5.8 Konklusjon	85
6. Frå «reservepoliti» til tvungen oppløysing, 1929-1936	87
6.1 Revolusjonsfaren nærmast over?	87
6.2 Revolusjonært Arbeidarparti, Arbeidarvern og militær involvering	88
6.3 Leidangen som erstatning eller supplement?	91
6.4 Arbeidarverna bryt lova, og Samfundsvernet kjem igjen i det juridiske søkelys	93
6.5 Hitler si maktovertaking aukar motstanden mot ordensvern	95
6.6 Kriseforliket vert starten på slutten for private ordensvern	97
6.7 Endeleg forbod mot private ordensvern	100
6.8 Konklusjon	101
7. Konklusjon	103
7.1 Eit preventivt grep mot ei radikaliserert arbeidarklasse	104
7.2 Eit revolusjonært forsøk på å innføre fascismen i Norge	105
7.3 Ein trussel mot staten, demokratiet og militærmakta	107
7.4 Endeleg konklusjon	108
Litteratur- og kjeldeliste	110

1. Innleiing

Mellomkrigstida var i Norge, så vel som i resten av Europa, prega av ei rekke utfordringar i kjølvatnet av den første verdskrigen. Ein opplevde dramatiske nedgangstider i økonomien, det politiske landskapet vart langt meir polarisert, og arbeidsløysa auka nærmast frå dag til dag. Samtidig vart landet prega og farga av dei store endringane som gjekk føre seg ute i Europa. I første rekke var det her snakk om kommunismens raske vekst etter den russiske revolusjon, og utviklinga av høgreradikale tankegangar i land som til dømes Italia og Tyskland. Ein konsekvens av alle desse aspekta var at ein i Norge fekk ei raskt veksande, og dermed for nokre, trugande arbeidarrørsla. Denne skapte raskt ei enorm frykt i dei borgarlege kretsane for at venstresida, med arbeidarrørsla og Arbeiderpartiet i spissen, planla ei kommunistisk maktovertaking gjennom ein revolusjon etter mønster frå mellom anna Russland og Finland i høvesvis 1917 og 1918.¹ Som eit mottrekk vart det frå borgarleg side oppretta ei rekke vernegrupper, pistolklubbar og private militærgrupperingar som skulle stå klare til å gripe inn og nedkjempe eit eventuelt forsøk på ei revolusjonær kommunistisk maktovertaking.²

Av desse militærinspirerte grupperingane var kanskje det fremste eksempelet det såkalla «*Samfundsvernet*». Samfundsvernet var ei gruppe som opererte i samfunnet som ei form for privat eller borgarleg militærliknande instans utanfor det statlege i ei årrekke på 1920- og -30-talet. Grupperinga starta opp som ei borgarverngruppering med ambisjon om å forsvare landet mot den framveksande kommunistiske trusselen. Sjølv om grupperinga starta opp som eit av mange frivillige lokale borgarvern som opererte rundt omkring i landet, utvikla den seg etter kvart i stadig meir retning av å verte landsdekkande, og det leiande vernet mot den førestilte kommunistiske trusselen. Ei meir detaljert og inngåande forklaring av kven og kva Samfundsvernet var vil verte føretatt seinare i oppgåva, både i form av ein historisk bakgrunn og kontekst, samt gjennom eksempel undervegs i analysearbeidet.

Det som er formålet mitt med denne oppgåva er å undersøke korleis Samfundsvernet vart sett på, omtalt og behandla i den norske politiske kulturen i tidsperioden 1923-1936. Det eg legg i dette er mellom anna korleis dei ulike avisene, basert på den politiske tilhøyrsla og

¹ I Finland var revolusjonsforsøket mislukka, men førte like fullt til den finske borgarkrigen som tok så mykje som rundt rekna 36 000 liv.

² Eit nøyaktig tal på grupper er ikkje mogleg å oppdrive, men der fantes alt frå små nabolagsvern til større regionale grupper i dei fleste av landets byar. I tillegg var der ein del mindre grupper også på bygdene der politiet ofte hadde behov for ekstramannskap.

ståstaden dei hadde, karakteriserte og såg på Samfundsvernet, korleis dei vart omtalt i ulike aviser, samt korleis dette eventuelt endra seg gjennom åra grupperinga var i funksjon. Underforstått dette vil eg også studere i kva grad Samfundsvernet er eit eksempel på den politiske og sosiale situasjonen som råda i Norge på 1920- og 30-talet med konstant frykt for revolusjon på begge dei politiske fløyene, dårleg tru på at politiet åleine kunne handtere krisesituasjonar, samt eit militærvesen som på kort tid vart langt meir politisk splitta og radikaliserert enn tidlegare. Innanfor dette er det spesielt interessant å sjå på korleis samfunnssituasjonen og meiningane til dei forskjellige politiske partia på denne tida påverkar det som kjem fram i media.

1.1 Problemstilling og forskingsspørsmål

Knut Kjeldstadli seier at å forske handlar om å spørje, og at ei kvar form for forskning må starte med og ha utgangspunkt i eit spørsmål, ei problemstilling.³ Leidulf Melve og Teemu Ryymin seier vidare at ei god problemstilling er grunnlaget for god forskning.⁴ Med andre ord er eit av dei viktigaste elementa i all forskning og fagleg arbeid ei godt utforma problemstilling. Mitt fokus i denne oppgåva vil som sagt vere retta inn mot korleis Samfundsvernet vart sett på, omtalt og definert i perioden vi veit at grupperinga var i funksjon. Fokuset vil vere retta inn mot avissaker, debattar og liknande. Problemstillinga må dermed vere utforma på ein slik måte at alle desse faktorane vert tekne med, samtidig som den må vere såpass presis og avgrensa at det ikkje vert opna opp for vage tolkingar av spørsmålet. På bakgrunn av dette har eg kome fram til følgande problemstillinga for denne oppgåva:

«Korleis vart den paramilitære borgarverngrupperinga Samfundsvernet karakterisert og omtalt av samtidas media i perioden 1923-1936?»

Vidare kan det vere formålstenleg å utarbeide nokre underspørsmål, også kalla underordna forskingsspørsmål. Desse spørsmåla må ha ein klar samanheng med problemstillinga, men bør vere meir konkrete. Eg har valt følgande spørsmål; «Korleis påverka radikaliseringa av militærvesenet i etterkant av den første verdskrigen framveksten av grupperingar som Samfundsvernet?». Eit anna forskingsspørsmål er; «På kva måte endra synet på Samfundsvernet seg i løpet av desse åra, og eventuelt kvifor?». Eit tredje, og siste,

³ Kjeldstadli, 1999, s. 44.

⁴ Melve & Ryymin 2018, s. 17.

forskingsspørsmål er; «Korleis påverka innføringa av Politilova i 1927, og «legaliseringa» av grupperinga i 1928/29 måten Samfundsvernet vart oppfatta på?». Dersom eg greier å kome fram til gode svar på desse spørsmåla føler eg at eg samtidig vil ha funne eit godt svar på problemstillinga, og dermed også oppnådd det mål eg har sett meg for denne oppgåva.

1.2 Kjeldeutfordringar

Alt tidleg i prosessen med å identifisere potensielle kjelder og kjeldetypar innsåg eg at dette arbeidet ville verte både innvikla og tidkrevjande, noko også tidlegare forskning på Samfundsvernet har nemnd som ein av dei største utfordringane.⁵ Grunnen til dette er at Samfundsvernet var ein hemmeleg organisasjon som ikkje har etterlete seg eit eige arkiv. Dette har gjort at eg har vore nøydd til å vere kreativ i mine søk etter relevante kjelder, der spesielt arkivet til Norsk Samfundshjelp og diverse arkivsamlingar tilhøyrande Politiet og Justisdepartementet har vore sentrale i kjeldearbeidet. Når det er sagt skal det likevel seiast at eg har hatt visse fordelar av å kunne ta utgangspunkt i kva kjelder tidlegare forskning, i første rekke Trond Klykken, har gjort nytte av når ein tidlegare har studert Samfundsvernet.

Eit anna, og kanskje enda større problem i kjeldearbeidet, var utbrotet av Covid 19-pandemien som i stor grad stengde ned samfunnet i større eller mindre grad i perioden mars 2020 til september 2021, med andre ord størsteparten av tidsperioden oppgåva vart arbeid med. Planen min var å nytte dei to første månadane av 2020 til å identifisere aktuelle kjelde- og arkivsamlingar eg ynskte å sjå nærmare på, for så å besøke dei ulike arkivinstitusjonane som oppbevarte dei aktuelle samlingane. Då det førebuande arbeidet tok lenger tid enn i utgangspunktet planlagt enda det til slutt opp med at alle arkiv og bibliotek eg kunne ha interesse av å besøke var stengde på ubestemt tid før eg rakk å besøke dei. Dette gjorde at store delar av mitt arbeid for våren 2020 vart utsett på ubestemt tid i påvente av at ein kunne besøke desse institusjonane og få studere dei relevante kjeldene. I utgangspunktet var planen at eg skulle studert det ideologiske aspektet ved Samfundsvernet, men grunna desse utfordringane var eg nøydd til å tenke alternativt for å kome opp med eit tema som i mindre grad var avhengig av arkivmateriale ein fysisk måtte oppsøke. Eg måtte i staden finne digitaliserte kjelder som var enklare tilgjengeleg i denne spesielle perioden. Ein positiv konsekvens av nedstenginga var at mellom anna Nasjonalbiblioteket gjorde størstedelen av si

⁵ Klykken 2013, s. 9.

digitale «skattekiste» tilgjengeleg for eit større publikum, noko som opna opp nye og spanande moglegheiter for meg. Eg fekk mellom anna tilgang til ei stor rekke aviser, tidsskrifter og digitalisert materiale frå den aktuelle perioden, kjelder eg med fordel kunne gjere nytte av i mitt arbeid. Eg fann dermed ut, i samråd med min rettleiar, at eg skulle endre fokuset frå det ideologiske aspektet, og i staden sjå nærmare på samtidas medieomtale.

Eit anna problem eg opplevde i arbeidet med denne oppgåva var rett og slett korleis aviser var bygde opp og utforma i Samfundsvernet si eiga samtid. I dag er ein vande med at det er lett å følgje ei sak sjølv om ho går over fleire sider. På 1920- og 30-talet kunne derimot ei sak avslutte midt i ei setning (eller i visse tilfelle midt i eit ord) på ei side, for så å fortsette ein heilt annan stad i avisa utan å gje opplysning om kvar resten av saka var å finne. Dette har gjort at eg ofte har måtte leite med «lupe» for å få lese heile artiklane som eg hadde funne. Eit anna problem var at dei aller fleste sakene som vart publisert på denne tida ikkje hadde ein uttrykt artikkelforfattar eller opplysning om kva type sak det var (leiar, lesarinnlegg, «normal» sak, etc.). Dette har gjort at saker som kunne vore interessant å analysere utover berre innhaldet (analyse av forfattar si politiske tilhøyrsløse, tidlegare saker, etc.) ikkje har latt seg gjere.

1.3 Utval av kjelder

I det føreliggande arbeidet vil fleire ulike typar kjelder verte teke i bruk for å få eit variert og omfattande bilete av omtalen og oppfatninga av Samfundsvernet i deira eiga samtid. Val av kjeldetypar for forskingsarbeidet er naturleg nok det kanskje viktigaste ein gjer i det førebuande arbeidet, og ein må stille seg sjølv ei rekke spørsmål. Kva typar kjelder er det å finne som kan vere relevante for temaet og vinklinga ein skal arbeide med? Er ein til dømes ute etter å sjå på noko som hende for 300-400 år sidan vil naturleg nok kjeldene vere skriftlege, men om ein til dømes ikkje skal lenger tilbake enn 30-40 år kan det fort vere mogleg å nytte seg av intervju eller andre former for munnlege kjelder. Uansett kva ein ender opp med er det likevel svært viktig at ein grunngjev dei val ein har gjort, både for seg sjølv og for lesaren. Ein må mellom anna gjere det tydeleg kva ein har teke omsyn til, og kvifor ein har gjort dei val som ein har gjort.

Størstedelen av kjeldene eg skal studere i forbindelse med denne oppgåva er aviskjelder, i hovudsak henta frå Nasjonalbiblioteket sine nettressursar der dei fleste av

landets aviser er å finne fullstendig digitalisert. Eg har forsøkt å ha eit balansert og variert utval av aviser eg har sett på, med publikasjonar tilhøyrande på både høgre- og venstresida i politikken, i tillegg til nokre i ei form for mellomposisjon.⁶ Etersom eg har vore ute etter å studere korleis eit fenomen, i denne samanheng Samfundsvernet, vart oppfatta av media i si samtid, var det logisk å sjå på oppfatninga frå fleire sider. På den måten kan ein på ei side få eit syn som tenderar til å vere støttande og positiv til Samfundsvernet, og på den andre sida eit syn som er kritisk og nærmast fiendtleg innstilt til grupperinga. Eg har i stor grad sett på det ein kan kalla større nasjonale aviser, aviser som vart lese over store delar av landet. Ein kan her mellom anna trekke fram Aftenposten og Arbeiderbladet som dei største avisene på høvesvis høgresida og venstresida. I tillegg har eg sett på aviser knytt til partiet Venstre (Dagbladet), Bondepartiet (Nationen), og kommunistpartiet (Norges Kommunistblad). Nokre gongar har eg også valt å nytte meg av mindre aviser, såkalla lokalaviser. Her kan ein mellom anna trekke fram Akershus Arbeiderblad og Hamar Arbeiderblad som eksempel på dette. Ein meir inngåande presentasjon og vurdering av partipresse vert gjort i kapitel 2.4.

For å fastslå korleis politikarar, parti, og det offentlege stilte seg til Samfundsvernet har eg i tillegg vore nøydd til å nytte ei rekke offisielle dokument. Her kan ein mellom anna nemne at for partia sin del har ei rekke Stortingsdebattar vorte studert, utkast til lover og lovendingar har vorte sett nærmare på, i tillegg til at dei ulike partia sine valprogram frå denne tida har blitt sett nærmare på. For å få betre innsikt i korleis til dømes politiet har stilt seg til grupperinga har arkivmateriale hjå Riksarkivet vore sentralt. Her har eg mellom anna sett på brevkorrespondansen mellom Justisdepartementet og dei ulike politikontora i landet. Gjennom denne korrespondansen har eg fått innsikt i korleis synet på grupperinga var variert, både ut frå kva tid korrespondansen var frå, samt kvar i landet dei ulike politikontora var plassert.

Både avisekjeldene og dokumenta frå politiarkivet er av det ein kan omtale som originale kjelder eller primærkjelder.⁷ Dette er førstehandskjelder frå den aktuelle perioden, og er derfor av stor verdi for å få eit omfattande inntrykk av samtidas syn og oppfatning av Samfundsvernet. Grunnen til dette er fordi denne typen kjelder ikkje er redigert eller omarbeidd i ettertid, og dermed ikkje utsett for tolkingar som potensielt kan ha endra budskapen eller innhaldet i den aktuelle kjelda. Eg vil i tillegg nytte meg av kjeldebasert forskingslitteratur som tidlegare forskning, bøker og avhandlingar i mitt arbeid. Som eg skal

⁶ I stor grad aviser som sokna til partiet Venstre.

⁷ Melve & Ryymin 2018, s. 37.

kome inn på seinare i oppgåva er det ikkje tidlegare blitt forska særleg på akkurat det eg skal fokusere på, men nokre arbeid har likevel kome inn på område som også er av relevans for meg. Her kan ein mellom anna nemne Trond Klykken sitt arbeid, som mellom anna har studert dei politiske partia sine handlingar ovanfor Samfundsvernet, Lars Borgersrud som har studert militæret si radikaliserings og deltaking i borgarlege ordensvern, og Nils Ivar Agøy som har studert den generelle høgreradikalismen i Norge rundt denne tida. Også anna forskning vil verte nytta i mitt arbeid, sjølv om det nok vil vere i mindre grad enn bruken av primærkjeldene, og analysen av desse. Lat oss difor sjå nærmare på kva som tidlegare har blitt gjort av forskning som kan vere relevant å trekke fram.

1.4 Tidlegare forskning

Forsking på Samfundsvernet kan raskt gli inn i forskingsfeltet på fascisme og høgreradikalisme, Eg har difor valt å dele forskinga på norsk fascisme og høgreradikalisme, og forskinga på Samfundsvernet spesielt, inn i to ulike og einiskilde “bolkar” slik at det er enkelt å skilje dei to forskingsområda frå kvarandre, då forskingsfeltet eg bevegarar meg inn i ligg litt i begge «leirar».

1.4.1 Generelt rundt norsk fascisme og høgreradikalisme

Samfundsvernet er i norsk samanheng den klart største paramilitære grupperinga ein har hatt i fredstid, og vert av ulike årsaker ofte nemnd i same andedrag som dei fascistiske bevegelsane som vaks fram rundt same tid. Forskinga på dei fascistiske og høgreaktivistiske/-radikale partia, organisasjonane og rørslene som vaks fram i Norge på 1920- og 30-talet skaut for alvor fart utover på 1960-talet. Då hadde ein nemleg som Rolf Danielsen og Stein Ugelvik Larsen seier, fått krigen og konsekvensane den førte med seg meir på avstand.⁸ Naturleg nok har størstedelen av forskinga på desse bevegelsane fokusert på “den store fascistbevegelsen”, Nasjonal Samling, samt på skikkelsar som spesielt Vidkun Quisling, såkalla «quislingiana».⁹ Det første verkelege dykke inn på dette forskingsfeltet må seiast å vere Hans Olav Brevig si hovudoppgåve frå 1964-65, “NS, fra parti til sekt: 1933-37”, som omhandlar nettopp partiet

⁸ Danielsen & Ugelvik Larsen 1976, s. 7.

⁹ Dahl 1975, s. 117.

Nasjonal Samling si utvikling og historie mellom 1933 og 1937, samt spesialnummeret om fascisme av bladet Kontrast frå 1966. Bladet hadde mellom anna den seinare så kjende Quisling-biografen Hans Fredrik Dahl som redaktør, ein person som må reknast som ein av dei mest aktive bidragsytarane på forskingsfeltet her til lands. Dahl står også, saman med Bernt Hagtvedt og Guri Hjeltnes, bak boka «Den norske nasjonalsosialismen: Nasjonal Samling 1933-1945 i tekst og bilder». Nasjonal Samling var, som ein kan sjå, gjennom heile 60-, 70- og delar av 80-talet det store fokuset i forskinga. Der Brevig fokuserte på dei ideologiske og historiske linjene, såg forskarar som Stein Ugelvik Larsen og Rolf Danielsen meir på det sosiale og sosiokulturelle aspektet ved partiet, kanskje best illustrert i boka “Frå idé til dom”, som kan seiast å vere sluttproduktet av det såkalla “Bergensprosjektet” på 1960- og 70-talet.

Frå rundt 1980 byrja sakte, men sikkert, den norske forskinga på fascisme og høgreradikalisme å endre fokus frå det “tradisjonelle” fokuset på Nasjonal Samling og kretsen rundt Quisling, over på mellom anna Fedrelandslaget, Den Nasjonale Legion og Samfundsvernet. Her kan ein mellom anna trekke fram Terje Emberland sitt arbeid om grosserar Karl Meyer sitt smått håplause forsøk på å danne Norges første fascist-parti, Den Nasjonale Legion¹⁰, Andreas Norland sitt arbeid om Fedrelandslaget¹¹, og Trond Klykken si masteroppgåve i kriminologi om Samfundsvernet.

Av meir generell forskning på høgreaktivisme og høgreradikalisme i Norge i mellomkrigstida kan ein mellom anna trekke fram «Norge mellom krigene: det norske samfunn i krise og konflikt 1918-1940» av Hans Fredrik Dahl, og artikkelen «Anticipating Norwegian Fascism: The Radicalization of Urban Right-Wing Nationalism in Inter-war Norway» av den italienske historikaren Salvatore Garau. Vidare kan ein nemne Svein Ivar Angell si hovudfagsoppgåve ved Universitet i Bergen frå 1994, der han tek for seg norsk nasjonalisme i mellomkrigstida. For å få betre innsikt i nokre av dei tankane som låg til grunn for denne perioden er også Jostein Nerbøvik sitt arbeid, «Antiparlamentariske straumdrag i Noreg 1905–1914» eit godt eksempel. Her ser han nærmare på korleis det politiske samhaldet etter unionsoppløysinga tok slutt, og antiparlamentariske og høgreradikale strøymingar vaks fram i tida fram mot den første verdskrigen. Det vil også vere på sin plass å nemne fleire av dei ulike historieverka som i større grad tek for seg nasjonal historie, og der mellomkrigstida berre vert ein liten del av det store arbeidet. Her vil eg spesielt trekke fram «Norsk Historie

¹⁰ Emberland, *Da fascismen kom til Norge*.

¹¹ Norland, *Hårde tider: Fedrelandslaget i norsk politikk*.

1905-1990» av Berge Furre, og «Grunnbok i Norges Historie: Frå vikingtid til våre dagar» av Helle, Dyrvik, Hovland og Grønlie, samt mange fleire verk som kan inkluderast innanfor paraplyen *oversiktsverk*.

Av internasjonale bidrag på forskingsfeltet kan ein, i tillegg til den alt nemnde artikkelen til Garau, trekke fram T.K Derry sitt kapitel om Norge i boka «European fascism» av S.J. Woolf. Garau har også utarbeid ei komparativ analyse der han ser på likskapar og skilnader mellom det norske, britiske og italienske fascistpartiet. Formålet til Garau med boka «Fascism and Ideology: Italy, Britain, and Norway» er å forsøke kome fram til eit svar på kvifor fascismen fekk fotfeste i Italia, medan det i både Storbritannia og Norge berre i beste fall kan karakteriserast som korte, men mislukka blaff av suksess.¹²

1.4.2 Forsking om Samfundsvernet

Som nemnd har i stor grad den norske forkinga på høgreaktivisme og høgreradikalisme fokusert på dei politiske partia og enkeltpersonane. Derfor har ofte dei mindre bevegelsane blitt sett bort frå, eller aller helst berre kjapt nemnd i «forbifarta». Gjerne vert grupperingar som Samfundsvernet trekt fram i arbeid som i større grad omhandlar militarisme og radikaliseringa av det norske militærvesenet i mellomkrigsåra. Spesielt Lars Borgersrud har sett på denne tematikken i sine to bøker om den norske militærfascismen, som kom ut i høvesvis 2010 og 2012. I desse bøkene studerer han korleis det innanfor dei militære kretsane vaks fram ei stadig meir radikal kjensle, og der mange innanfor offiserskorpset stod i front for framveksten av høgreradikalistiske bevegelsar og organisasjonar som til dømes Norsk Samfundshjelp, Borgersamfundets Nødverge, Sammenslutningen av 1923, og ikkje minst, Samfundsvernet. Borgersrud¹³ ser også i sitt arbeid «Den hemmelige hæren» frå 1978 på den tette kontakta mellom militærvesenet og dei raskt framveksande «private» hærstyrkane og borgarverna. Det same gjer Nils Ivar Agøy i si avhandling frå 1993, «Militæretaten og "den indre fiende" fra 1905 til 1940».

Når det gjeld forskning og arbeid direkte knytt til Samfundsvernet og gruppa si historie, er det nok Eivind Karsrud som har vore den mest aktive på feltet. Karsrud har gjennom ei

¹² Garau 2015, s.8.

¹³ Under pseudonymet Ottar Strømme. Dette var eit pseudonym Lars Borgersrud nytta ei periode på 1970- og 80-talet ettersom mykje av forkinga hans på denne tida var mildt sagt upopulær i militære kretsar (mellom anna vart han utestengt frå Riksarkivet, på initiativ frå Hjemmefronten i følgje han sjølv).

rekke artiklar i mellom anna «Tidsskrift for arbeiderbevegelsens historie» og i «TOTN» gitt eit inngåande innblikk i dei indre forholda i Samfundsvernet. Arbeidet til Karsrud vart i stor grad gjennomført på 1970- og 80-talet, som mellom anna gjorde at han fekk intervju personar som sjølv var medlemmar, fleire av dei også i leiande posisjonar i Samfundsvernet. Mellom anna fekk han gjennom fleire intervju med Generalmajor Arne D. Dahl, ein av leiarane av Samfundsvernet si Oslo-avdeling, personleg innsikt i til dømes rekrutteringsprosessen, kven som gjorde kva, og korleis Samfundsvernet i Oslo arbeidde både før og under «samarbeidet» med politiet.¹⁴ Karsrud fekk også i tale «ordinære» medlemmar av Samfundsvernet, mellom anna medlemmar frå lokalavdelinga i Toten-området. På denne måten greidde Karsrud både å gje innsikt i korleis situasjonen i Samfundsvernet var for personar i leiinga i forhold til for ordinære medlemmar, samt ulikheitene mellom bygde- og byavdelingane.

Trond Klykken står likevel for det kanskje beste og mest detaljerte arbeidet som har blitt gjort om Samfundsvernet. I si masteroppgåve frå 2013 i Kriminologi ved Universitetet i Oslo ser han nærmare på myndigheitene sine handlingar og haldningar ovanfor Samfundsvernet, samt kva gruppa faktisk var og stod for. Her ser han på korleis Samfundsvernet utvikla seg frå å vere ei av mange private vernegrupper på byrjinga av 1920-talet, til å utvikle seg i retning av å verte Arbeidarrørsla og Arbeiderpartiet sin største «ikkje-politiske» fiende i tida rundt Arbeiderpartiet si «relansering» frå å vere eit revolusjonært kommunistnært parti til å bli eit sosialistisk masseparti utan noko teikn til sine gamle revolusjonære ambisjonar. Klykken har gjort nytte av ein god del arkivmateriale som tidlegare ikkje har blitt sett på, eventuelt berre i korte trekk, noko som gjer at han på fleire områder kjem fram til funn som tidlegare ikkje var mogleg å kome fram til, som mellom anna sosial bakgrunn blant medlemmar og kommunikasjon mellom gruppa og offentlege organ som politi og regjering. I mitt eige arbeid vil Klykken si oppgåve ofte nyttast både for å vise til tidlegare forskning, samt for å setje mine eigne konklusjonar og oppdagingar opp mot tidlegare arbeid.

Som ein ser har Samfundsvernet ved fleire høve blitt studert i ulike forskingsarbeid, både som hovudfokus og som del av eit større arbeid. Likevel er det lite arbeid, kanskje med unntak av Klykken si oppgåve, som har fokusert i større grad på korleis grupperinga vart frama i si eiga samtid. Dette er noko eg har som mål å endre på gjennom å sjå meir inngåande på avisomtalen av gruppa, og på den måten kome med eit nytt bidrag til forskingsfeltet.

¹⁴ Karsrud, *Med pistol og Totschläger*.

1.5 Metode

I denne oppgåva vil spesielt bruk av framing stå sentralt, men ettersom dette kanskje ikkje er eit så kjent analyseverktøy for så mange vil eg innleiingsvis presentere ei enkel omgrepsavklaring. Framing kan enkelt forklarast og omsetjast med å «setje noko i ein boks eller ei ramme» basert på korleis ein oppfattar noko. Om ein skal kome opp med eit klassisk døme frå vår eiga samtid, kan ein trekke fram korleis media og politiske motstandarar av Donald Trump til stadigheit omtalar han som fascist. Dette gjer dei basert på nokre av dei tinga han står for og seier. Her trekk dei dermed fram dei sidene ved han som underbygger den påstanden dei har kome opp med, samtidig som dei unnlèt å fokusere på dei sidene som ville svekka påstanden.

Framing-omgrepet kan også utvidast til å handle om kva føremål ein har med omtalen ein kjem opp med. Denne måten å frame nokon på er gjerne meir abstrakt og vanskelegare å oppdage og identifisere. Teorien vart første gong presentert av Erving Goffman, der han forklarar at alle menneske tolkar det som hender rundt dei basert på deira såkalla «rammeverk» eller deira naturlege oppfatning og forståing av noko.¹⁵ Enkelt fortalt kan ein seie at Gofman tenker at frames utgjør grunnleggande verdiar, politiske orienteringar og den enkelte si tolking av verda. Dette kan mellom anna kome til syne gjennom til dømes korleis ein forklarar eller kommuniserer noko, ei form for framing som vil vere svært sentral i denne oppgåva.

Den skotske sosiologen Jenny Kitzinger har forska ein god del på framing, og spesielt bruk innanfor media og det offentlege rom. Ho definerer omgrepet som; «*Framing refers to the process whereby we organize reality – categorizing events in particular ways, paying attention to some aspects rather than others, deciding what an experience or event means and how it came about*».¹⁶ Kitzinger trekk her fram faktumet at ein av dei viktigaste elementa innafor framing er valet om kva ein skal fokusere og legge vekt på, og på den andre sida kva ein vel å ikkje tillegga like stor viktighet. Denne forma for framstilling er derfor svært vanleg å nytte anten ein vil framstille noko som positivt eller negativt, og er ein vanleg strategi å nytte innanfor politikken.

¹⁵ “Framing Theory”, <https://masscommtheory.com/>.

¹⁶ Kitzinger 2007, s. 134.

Den amerikanske professoren Robert Entman, som har forska mykje på bruk av media til politiske formål har også kome opp med ein definisjon på framing. Både han og Kitzinger understrekar at deira definisjonar på omgrepet berre er to av mange, då bruk av framing vert nytta innanfor mange ulike fagdisiplinar.¹⁷ Hans definisjon på framing er; «*To frame is to select some aspects of a perceived reality and make them more salient in a communicating text*».¹⁸ Han kjem her inn på dei same tinga som Kitzinger, nemleg at framing i stor grad omhandlar å velje seg ut nokre aspekt ved det ein skal studere eller omtale, og på den måten framstille noko på ein bestemt måte ut frå eit såkalla «primary framework». Entman poengterer også seinare i teksten at; «*Frames highlight some bits of information about an item that is the subject of a communication, thereby elevation them in salience*».¹⁹ Han seier at framing i stor grad går ut på å til stadigheit trekke fram delar av «det store biletet», og på den måten gjere det enklare for publikummet å hugse eller fokusere på dei valde nøkkelfaktorane. Dette gjer også at ein kan «lure» publikummet til å tru at den framstillinga som vert presentert er den riktige, noko som i stor grad også er formålet med framing innanfor media. På grunn av dette har framing i visse tilfelle stor verknad på oppfatninga folk har av visse situasjonar, personar eller hendingar. Entman trekk mellom anna fram den amerikanske dekninga av Den Kalde Krigen, ofte framstilt som ein krig mellom «det gode» og «det vonde», mykje på same vis som George W. Bush forsvarte invasjonen av Irak i etterkant av terroråttaket 11.september 2001.

Eit tredje eksempel på ein definisjon av framing eg ynsker å trekke fram er utarbeidd av den amerikanske lingvisten George Lakoff. Han fokuserer på at visse ord, uttrykk og formuleringar gjerne vert tillagt ei bestemt mening, og at bruk av desse uttrykka er ein måte å formidle sine verdiar og oppfatningar på. Det vert derfor på eit vis eit reiskap for å synleggjere sine synspunkt. Lakoff seier at «*Framing is about getting language that fits your worldview. It is not just a language. The idea is primary – and the language carries those ideas, evokes those ideas*».²⁰ Lakoff understrekar at framing berre er ein måte ein brukar språket som eit verkemiddel for å formidle idéar, synspunkt og meiningar, og at det er nettopp desse som er det grunnleggande aspektet ved framing. Språket vert dermed eit meiningsberande element i kommunikasjonen grunna dei følelsar, assosiasjonar og tankar visse ord og uttrykk vekker hos folk.

¹⁷ Kitzinger 2007, s 135.

¹⁸ Entman 1993, s. 52.

¹⁹ Entman 1993, s. 53.

²⁰ Lakoff 2004, s. 4.

Den siste definisjonen eg vil presentere finn ein i boka «Politisk protest, aktivisme og sociale bevegelsar» av Lasse Linde Kilde og Thomas Olesen. Linde Kilde og Olesen sin definisjon på framing er; «*sproglige (verbale og skriftlige) ytringer, der fremhæver bestemte aspekter af en empirisk virkelighed med henblik på at skabe resonans og sympati hos modtageren.*».²¹ Her kan ein finne aspektet som at framing inneber bevisste og bestemte språklege ytringar (Lakoff), val av kva ein skal framheve og kva ein skal «oversjå» (Kitzinger og Entman), og ønsket om å skape resonans hjå mottakaren (Entman).

Slik eg tolkar og forstår framing-analyse går det ut på å trekke fram dei sider og aspekt ved ei sak som underbygg ditt eige synspunkt eller påstand. Måten eg dermed vil nytte meg av framing-analyse i denne oppgåva er gjennom å vise korleis media omtalte og framstilte Samfundsvernet, både gjennom karakteristikkar og ikkje minst i kva aspekt dei fokuserte på ved gruppa og kva aspekt dei «oversåg». Eg vil difor påstå at mi oppfatning av omgrepet er ei god blanding av dei definisjonane eg her har presentert.

1.6 Oppgåva si oppbygging og struktur

Denne oppgåva skal bestå av i alt 7 ulike kapitel, kvart av dei med fleire tilhøyrande underkapittel. Dette vil vere eit kapitel med innleiing, eit kapitel som tek for seg den historiske bakgrunnen og konteksten, fire empiriske kapitel, og eit avsluttande kapitel for å samle trådane og avslutningsvis konkludere opp mot oppgåva si problemstilling. Eg har valt å dele dei empiriske kapitla inn kronologisk, der dei ulike kapitla tek for seg eit knippe hendingar i dei ulike åra Samfundsvernet var i funksjon. Kvart av dei empiriske kapitla skal ta for seg ein stad mellom 2-3 og 5-6 år.

Kapitel 2 vil gje oppgåva ein relevans gjennom å presentere den historiske bakgrunnen og konteksten for oppgåva. Her vil mellom anna synet på politiet, militæret og valdsmolopolet i Samfundsvernet si samtid verte presentert og gjort greie for. Dette vert gjort for å synleggjere den aktuelle situasjonen som låg til grunn for at grupperingar som til dømes Samfundsvernet fekk omfattande støtte og grobotn til å utvikle seg til å relativt raskt verte ei landsomfattande gruppering. Her vil også ein presentasjon av utviklinga av partipresse verte gitt.

²¹ Linde Kilde og Olesen 2015, s. 83.

Kapitel 3 vil verte det første av i alt 4 empiriske kapitel. Dette kapitelet vil fokusere på åra mellom 1923 og 1925/26, dei første åra til Samfundsvernet. Eg vil her sjå nærmare på korleis etableringa av ei gruppe som Samfundsvernet vart motteke både av høgre- og venstresida sine avispublikasjonar, samt dei politiske partia sjølve.

Kapitel 4 vil i stor grad ha eit likt fokus som kapitel 3, berre at perioden som her vert studert er åra 1926-1928. Årsaka til at tidsperioden som vert studert i dette kapitelet er ein del kortare enn i førre kapitel er fordi Samfundsvernet i denne perioden for alvor steig fram i det offentlege lyset, noko som førte til ei rekke saker som kan vere av interesse å sjå ekstra nøye på i eit analysekapitel.

Kapitel 5 vil ta føre seg åra 1928-1929. Her vil spesielt den såkalla «Krigsskole-saka» og «Reservepoliti-saka» stå sentralt, og danne kapitelet si ramme og fokus. Dette kapitelet vil, på tross av si korte tidsperiode, utgjere det lengste og største av analysekapitla.

Kapitel 6 vil ta føre seg den siste tida i Samfundsvernet si levetid, åra 1930-1936. Årsaka til at dette kapitelet vil ta føre seg såpass mange år, i alle fall om ein samanliknar med dei to føregåande kapitla, er fordi Samfundsvernet i denne perioden byrja forsvinne litt ut av media sitt søkelys, både bevisst og ubevisst..

Det avsluttande kapitelet, kapitel 7, vil i stor grad gå med på å samle trådane frå dei fire analysekapitla. Eg vil her forsøke å oppsummera funna/resultatet av analysen og oppsummera svara til problemstillinga.

1.7 Avgrensingar

Når det gjeld tidsavgrensing for temaet i denne oppgåva seier dette seg i stor grad sjølv. Eg skal studere ei gruppering som hadde ei «levetid» på rundt rekna 13 år, frå 1923 til 1936. Det vil likevel vere formålstenleg og logisk at eg også til tider dreg fokuset litt utanfor denne tidsramma, mellom anna for å setje noko inn i ein litt større kontekst eller for å dra parallellar til noko som hende anten før eller etter denne tidsavgrensinga. Mellom anna vil det til tider vere nødvendig å nemne til dømes den første verdskrigen, den russiske revolusjon eller den andre verdskrigen for å forklare ting som vert teke opp i oppgåva. Slike «brot» på avgrensinga vil i alle tilfelle verte tydeleg synleggjort. Hovudsakleg vil dette hende i kapitel

2, der eg mellom anna skal presentere bakgrunnen for at grupper som Samfundsvernet vaks fram.

Ettersom eg skal sjå på korleis Samfundsvernet vart omtalt og oppfatta vil det ofte vere nødvendig å også trekke inn grupperingar og prosessar som gjekk føre seg også utanfor Samfundsvernet. Eit godt eksempel på dette vil til dømes vere debatten og diskusjonen som blussa opp rundt 1929/1930 om oppretting av arbeidarvern på sosialistiske side. Framveksten av desse endra i stor grad måten Samfundsvernet vart oppfatta på av mange, då motstanden mot grupperinga på denne tida byrja auke også blant dei tradisjonelle «tilhengarane» på høgresida.

2. «Frivillige ordensvern må ikke opprettes uten politimesterens samtykke...»

-Historisk bakgrunn og kontekst

Dette kapitlet vil, som nemnt i førre kapitel, forsøke å gje oppgåva ein relevans, bakgrunn og kontekst gjennom å presentere eit knippe aspekt som er relevant for temaet for oppgåva. Her vil mellom anna politiet sine særreine rettar som politi- og valdsmonopolet verte presentert og diskutert. Også utviklinga av Politilova og denne sitt syn på private borgarvern vil verte presentert, i tillegg til at tradisjonen med privat involvering i politiarbeid vil verte synleggjort. Vidare vil eg mellom anna kome inn på den gryande radikaliseringa innanfor militærvesenet i tida etter den første verdskrigen, og korleis dette spela inn på framveksten av grupper som mellom anna Samfundsvernet. Avslutningsvis i dette kapitlet vil eg gje ei innføring i partipresse-omgrepet, og presentere utviklinga av denne fram mot tida det skal verte fokusert på i denne oppgåva.

2.1 Politi- og valdsmonopol

Når vi i dag snakkar om politiet og politiet sine oppgåver er det naturleg for oss å tenke oss både kven politiet er, samt kva oppgåver og plikter desse har. Dei to første setningane i den første paragrafen i den gjeldande Politilova pr. november 2020 seier at «*Staten skal sørge for den polititjeneste som samfunnet har behov for. Polititjenesten utføres av politi- og lensmannsetaten*». ²² Dette inneber at staten, og dei ressursane staten disponerer og bestemmer over, er dei einaste som skal ha såkalla politimyndigheit. Tidlegare politimeister i Hordaland, og forskar ved juridisk fakultet ved Universitetet i Oslo, Ragnar Auglend påpeiker at desse to setningane inneheld både ein *pliktregel* som fastslår ansvarsforholdet, samt ein *kompetanseregel* som fastslår politiet sitt politimonopol. ²³ Auglend gjer det også klart at fastslåelsen av politimonopolet vert vidare understreka av §26 1.ledd i den same lova, der det vert presisert at det er «*forbudt for andre enn politiet å organisere eller delta i privat virksomhet som har som formål å opprettholde offentlig ro og orden [...]*». ²⁴ Ved å fastslå dette gjer ein det klart at politiet sine oppgåver, privileger, og myndigheiter ikkje

²² §1.1 i Lov om politiet (Politiloven) av 1.10.1995.

²³ Auglend 2004, s. 215.

²⁴ Auglend 2004, s. 901.

skal tildelast andre enn det offentleg oppnemnde politikorpset. §26 viser vidare til forbod mot privat rettshandheving, som igjen understrekar det sivile politiet sitt politi- og valdsmonopol. Det finnast likevel visse unntak frå denne bestemminga. §20 2. ledd gjev moglegheit for å tildele mellom anna studentar ved Politihøgskulen og personell i politireserven delvis politimyndigheit. §20 3. ledd spesifiserer vidare vilkåra ei slik tildeling må oppfylle. Tildelinga må mellom anna vere tidsavgrensa, og gjerne også avgrensa til bestemte saker eller funksjonar.²⁵ §20 4. ledd utvidar bestemminga til også å omhandle militært personell, og viser vidare til §27a «Bistand frå Forsvaret» for å forklare militæret sine «politioppgåver». I tillegg kan personar utanfor politi- og militærvesenet verte tildelt avgrensa politimyndigheit, gjerne i forbindelse med natur- og miljøoppsyn over såpass store geografiske område at politiet åleine ikkje har ressursar til å handtere oppgåva.

Denne politilova er den no gjeldande, og vart sett i kraft 1.oktober 1995. Lova var ei oppdatering/revisjon av politilova frå 13. mars 1936 nr. 3, som då vart oppheva. Og nettopp politilova av 1936 er sentral i historia om Samfundsvernet og andre liknande borgar- og ordensvernsgrupperingar i mellomkrigstida, samt fastslåing av kven og kva politiet faktisk skal vere.

Den nemnde politilova frå 1936 slo fast at det var staten sitt ansvar å stille med politi, men samtidig var ordlyden ein annan enn den ein finn i den no gjeldande politilova. Her vart det sagt at «*Staten sørger for det politi som trengs for å oprettholde den offentlige orden, forfølge lovbrudd og utføre de andre opgaver, som efter lov eller sedvane påhviler politiet*».²⁶ Denne formuleringa kan på mange måtar oppfattast som mindre konkret enn den gjeldande formuleringa, og kunne på den måten også oppfattast på ulike måtar. Her vert det mellom anna ikkje slått like tydeleg fast kven som dermed kan få tildelt desse oppgåvene. Og det er nettopp dette som gjer situasjonen med Samfundsvernet og liknande grupperingar såpass interessant. Slik lova var utforma og formulert var det ingenting i vegen for at grupperingar av denne typen, om dei fekk dei nødvendige godkjenningane frå statsmaktene (regjering, Storting og Konge), kunne få tildelt politimyndigheit. Det er likevel viktig å understreke at det i visse tilfelle, også innanfor lovverket, var unntak eller tillegg til at det berre var politiet som hadde politimyndigheit. Eit eksempel på dette er mellom anna å finne i «Lov om militær disiplinær- og politimyndighet» av 06. mai 1921. Her vart det i §20-23 slått fast at militæret har politimyndigheit på militært område som festning, krigsfartøy, militær leir, og liknande,

²⁵ Auglend 2004, s. 153.

²⁶ §1.1 i Lov om politiet av 13.03.1936.

samt i nær- og omkringliggende område. Militære befalingsmenn hadde også politimyndighet elles i samfunnet ovanfor militært personell eller personell iført militært utstyr. Denne lova har seinare vorte delvis revidert, men akkurat desse paragrafane har i stor grad vorte ståande, og har i dag enda same innhald og meining.²⁷

2.2 Bruk av ordensvern/borgarvern som støtte for politiet

Ragnar Auglend trekk fram at det i Norge frå gamalt av ikkje var uvanleg at vanlege borgarar kunne organiserast og påleggast å vere til støtte for politiet dersom dette vart sett på som eit behov av sistnemnde.²⁸ Bruk av sivilbefolkninga som «reservpolitiet» hadde i mellomkrigstida hatt ei lang historie, då det fleire stadar i landet var tradisjon for å danne ulike vernegrupperingar som kunne stå til politiet sin disposisjon om det skulle vise seg å vere nødvendig. Mange stader var politiet også avhengig av at sivilbefolkninga stilte seg disponible for å kunne yte den tenesta som det var venta av dei. Dette var noko som mellom anna kom tydeleg fram i kommunikasjonen mellom fleire ulike politikontor og Justis- og politidepartementet i den såkalla «Reservepolitisaka» i 1929, der Samfundsvernet forsøkte å få offisiell status som reservepolitistyrkar. Her uttalte mange politimeistrar at dei var nøydde til å rekne med å ta i bruk sivilbefolkninga dersom det skulle hende noko ekstraordinært. Grunnen til dette var anten at dei opplevde underbemanning i dei lokale politistyrkane eller fordi dei geografiske forholda gjorde det vanskeleg å raskt få støtte frå andre stadar, noko som i visse tilfelle nærmast tvang dei til å ta i bruk lokale krefter.

2.2.1 Tradisjon for frivillig politistøtte

Når ein i politiske kretsar i tida etter unionsoppløysinga diskuterte utarbeiding av ei ny politilov, var bruk av ordensvern oppe til diskusjon.²⁹ Det vart i den forbindelse sett ned ein komité som skulle kome fram til forslag om lovendingar. Eit av dei forslaga denne komitéen kom opp med var større bruk av ordensvern som støtte for det ordinære politiet. Komitéen utalte at: «*Det synes ogsaa naturligt, at man i nutiden benytter sig av den villighet til*

²⁷ Auglend 2004, s. 156.

²⁸ Auglend 2004, s. 155.

²⁹ Auglend 2004, s. 898.

*sammenslutning, som viser sig paa snart sagt alle omraader, til at opnaa assistanse fra det gode publikum, hvor det gjælder opretholdelsen av den offentlige ro og sikkerhet».*³⁰

Her var dermed budskapet at slike grupper kunne vere til stor nytte dersom ein kom opp i ein spesiell situasjon der politiet åleine ikkje kunne handtere det. Det vart dermed føreslått at oppretting av ordens- og borgarvern skulle oppmuntrast og støttast, spesielt i landlege område der politistyrkane av naturlege årsaker var mindre og dårlegare utstyrt enn i dei større byane. Her såg ein med andre ord på slike frivillige grupperingar som ein ressurs ein kunne ha stor nytte av, og i visse tilfelle også som ei potensiell nødvendighet for det alminnelege politiet som i stor grad berre var førebudd på å kunne handtere ordinære situasjonar. Spesielt på bygda såg ein føre seg at politiet åleine i visse situasjonar kunne verte for lite for å halde orden åleine. Mellom anna hadde ein på bygdene gjennom store delar av 1800-talet vore avhengig av at borgarar frivillig stilte seg disponible for politiet, anten i form av borgarvern eller som vektarar.³¹ Komitéen uttalte at ordensverngrupperingane potensielt kunne gjerast nytte av i situasjonar som naturulykker og «opløp»³². Det vart likevel gjort tydeleg klart at desse grupperingane *ikkje* måtte gjere det regulære politiet overflødig eller mogleg å erstatte, men i staden verte sett på som ein tilgjengeleg ressurs ved behov.

2.2.2 Politisk polarisering og bruk av ordensvern

Innstillinga rakk ikkje å verte teken opp til endeleg vurdering før den første verdskrigen braut ut i 1914, så saka vart i stor grad liggande på vent i fleire år i påvente av at krigen skulle ta slutt. Først i 1920 vart spørsmålet om politilov igjen teke opp, men denne gangen vart bruk av ordensvern oppfatta på ein annan måte, mellom anna grunna krigen og dei politiske omveltingane som hadde kome i Europa i 1917. Grunnen til dette var mellom anna radikaliseringa på både venstre- og høgresida, noko som gjorde at politiet frykta at politiske sympatiar og tilhøyrsløve ville kunne spele inn dersom ein kom i ein situasjon der bruk av eksterne ressursar ville verte nødvendig.³³ Kriminolog og professor emeritus ved Universitetet i Oslo, Per Ole Johansen, seier i si bok «*Samfunnets pansrede neve: Statspoliti og ekstraordinær overvåkning 1918-1941*» at politiet på 1920-talet såg med stor skepsis på

³⁰ «Indstilling fra den departementale politilovkomite av 1912», s. 168.

³¹ Ellefsen 2018, s. 351.

³² Opprør/demonstrasjonar og liknande.

³³ Johansen 1989, s. 18.

oppretting av borgarvern, sjølv om dei likevel såg den potensielle nytta ved slike grupper. Dette synet kom også til syne hjå politikarane. Der det før krigen hadde vore positive syn på oppretting av ordens- og borgarvern, var ein i 1920 blitt langt meir kritisk innstilt til spørsmålet. I Ot.prp.³⁴ nr. 59 (1920) gav mellom anna Justisdepartementet uttrykk for stadig større skepsis knytt til spørsmålet rundt bruk av frivillige ordensvern i politiarbeid. Årsaka til denne skepsisen var, som hjå politiet, frykta for at medlemmane av desse ordensverna ikkje ville greie å oppretthalde den nødvendige nøytraliteten som var eit krav for å kunne opptre som reservepoliti.³⁵ Spesielt gjaldt dette i situasjonar av politisk karakter, der departementet frykta at ordensverna kunne ende opp med å ta parti for den eine parten i konflikten. Dette var i stor grad ein skepsis med grunnlag i faktiske forhold, da størsteparten av ordensverna som vart oppretta hadde bakgrunn i politiske synspunkt og spørsmål, slik at desse ordensverna gjerne var oppretta som beskyttelse mot ordensverna frå den politiske motparten. Til dømes var Samfundsvernet eit resultat av høgresida si frykt for radikaliseringa av venstresida, og dermed eit produkt av eit politisk standpunkt. Størsteparten av dei ordensverna som vart oppretta hadde, som Samfundsvernet, sitt utspring i dei borgarlege kretsane, men også på sosialistisk side vaks der fram vernegrupper som skulle fungere under mellom anna demonstrasjonar og arbeidarkonfliktar.³⁶

På tross av skepsisen frå både politi og myndigheitene vart det likevel oppretta ei rekke nye ordensvern på byrjinga av 1920-talet. Nokre av dei vaks raskt fram i forbindelse med konfliktar, streikar eller liknande, og forsvann like raskt igjen når situasjonen hadde roa seg og ting hadde normalisert seg.³⁷ Øystein Sørensen meiner at mange av desse ordensverna i ettertid nærmast kan reknast som døgnfluger grunna si korte levetid.³⁸ Nokre av desse grupperingane hadde ifølge Johansen også eit delvis samarbeid med politiet. Skepsisen til politiet auka blant folk flest vidare utover 20-talet, spesielt etter nokre episodar der medlemmar av frivillige ordensvern var «litt for ivrige på avtrekkaren», noko som førte til mellom anna skyting inn i folkemengder og 1.mai-tog, då dei som skulle halde orden ikkje hadde den nødvendige erfaringa og opplæringa til å lese situasjonen på ein god nok måte.³⁹

³⁴ Ot. Prp. står for «Odelstingsproposisjon», og er eit forslag frå den norske regjeringa til Odelstinget vedrørande lover og lovforslag.

³⁵ Auglend 2004, s. 899.

³⁶ Auglend 2004, s. 899.

³⁷ Johansen 1989, s. 27+33.

³⁸ Sørensen & Brandal 2018, s. 84.

³⁹ Johansen 1989, s. 28.

Først ved innføringa av den nye politilova i 1927 vart spørsmålet om bruk av borgarvern for alvor slått fast. Men ettersom det var gått heile 7 år sidan departementet hadde levert si vurdering (Ot.prp. nr. 59 i 1920), og til lova faktisk vart vedteken og teken i bruk, vart åra mellom eit vakuum som spesielt dei politiske ordensverna utnytta. I desse sju åra nærmast eksploderte framveksten av borgarvern på bakgrunn av politiske forhold. Men til forskjell frå tidlegare då desse grupperingane ofte var opne om kven og kva dei var, vart borgarverna i desse åra i staden ofte kamuflert som noko anna enn dei faktisk var. Mellom anna vart mange borgarvern kamuflert som skyttarlag og pistolklubbar, eller «*«en frivillig sammenslutning av loyale samfunnsborgere»* som Samfundsvernet uttrykte.⁴⁰ Det fremste eksempelet på slike grupper var nettopp Samfundsvernet, som var eit resultat av at fleire mindre skyttarlag, pistolklubbar og «vennegjengar» slo seg saman under ein felles sjef og med felles organisering i 1923.⁴¹

Den nye politilova vart som nemnt endeleg vedteken av Odelstinget 19.mai 1927, og ein av dei viktigaste endringane i denne lova var at ein hadde inkludert ein paragraf som omhandla korleis ein skulle handtere både alt eksisterande og framtidige borgarvern. §21 i den nye lova slo fast at «*Frivillige ordensvern må ikke opprettes uten politimesterens samtykke, og må bare virke under hans ledelse. Den som oppretter eller er med i et ordensvern som ikke står under politimesterens ledelse, straffes med bøter eller med fengsel i op til 6 måneder.*»⁴² Denne formuleringa var eit svakt forsøk frå Justisdepartementet si side på å bremse framveksten av private militær-liknande grupperingar, samt anten innordne dei alt eksisterande borgarverna under politiet sin kontroll, eller tvinge dei som ikkje ville gå med på dette til å oppløyse sine grupper. Spesielt gjaldt dette Samfundsvernet, som berre eit år etter innføringa av det nye lovverket stod offentleg fram i media, ei offentleggjing som sannsynlegvis hadde som formål å tvinge styresmaktene til å handle. Då grupperinga tidleg var tydeleg på at dei ikkje ville oppløyse seg sjølv, og i frykt for konsekvensane det kunne ha å tvangsoppløyse gruppa, valde styresmaktene i staden å nærmast pålegge dei ulike politikontora å inngå ei form for samarbeid med lokale avdelingar av gruppa.⁴³ På same tid starta også, i følgje Lars Borgersrud, prosessen som etter ei tid gjorde at Samfundsvernet vart legalisert og fekk status som offisielt reservepoliti, med dei moglegheiter og rettigheter denne statusen gav.⁴⁴ Trond Klykken er ein av dei som meiner Borgersrud her tek feil, og at det

⁴⁰ Klykken 2013, s. 45.

⁴¹ Johansen 1989, s. 30.

⁴² Auglend 2004, s. 898.

⁴³ Klykken 2013, s. 54-55.

⁴⁴ Borgersrud 2010, s. 156.

likevel ikkje er riktig å seie at dei verken fekk offisiell status som reservepoliti eller at dei vart legaliserte, då motstanden mot dei både i Justisdepartementet og i politiet elles var svært stor.⁴⁵ Det høyrer også med til historia at Venstre og regjeringa Mowinckel, som var dei som sat med makta når denne slutninga vart gjort, i ettertid gav klart uttrykk for at denne avgjersla var eit stort feilgrep. Dette på tross av at Mowinckel i 1929 uttalte at «Samfundsvernet kan ikke sette et polititegn på sitt bryst uten politimesteren i vedkommende by eller vedkommende distrikt finner å ha bruk for det. Det er den store forskjellen fra tidligere (...) Hvis politiet ikke mener at det har bruk for Samfundsvernet, blir Samfundsvernet i sine hus.»⁴⁶ Tanken var nemleg at Samfundsvernet, gjennom å verte underlagt politimyndigheitene ville «dø hen som selvstendig organisasjon, fordi det selv efterhvert vil føle det ikke lenger vil være nogen bruk for det.»⁴⁷

2.2.3 Motstand mot frivillige ordensvern

Alt ved innføringa av lova i 1927 var som sagt motstanden betydeleg mot at ein ikkje hadde vore meir standhaftig mot borgarverna, og innført eit endeleg forbod. Arbeidet starta derfor nærmast augeblinkeleg med å få i orden ei strengare lov som skulle forby slike grupperingar. Det første steget på vegen mot å få til dette var innføring av lov om forbod mot å bære uniform eller anna «*iøinefallende tegn som utpeker bæreren som tilhenger av en politisk organisasjon eller meningsretning*».⁴⁸ Denne lova var i stor grad retta mot borgarverna på sosialistisk side som ved fleire høve dei siste åra hadde marsjert i mellom anna 1.mai-tog rundt omkring i landet iført uniformsliknande kledning, og gjerne også med armbind for å symbolisere si politiske forankring.⁴⁹ På borgarleg side, og spesielt i Samfundsvernet var bruken av uniform nærmast ikkje-eksisterande tidleg i grupperinga si historie.⁵⁰ Generalmajor Arne D. Dahl, ein av dei viktigaste skikkelsane i den tidlege oppbygginga av Samfundsvernet i Oslo, uttalte i eit intervju med Eivind Karsrud i 1985 at Samfundsvernet si «uniform» var ei alminneleg vindjakke, kanskje med tilhøyrande armbind.⁵¹ Formålet med denne var å vise kven som var i Samfundsvernet, og kven som ikkje

⁴⁵ Klykken 2013, s. 63.

⁴⁶ Mowinckel 1929, s. 17.

⁴⁷ Mowinckel 1929, s. 18.

⁴⁸ Auglend 2004, s. 898.

⁴⁹ Johansen 1989, s. 34.

⁵⁰ Klykken 2013, s. 100.

⁵¹ Karsrud 1985, s. 20.

var det, slik at ein i følgje Dahl ikkje «*fløy på hverandre*». Sjølv etter at grupperinga fekk «status» som noko i retning av reservepoliti, og dermed hadde rett til å bære uniform, var det likevel sjeldan dei faktisk gjorde dette.⁵²

Forbodet mot bruk av uniform og uniform-liknande materiell vart likevel berre eit nytt steg i retning av eit totalt forbod av borgar- og ordensvern, og var ikkje ei endeleg løysing i seg sjølv. I arbeidet med ny revisjon av Politiloven vart det derfor i Ot. prp 72 (1935) slått tydeleg fast at «*Frivillige ordensvern er en uting og bør ikke kunne opprettes og virke selv med politimesterens samtykke*».⁵³ Denne formuleringa kom til tross for at komitéen som var blitt sett ned i førekant for å utarbeid forslag om endringar hadde konkludert med at §21 frå 1927-lova, paragrafen som gav rom for ordensvern til å halde fram om politimeisteren gav sitt samtykke, kunne vidareførast i si dåverande form.⁵⁴ Dette forslaget vart derimot kontant slått ned, og fleirtalet i Justiskomiteén slo fast at den reviderte politilova skulle innehalde eit absolutt forbod mot private ordensvern. Måten ein gjorde dette på var enkelt og greitt å stryke den første setninga frå 1927-lova, og i staden erstatte denne med «*Private ordensvern må ikke opprettes*».⁵⁵ Strafferammene for eit slikt lovbrøt vart likevel vidareført, så den strengaste straffa ein kunne få for å opprette eller vere medlem av eit ordensvern var enda «berre» bot eller 6 månader fengsel.

Når styresmaktene no hadde innført eit absolutt forbod for ordensvern, trudde nok dei fleste at situasjonen var løyst. Mellom anna hadde ein gjennom lovendringa *tilsynelatande* lukkast med å kvitte seg med både Samfundsvernet⁵⁶, og fleire mindre arbeidar- og ordensvern på sosialistisk side. Dette viste seg derimot å ikkje stemme, då det ganske raskt etter lovforslaget vart offentleggjort byrja å vekse fram ein diskusjon om kva ein i lova la i omgrepet *ordensvern*. Var mellom anna grupper nytta til å halde orden i til dømes 1.mai-toget, eller vakthald i forbindelse med demonstrasjonar, å rekne som lovlege eller ulovlege ordensvern? På både borgarleg og sosialistisk side vart dette eit heitt tema, og ein forsøkte til det fulle å finne eit lite smothol ein kunne utnytte for å eventuelt få «eit overtak» på den politiske motparten. Derfor vart det alt i forarbeid til lova utarbeida ei forklaring på kva ein la i omgrepet, då visse grupper som lett kunne omtalast som ordensvern likevel ikkje kom inn under denne lovendringa juridisk sett. Her vart det mellom anna vist til ein høgsterettsdom frå

⁵² Klykken 2013, s. 134.

⁵³ Ot. prp 72 (1935), s. 22.

⁵⁴ Auglend 2004, s. 898.

⁵⁵ Auglend 2004, s. 899.

⁵⁶ Ein veit ikkje med sikkerheit at Samfundsvernet faktisk vart oppløyst i 1936, då det ikkje kan leggjast fram sikker dokumentasjon på dette (jmf. Agøy 2002, s. 589).

1933 der den framstående arbeidartimannen Oscar Torp vart skulda for å opprette ordensvern utan politimeisterens samtykke. Her vart eit av dei store spørsmåla kva definisjonen på eit ordensvern faktisk var. Ein kom her fram til at ein ikkje kunne rekne til dømes organisering av vakthald på privat eigedom eller liknande som juridisk straffbare ordensvern. Førehaldet var at desse gruppene berre hadde som føremål å drive passiv observasjon og kontroll, og der eventuelle spesielle hendingar skulle rapporterast til det ordinære politiet. Så fort eit slikt vakthald derimot kravde hyppig eller regelmessig bruk av fysisk vald eller maktbruk ville ein komme inn under lovforbodet, og dermed utføre ei juridisk straffbar handling.⁵⁷

2.3 Militæret, og «beleiringsloven»

Historikar Nils Ivar Agøy⁵⁸ innleiar si bok «Militæretaten og "den indre fiende" fra 1905 til 1940» med å seie at ein i 1918 fekk ein såkalla «hemmeleg hær» i Norge.⁵⁹ Denne hæren var ikkje ein ordinær ståande hær slik som resten av dei militære grupperingane, men i staden ei gruppe som vart sett saman som ein mobiliseringshær i påvente av eventuelle indre uro. Dei som vart vald ut til denne gruppa var ofte ikkje sjølve klar over at dei var del av denne gruppa, men vart i stor grad valt ut grunna at dei hadde sitt politiske standpunkt hjå dei borgarlege partia.⁶⁰ Agøy meiner at i 1920 talde «hæren» såpass mykje som omlag 22 000 mann.⁶¹ Bakgrunnen for opprettinga av denne mobiliseringshæren var den russiske revolusjonen året før, og den påfølgande radikaliseringa, ei særeigen norsk blanding mellom marxisme og syndikalisme, av den norske arbeidarrørsla og den politiske venstresida.⁶² Ein opplevde mellom anna til stadigheit streikar og lockoutar som følgje av stadige arbeidarkonfliktar.⁶³ I tillegg hadde Det Norske Arbeidarparti for alvor byrja vekse, og hadde frå 1915 rundt 33% oppslutning.⁶⁴ Denne «hæren» markerte eit radikalt element i dei militære kretsane i Norge, då militæret skulle halde seg upolitisk og nøytrale i innanrikspolitiske

⁵⁷ Auglend 2004, s. 900.

⁵⁸ Agøy er i visse kretsar svært omtridd, og har mellom anna i fleire artiklar i Historisk Tidsskrift kritisert arbeida til mellom anna Rolf Hobson og Lars Borgersrud.

⁵⁹ Agøy 1997, s. 1.

⁶⁰ Grunnen til at dei sjølv ikkje var klar over at dei var del av denne gruppa, var fordi gruppa aldri gjekk til aksjon, men i staden fungerte som reservestyrkar i påvente av eventuelle situasjonar.

⁶¹ Agøy 1996, s. 473.

⁶² Agøy 1996, s. 472.

⁶³ Dahl 1975, s. 15.

⁶⁴ Furre 1992, s. 62.

spørsmål. Rolf Hobson understrekar derimot at til tross for dette hadde det i Norge lenge vore ein tradisjon for at offiserskorpset var politisk aktive, og i visse tilfelle også aktivistiske.⁶⁵ I følgje Ottar Strømme eksisterte denne hemmelege hæren, som han meiner utelokkande var retta mot arbeidarklassa, heilt fram til krigsutbrotet i 1940.⁶⁶ Han meiner også at det sterke fokuset på beredskap mot «indre fiendar» i mange tilfelle kan påvisast å ha gått på kostnad av beredskap mot «ytre fiendar», og at dette mellom anna kan ha verka inn på invasjonen i 1940.⁶⁷

2.3.1 Militæret i bruk mot eigne landsmenn

Norge var ved utgangen av den første verdskrigen enda ein relativt ung stat, då det berre var gått 13 år sidan unionsoppløysinga frå Sverige. På desse åra hadde det norske militæret gått gjennom store endringar, då Norge etter lausrivinga frå Sverige for første gong sidan mellomalderen sjølv hadde full kontroll over alle delar av militærvesenet.⁶⁸ Det første ein måtte ta omsyn til etter 1905 var eventuelle hemnaksjonar frå Sverige, då mange svenskar, mellom anna innanfor det svenske militæret, ikkje støtta at Norge igjen var blitt ein sjølvstendig nasjon. På norsk side frykta ein derfor forsøk på invasjon eller ein krig frå det politisk ustabile Sverige, noko dei militære prioriteringane dei første åra etter unionsoppløysinga bar preg av.⁶⁹

Den nøytrale stillinga Norge valde å ta under den første verdskrigen gjorde at det norske militæret ikkje vart råka av dei store stridane som gjekk føre seg på kontinentet. Dette betydde likevel ikkje at militæret av den grunn var «i dvale» i denne perioden. Rolf Hobson skriv at ein alt frå 1917/1918, rundt det tidspunktet Agøy meiner «den hemmelege hæren» vart oppretta, nytta militære avdelingar i mellom anna arbeidarkonfliktar, politiske demonstrasjonar og sosial uro, noko spesielt arbeidarrørsla og den politiske venstresida reagerte svært negativt på.⁷⁰ Det vart mellom anna argumentert med at det var grunnlovsstridig av regjeringa å sette inn militærmakt mot sine eigne borgarar, med mindre

⁶⁵ Hobson & Kristiansen 2001, s. 25.

⁶⁶ Strømme 1978, s. 7.

⁶⁷ Strømme 1978, s. 9.

⁶⁸ Hobson & Kristiansen 2001, s. 16.

⁶⁹ Borgersrud 2010, s. 121.

⁷⁰ Hobson & Kristiansen 2001, s. 163.

denne «*skiplar den offentlege roa og ikkje skilst å så snart den sivile styresmakta tre gonger har lese høgt og tydeleg for forsamlinga dei lovføresegnene som gjeld opprør*». ⁷¹

Men bruk av militære styrkar i politiske situasjonar var likevel på langt nær ein ny situasjon i Norge. Heilt sidan 1814 hadde militæret vorte nytta til politiske formål. Det kunne vere Kongen som nytta dei for å legge press på Stortinget for å anten få gjennomslag for sine saker eller for berre å vise makt, slik mellom anna Karl Johan gjorde fleire gongar på 1820- og 30-talet, eller for å slå ned alt frå folkeopptøyer (til dømes bondeopprør) til 17.mai-feiringar. ⁷² Spesielt i dei to sistnemnde situasjonane kan ein seie at dei militære styrkane vart nytta som regelrette ordensvern av styresmaktene, på same måte som ein også hadde ordensvernsgrupperingar i folket elles. Og nettopp sivile ordensvern vart alt på 1880-talet ein stor debatt. Fram til då hadde ein hatt ei ordning med borgarlege ordensvern, såkalla borgarvæpning. Dette var eit militært organisert system, bemanna av borgar frå dei øvre klassene i dei store byane, som politiet mellom anna kunne rekne som reserve ved større uro. I 1881 vart denne ordninga oppheva, noko som gjorde at det vart lagt press på hæren om å overta denne oppgåva.

I første omgang såg ikkje verken militære mannskap eller offiserar noko problem med å bli nytta mot landsmenn, men Agøy spekulerer i om dette kan ha med å gjere at mykje av den militære leiinga på slutten av 1800-talet var svenskar, då denne oppfatninga endra seg raskt etter unionsoppløysinga. Då var det stadig fleire som uttrykte ubehag med å verte sett til såkalla «indre oppdrag». Agøy gjer det også klart at militærleiinga i høgste grad var bevisst på at forsvaret si prestisje vart svekka blant folk flest dersom dei vart nytta mot eigne borgarar, og at bruk av militære styrkar til slike formål i så fall måtte vere ein siste utveg. ⁷³ Spesielt skeptisk var ein til å nytte militæret mot arbeidarar, mellom anna under streikar og demonstrasjonar, då ein frykta at dette berre ville gjere saka verre. I tillegg hadde arbeidarrørsla alt eit klart antimilitaristisk standpunkt, eit standpunkt som neppe ville betre seg om militæret til stadigheit gjekk til angrep på dei. ⁷⁴ Men like fullt var det gjerne i slike situasjonar militæret vart sett inn mot sine eigne borgarar i tida før den første verdskrigen. Ei oversikt viser at militæret vart tilkalla for å støtte dei sivile myndigheitene ved ei rekke ulike høve i perioden 1905-1917, dei fleste av tilfella ved såkalla arbeidarkonfliktar. ⁷⁵

⁷¹ Kongeriket Noregs grunnlov § 99.

⁷² Agøy 1997, s. 28-29.

⁷³ Agøy 1997, s. 32.

⁷⁴ Dahl 2001, s. 46.

⁷⁵ Agøy 1997, s. 39.

2.3.2 «Beleiringsloven»

Like etter utbrotet av den første verdskrigen i 1914 vart det sett ned eit utval som skulle vurdere ulike måtar ein kunne handtere mellom anna større streikar.⁷⁶ Dette arbeidet vart raskt kopla saman med eit alt oppretta utval som skulle forsøke å utarbeide eit eige lovverk som skulle tre i funksjon ved ein eventuell krisesituasjon. I dag ville ein kanskje omtalt ein slik situasjon som ei «unntakstilstand», men på 1910-talet vart situasjonen helst kalla «beleiringstilstand».⁷⁷ Utvalet skulle derfor forsøke å utarbeide ei «beleiringslov». Bakgrunnen for at ein ynskte eit klarare lovverk i forbindelse med eventuelle krisesituasjonar, var den stadig aukande politiske uroa som råda store delar av Europa, og frykta for at denne spenninga til slutt ville ende opp som ein krig vart stadig meir reell. Dette gjorde at ein ynskte å få klarare retningslinjer for korleis ein skulle handtere til dømes invasjon, statskupp eller revolusjon. Det vart formulert at lova skulle gjelde «*Under krig eller naar krig frygtes, eller under indre uroligheter*».⁷⁸ Lova kunne dermed kome til nytte i situasjonar med ytre uro som invasjon eller krig. Men også indre uro som til dømes revolusjonsforsøk eller borgarkrig kom inn under lova sitt «nedslagsfelt», noko mellom anna Odd-Bjørn Fure kjem inn på.⁷⁹

Arbeidet med lova vart av naturlege årsaker sett delvis på vent grunna krigen, men hausten 1917 vart lovarbeidet igjen teke tak i. Ei av dei viktigaste årsakene til dette var at ein hadde byrja å sjå likskapar med situasjonen i Norge og dei sosiale og politiske spenningane i Russland, spenningar som kulminerte i Den russiske revolusjonen. Det første klare teiknet på dette kom når den norske arbeidarrørsla erklærte seg sjølv som revolusjonære.⁸⁰ I tillegg hadde det fleire stadar blitt skipa arbeidar- og soldatråd på arbeidsplassane etter russisk inspirasjon og modell.⁸¹ Så for ikkje å provosere arbeidarrørsla vart ordlyden endra til at lova var berekna til berre å gjelde «*Under krig, eller naar krig frygtes*». Denne formuleringa likna mykje på den tidlegare formuleringa, med det unntak at den siste delen som omhandla «indre uroligheter» var blitt teke bort frå formålsforklaringa, utan at dette i følgje Nils Ivar Agøy på nokon som helst måte betydde at lova av den grunn ikkje kunne nyttast mot indre fiendar.⁸² Lova slo mellom anna fast at i situasjonar der landet var i krig eller truga av krigsliknande

⁷⁶ Fure 1984, s. 537.

⁷⁷ Agøy 1997, s. 33.

⁷⁸ Agøy 1997, s. 80.

⁷⁹ Fure 1984, s. 538.

⁸⁰ Dahl 1975, s. 51.

⁸¹ Furre 1992, s. 71.

⁸² Agøy 1997, s. 80.

tilstander hadde Kongen, eller den han gav tillating, rett på å treffe dei tiltak vedkommande såg på som naudsynt for å oppretthalde ro og orden, samt sikre riket si sikkerheit. Vidare var det presisert at militære myndigheiter hadde rett på å kunne nytte våpenmakt for å oppretthalde orden utan å på førehand trenge å innhente tillating hjå sivile myndigheiter. Agøy meiner det er nettopp denne bestemminga som gjer at militæret dermed kunne gripe inn med våpen dersom den ansvarlege offiseren meinte det vart utført handlingar som truga offentlegheita.⁸³ Dette betydde samtidig at militæret i ein slik situasjon hadde myndigheit til å bruke våpen mot sivile.

At lova likevel var retta mot venstresida, mot arbeidarrørsla og Det Norske Arbeidarparti spesielt, er det lite tvil om. Odd-Bjørn Fure trekk mellom anna fram at tidspunktet for når lova vart vedteken er viktig å merke seg. Han seier at lova først vart diskutert i 1914, men ikkje vedteke før 4 år etter krigsutbrotet. Dette tilseier at det ikkje nødvendigvis var frykta for ein invasjon som var den utslagsgivande faktoren for utarbeidinga av lovforslaget, men i staden fare frå innanfor landegrensene. Samtidig var tidspunktet for at lovarbeid vart teke opp igjen samanfallande med den auka radikaliseringa av arbeidarrørsla, noko som kan leie ein i retning av å mistenke at lova i staden var eit forsøk på å få klar eit juridisk grunnlag slik at staten kunne gripe inn i tilfelle av ein revolusjon.⁸⁴ Fure påpeikar vidare at formålet og tidspunktet for lova skapte stor debatt i samtida, då svært mange meinte lovforslaget støtte mot fleire sentrale demokratiske prinsipp som mellom anna rettsikkerheit og rettsstaten.⁸⁵ Den sterke motstanden mot lova under stortingsdebattane gjorde at Stortinget, med regjeringa sitt samtykke, valde å utsette saka på ubestemt tid. Og som Agøy seier det; begge partar visste svært godt at dette betydde at lova dermed vart skrinlagt.⁸⁶ Dermed vart aldri lova vedteken eller teken i bruk, men intensjonen med lova var likevel tydeleg nok til at ein utan problem kan slå fast at styresmaktene alt på dette tidspunktet byrja førebu seg på kva som eventuelt kunne hende.

Som ein kan sjå var der, i så vel dei politiske som dei militære kretsane, rundt slutten av den første verdskrigen ei klar radikalisering som gav seg utslag i både arbeidarfiendtlege lovforslag og hemmelege reservestyrkar som skulle gripe inn dersom utviklinga i Norge gjekk i same retning som i mellom anna Finland og Russland.

⁸³ Agøy 1997, s. 81.

⁸⁴ Fure 1984, s. 538.

⁸⁵ Fure 1984, s. 540.

⁸⁶ Agøy 1997, s. 82.

2.4 Partipresse-omgrepet

Den norske partipressa er i følgje Rune Ottosen, professor emeritus i journalistikk ved «OsloMet – storbyuniversitetet», like gamal som dei norske politiske partia, og stammar i stor grad frå tida rundt innføringa av parlamentarismen i 1884.⁸⁷ Bakgrunnen var spørsmål om kva rolle og ansvar regjeringa skulle ha, om dei kunne møte i Stortinget, og kven regjeringa skulle svare for. Det danna seg raskt to synspunkt i denne saka, og som ein naturleg konsekvens av dette tok dei ulike avisene, som det i følgje Ottosen alt på midten av 1880-talet fantes i overkant av 100 av⁸⁸, eit standpunkt i saka. Dette vart i stor grad starten på det ein kan kalla *partipresse*, der avisene tok politisk standpunkt til ulike saker basert på «sitt parti» sitt synspunkt.⁸⁹ Ein hadde dermed fått ei splitting i avismediet mellom venstre- og høgreaviser. Seinare fekk ein også, sjølv før Arbeiderpartiet si grunnlegging i 1887, Arbeidaraviser/Arbeidarblad⁹⁰ som talte arbeidarane si sak, og bondeblad⁹¹ som var bøndene sitt talerøyr. Når vi snakkar om dei to «avispolane» er det likevel vanlegast å samle både venstre- høgre- og bondeblad under «paraplyen» Borgarpresse, medan dei sosialistiske avisene utgjer Arbeidarpressa. Ein kan difor seie at Venstre, Høgre, og frå 1920 Bondepartiet, sine partiaviser utgjorde den borgarlege pressa, medan Arbeiderpartiet (samt frå 1923, «Norges Kommunistiske Parti» og «Norges Socialdemokratiske Arbeidarparti») utgjorde arbeidarpressa.

2.4.1 Partipressa på 1920- og 30-talet

I 1921 hadde ein ikkje meir enn 37 aviser som rekna seg som arbeidaraviser.⁹² Til samanlikning hadde ein på same tidspunkt om lag 120 aviser som kan omtalast som borgarlege aviser.⁹³ Av desse var det store fleirtalet av aviser partiaviser tilhøyrande Høgre.⁹⁴ Dette betyr at ein hadde omlag fire gongar så mange aviser som talte dei borgarlege si sak enn arbeidarane si sak. Den viktigaste årsaka til dette var at Arbeiderpartiet var ein «nykommar» i

⁸⁷ Ottosen 2010, s. 17.

⁸⁸ Ottosen 2010, s. 26.

⁸⁹ Ottosen 2010, s. 19.

⁹⁰ Den første norske arbeidaravisa vart grunnlagt i Oslo alt i 1884, tre år før opprettinga av Arbeiderpartiet.

⁹¹ Norges første bondeblad kom ut alt i 1878 i Trondheim.

⁹² Kirkvaag 1935, s. 17.

⁹³ Her reknar eg med både venstre- og høgreaviser.

⁹⁴ Ottosen 2010, s. 52.

det politiske biletet, medan Høgre og Venstre hadde vore med heilt sidan starten på den norske partipolitikken.⁹⁵ Dette synleggjer den store forskjellen dei to politiske fløyene opplevde som eit utgangspunkt når ein ser på partipressa, noko som også til ei viss grad kan forklare kvifor dei borgarlege partia hadde såpass stor politisk suksess i denne perioden. Samtidig er det viktig å understreke at talet på dei sosialistiske avisene på dette tidspunktet var i sterk auke, medan dei borgarlege, spesielt venstreavisene, var på kraftig tilbakegang. På tross av at talet på arbeidaraviser auka på byrjinga av 20-talet opplevde dei like fullt store utfordringar og tilbakeslag. Årsakene til dette var mange, men den kanskje viktigaste var partisplittingane som føregjekk i Det Norske Arbeidarparti som konsekvens av diskusjonen rundt Moskva-tesane og medlemskap i Komintern. Som følgje av dette vart partiet splitta i tre ulike retningar, og med det også arbeidarpressa. Då kommunistane braut ut av moderpartiet i 1923 gjekk talet på Arbeidarparti-aviser ned frå 40 til 29, då 11 aviser følgde med kommunistane.⁹⁶ Dette talet kunne likevel vore verre hadde det ikkje vore for at partiet hadde kontroll over økonomien i mange av avisene, og på den måten kunne legge press på dei til å halde fram samarbeidet og lojaliteten til partiet.

Ei anna viktig årsak til arbeidaravisene sine problem på 1920-talet var det faktum at det norske samfunnet generelt sleit med store økonomiske problem i denne perioden. Konsekvensen var at arbeidsløysa auka kraftig, noko som igjen gjorde at visse stadar gjekk heile lesargruppa til arbeidaravisene utan inntektsnivande arbeid. Dette igjen førte til at mange aviser gjekk med kraftige underskot, og for nokre gjekk det så langt at dei måtte leggast ned. Også det faktum at mange borgarlege annonsørar valde å boikotte arbeidaravisene gjorde situasjonen for mange av publikasjonane ytterlegare vanskeleg.⁹⁷ I tillegg måtte mange av avisene reddast av Arbeiderpartiet og partiet sitt hovudorgan, Arbeiderbladet, som i motsetning til resten gjekk med stort overskot.⁹⁸ Lenge kan ein difor seie at det var Arbeiderbladet som heldt oppe dei andre arbeidaravisene gjennom lån og finansieringsordningar, ordningar som i mange tilfelle hindra ytterlegare nedleggingar.⁹⁹

Men også borgarpressa hadde sine problem på 1920-talet. Spesielt gjaldt dette for såkalla venstre- og bondepressa. For venstrepressa sine del var ein stor del av problemet at dei aldri greidde å få eit særleg tett og godt forhold til partiet Venstre. Noko av grunnen til dette

⁹⁵ «Nykommar» kan kanskje oppfattast misvisande, då partiet vart grunnlagt berre 3 år etter Høgre og Venstre, men først i 1903 fekk inn ein representant på Stortinget.

⁹⁶ Kirkvaag 1935, s. 18.

⁹⁷ Ottosen 2010, s. 38.

⁹⁸ Kirkvaag 1935, s. 20.

⁹⁹ Ottosen 2010, s. 41.

var at venstrepressa, på same måte som partiet, i lang tid hadde lege i ein mellomposisjon mellom borgarleg og sosialistisk side, ein posisjon som på 20-talet ikkje lenger var mogleg å oppretthalde. Fram til slutten av den første verdskrigen var Venstre gjerne sett på som det radikale partiet, ein posisjon Arbeiderpartiet då overtok. Dette førte til at partiet og venstrepressa nærmast opplevde ei identitetskrise. Konsekvensen vart at mange av venstreavisene, ofte på bakgrunn av redaktøren sin ståstad, vart langt meir høgreretta og konservative enn tidlegare. Mange av dei enda opp såpass langt mot høgre at det dei uttrykte støtte til mellom anna Fedrelandslaget, og vart vidare svært fiendtleg innstilt til sosialismen og arbeidarrørsla spesielt.¹⁰⁰ I mange tilfelle vart venstrepressa meir konservativt innstilt enn sjølve partiet, noko som ofte skapte gnissingar mellom dei. I tillegg utvikla det seg eit anstrengt forhold mellom partiet og hovudorganet, Dagbladet, eit forhold som nådde sitt botnpunkt då avisa, av partiet sjølv, vart offisielt stempla som «partifiende».¹⁰¹

For bondepressa var problemet derimot at partiet dei skulle vere talerøyr for var splitta i to ulike ideologiske retningar. Partiet si største avis og hovudorgan, Nation, valde å støtte den radikale fløya av partiet, ei fløy der mellom anna Vidkun Quisling seinare var ein av dei fremste skikkelsane. Mellom anna var Nationen ein av dei sterkaste drivkreftene for å få i stand eit samarbeid mellom Bondepartiet og Nasjonal Samling på 1930-talet.¹⁰² Dette gjorde at bondepressa si største avis hadde eit anstreng, og til tider fiendtleg forhold til Bondepartiet, og representerte eit meir radikalt syn enn partiet sjølv. Det er likevel viktig å understreke at bondepressa elles var positivt innstilte til partiet sitt, og støtta dei fullt ut gjennom heile denne perioden.

2.4.2 Samarbeidet mellom parti og partipresse

Måten partia og partipressa samarbeida på var i dei aller fleste tilfelle gjennom partia sine egne pressekontor. Arbeidarpressa hadde alt i 1912 fått sitt eige pressekontor, «Det socialdemokratiske Pressekontor», som i 1919 endra namn til «Arbeidernes Pressekontor».¹⁰³ Bondepartiet oppretta sitt kontor i 1920, og fekk dermed organisert dei ulike publikasjonane som høyrde til bondepressa.¹⁰⁴ Høgre på si side hadde som alt nemnd eit ganske stort tal på

¹⁰⁰ Ottosen 2010, s. 44.

¹⁰¹ Dahl 1993, s. 85.

¹⁰² Ottosen 2010, s. 50.

¹⁰³ Ottosen 2010, s. 38–39.

¹⁰⁴ Nielsen 2001, s. 53.

aviser, med fekk likevel ikkje i stand eit eige pressekontor før i 1925, noko som kanskje kan skuldast at høgrepressa ikkje hadde ei formell knyting til partiet slik som til dømes mange av arbeidaravisene hadde.¹⁰⁵ Venstre var derimot partiet som skilde seg ut frå resten gjennom å ikkje ha eit eige pressekontor. Faktum var at partiet så seint som på midten av 1930-talet ikkje eingong hadde ein eigen pressekorrespondent som kunne fungere som bindeledd mellom stortingsgruppa og venstrepressa, noko som nok kan skuldast det anstrengde forholdet mellom dei. Pressekontora si oppgåve var i stor grad å lage stoff for dei ulike partiavisene, mellom anna artiklar, kommentarar eller analyser av dagsaktuelle tema for å synleggjere dei ulike partia sine standpunkt. Ein av årsakene til at partia sine pressekontor spelte ei så viktig rolle, spesielt for borgarpressa, var det faktum at partia på høgresida styrte svært få av dei ulike publikasjonane. Sakene som kom på trykk var i mellomkrigstida ofte prega av å henge ut motparten, samtidig som ein sjølv skulle framstillast som den fornuftige og betre parten. Som ein konsekvens av dette bar spesielt Høgreavisene preg av det store fokuset på borgarleg side, frykta for den framveksande arbeidarklassa.¹⁰⁶ Arbeidarpressa vart i borgarpressa også gjerne referert til som «den marxistiske presse», og agitasjonen oftast tolka som revolusjonær og trugande uansett kva budskapet og intensjonen faktisk var.

I arbeidarpressa var fokuset på byrjinga av 20-talet prega av arbeidsløysa og krisetidene, og fokuset vart dermed i stor grad å samle arbeidarklassa til kamp mot undertrykkinga dei følte seg utsett for av borgarskapen og «bedriftseigarane». Ei av dei viktigaste sakene i denne perioden var arbeidarpressa sin motstand mot oppretting og bruk av såkalla borgarvern, og eventuelle trugslar om oppretting av eigne vernegrupper som motsvar. Ein kan dermed til ei viss grad forstå at borgarpressa til tider kunne tolke budskapet som revolusjonær og trugande, men dei mest aggressive sakene kom likevel berre frå eit mindretal av arbeidarpressa, nærmare bestemt frå Kommunistpartiet sine publikasjonar.

Seinare vart tonen i den sosialistiske pressa langt mindre aggressiv, og fokuset vende seg i staden mot å legitimere eit samla Arbeidarparti¹⁰⁷ i den nye og meir parlamentariske retninga dei hadde gått inn på.¹⁰⁸ Den ideologiske retningsendringa som gjekk føre seg i Arbeiderpartiet i etterkant av katastrofevalet i 1930, der partiet miste 12 mandat på Stortinget, spela dermed også inn på arbeidarpressa. Ein tok større avstand til kommunismen, og inntok

¹⁰⁵ Ottosen 2010, s. 52.

¹⁰⁶ Calmeyer & Mathisen 1974, s. 45.

¹⁰⁷ Det Norske Arbeiderpartiet og Det Sosialdemokratiske Arbeiderparti slo seg saman i 1927, etter å ha vore to separate parti etter Komintern-konflikta i 1923, medan Norges Kommunistiske Parti heldt fram som eige parti.

¹⁰⁸ Kirkvaag 1935, s. 21.

eit meir «stovereint» sosialistisk og parlamentarisk standpunkt. Konsekvensen av dette vart at både partiet og arbeidarpessa opplevde ein stor framgang i åra som kom, ved at samtidig som partiet fekk auka oppslutning igjen, byrja det også å vekse fram stadig nye arbeidaraviser.¹⁰⁹ Dette igjen bekreftar det inntrykket ein hadde av at samanhengen mellom parti og presse var sterk, og at dei på mange måtar var avhengige av kvarandre for å oppnå den nødvendige framgangen.¹¹⁰ Resultatet vart uansett at partiet alt i 1935, fem år etter katastrofevalet, hadde oppnådd såpass stor framgang at ein fekk eit «regimeskifte» i Norge. Då hadde nemleg Arbeiderpartiet gått saman med Bondepartiet og danna den første permanente Arbeidarparti-regjeringa¹¹¹, ei regjering som symboliserte starten på ein 30 år lang Arbeidarparti-dominans.¹¹²

¹⁰⁹ Kirkvaag 1935, s. 23.

¹¹⁰ Ottosen 2010, s. 42.

¹¹¹ Den første Arbeiderparti-regjeringa var regjeringa Hornsrud som berre fekk sitte i 19 dagar mellom 28.01.28-16.02.28, før den vart kasta til fordel for Mowinckel si andre regjering.

¹¹² Ottosen 2010, s. 41.

3. Samfundsvernet, frå rykte til realitet, 1923-1926

I dette kapitelet, det første av i alt fire empiriske kapitel, vil eg sjå nærmare på korleis Samfundsvernet vart framstilt, omtalt og karakterisert av media i si eiga samtid. Perioden og i dette kapitelet vil ha eit spesielt fokus på er åra 1923-1926. Eg vil her fokusere på korleis media, gjennom si pressedekning, fekk fram sitt synspunkt på Samfundsvernet gjennom framing av gruppa. For å få eit balansert bilete av dekninga har eg valt å sjå nærmare på korleis omtalen av Samfundsvernet vart gjort i ulike avispublikasjonar, der nokre aviser i stor grad har eit positivt syn på grupperinga, medan andre aviser har eit meir anstrengt og negativt syn til dei. Mellom anna vil eg sjå på «flaggskipet» av den sosialistiske partipressa, Arbeiderbladet.¹¹³

Den største avisa på borgarleg side, Aftenposten, hadde svært lite stoff om Samfundsvernet dei første åra, så denne publikasjonen vil ikkje verte nytta i dette kapitelet. Av borgarlege aviser vil eg derfor i større grad sjå nærmare på partipresse tilhøyrande så vel Bondepartiet som Venstre. Her vil ein mellom anna sjå at det ikkje nødvendigvis var ein automatikk i at sosialistiske aviser var negativt innstilt, medan dei borgarlege var langt meir positive. Det vil vere logisk å studere i kva grad, og ikkje minst korleis avisene argumenterte for sine syn, og kva verkemiddel som i så fall vart teke i bruk. Eg vil ved hjelp av ulike eksempel frå avisene i kronologisk orden analysere korleis Samfundsvernet var presentert i media i si samtid. Der avisene eventuelt omtalte dei same hendingane vil eg legge spesielt vekt på korleis dei på ulike måtar framstiller desse, og vil dermed gå meir i djupna på desse. Men som ein skal sjå var det dei første åra svært få eksempel på at avisene omtalte dei same hendingane, då det den første tida nærmast utan unntak var den sosialistiske pressa som skreiv om Samfundsvernet.

¹¹³ Avisa var faktisk såpass tett knytt til Arbeiderpartiet at så seint som i 1975 vart redaktøren for avisa vald på partiet sitt landsmøte, og fekk automatisk ein plass i partileiinga. (Flo 2010, s. 78).

3.1 Innsikt i søkemåte og resultat

Publikasjon	Antall treff "Samfundsvernet" i NB															
	Høgreavis			Venstreavis			Arbeidaravis			Bondeavis						
	1923	1924	1925	1926	1927	1928	1929	1930	1931	1932	1933	1934	1935	1936	1923-1936 (totalt)	
Aftenposten	0	1	0	1	1	11	15	13	3	10	8	1	3	5	72	
Dagbladet	3	2	3	0	0	11	27	27	5	19	12	0	25	9	143	
Nasjonen	0	1	4	0	0	7	14	11	1	6	2	0	1	3	50	
Bergens Tidende	0	0	2	0	0	0	19	7	0	5	4	0	0	0	37	
Adresseavisen	0	1	3	0	0	5	12	7	5	6	4	0	0	0	43	
Morgenbladet	0	2	1	1	0	5	8	8	1	8	6	1	0	4	45	
Akershus Arbeiderbl	1	1	0	0	0	4	17	5	3	3	0	0	3	1	38	
Arbeiderbladet	7	6	6	1	1	19	64	29	9	18	16	2	17	23	218	
ABC	Opprettet 1932										3	1	0	1	3	8
	11	14	19	3	2	62	176	107	27	78	53	4	50	48	654	

Figur 1: Oversikt over omtale av Samfundsvernet i eit knippe aviser etter år og politisk tilhørsle

I figuren over ser ein resultatet av eit enkelt søk eg gjorde i Nasjonalbiblioteket si store oversikt over aviser. Her la eg inn søkeordet «Samfundsvernet», og noterte ned kor mange treff eg fekk i ei rekke ulike aviser kvart år grupperinga eksisterte. Dette gjorde eg av fleire ulike årsaker. Den første var for å få ei oversikt over kor mykje som var skrive om grupperinga, samt kva aviser som fokuserte mykje på dei. I tillegg var oversikta grei å ha for å identifisere tidsperiodar der grupperinga var meir i media sitt søkelys enn andre periodar. Som ein kan sjå av tabellen var det spesielt tre avispublikasjonar som hadde mykje stoff om gruppa; Aftenposten, Arbeiderbladet og Dagbladet. Det kan derfor vere hensiktsmessig å fokusere på desse publikasjonane. Fordelen med eit slik søk er at ein kjapt får ei relativt grei oversikt over materialet, samtidig som ein kan gå meir spesifikt inn på tala for enkeltaviser eller årstal. Minuset eller ulempa med eit slikt søk er at det ikkje er 100% sikkert at alle saker som omhandlar Samfundsvernet vert plukka opp, då mellom anna skrivemåte kan ha gjort at søkemotoren ikkje har greidd å identifisere alle treff ein eventuelt kunne fått. Eg har difor også gjort nytte av andre søkeord, som til dømes namn på leiarar, for å potensielt finne fleire saker som omhandlar Samfundsvernet. Som ein kan sjå av publikasjonane eg har markert i blått, dei konservative avisene/høgreavisene, var omtalen av Samfundsvernet heller låg heilt fram til 1928. Det er likevel sannsynleg å tru at fleire saker knytt til Samfundsvernet er å finne i utgåver også før dette, men som søkemotoren ikkje har greidd å fange opp. Det ville til dømes vere svært underleg om ikkje Aftenposten, hovudorganet til Høgre som var ein av dei fremste drivkreftene for dei borgarlege ordensverna sin eksistens, ikkje omtalte Samfundsvernet meir enn 3 gongar i løpet av 5 år.

3.2 Den tidlege fasen 1923-1926

Trond Klykken skriv at ein alt i mai 1923 kjem over namnet «Samfundsvernet» for første gong.¹¹⁴ Den første gongen namnet vart lansert var i eit opprop utsendt av leiinga i den antikommunistiske organisasjonen «Borgernes Samfund». Bodskaen var at ein burde opprette ei gruppering som hadde som formål å «værne vort bestaaende samfund mot kommunistiske forsøk på oprør og vold» og «aktivt værn for vor bestaaende samfundsordning og mot samfundsnedbrytende kræfter i vort land».¹¹⁵ Med andre ord eit borgarvern som skulle verne det borgarlege samfunnet mot trusselen kommunismen representerte. Visjonen som vart presentert i oppropet vart ein realitet alt i byrjinga av juni same året, då nemnde «Borgernes Samfund» og ei anna liknande gruppering, «Sammenslutningen av 1923» valde å slå seg saman med ein felles sjef.¹¹⁶ Den første sjefen vart major Johan Tidemand Sverre, sjølv om mange, av dei også Sverre sjølv, meinte at den reelle leiaren den første tida var rittmeister Christopher Fougner.¹¹⁷ Fougner var ein av dei fremste forkjemparane for opprettinga av Samfundsvernet, og var i denne perioden også leiar for Norges Samfundshjelp.¹¹⁸ Planen var alt frå starten av å i det stille rekruttere medlemmar gjennom sommaren, for så å gå ut i avisene med ei offentleggjering i august, for på den måten å rekruttere enda fleire aktive «vernarar». Rekrutteringa gjekk derimot dårleg den første tida, og den planlagde offentleggjeringa gjennom ei serie av tre antikommunistiske artiklar i ei rekke borgarlege aviser vart avslørt av avisa Ny Tid 17.august, dagen før den første artikkelen skulle ha kome på trykk.¹¹⁹ Resultatet var at det berre var *Norges Handels og Sjøfartstidende*¹²⁰ av dei større borgarlege avisene som valde å trykke artiklane, og då berre dei to første «Samfundets ruin» og «Naar vaakner vi?» høvesvis 18. og 25.august.¹²¹

Dei første sentrale medlemmane av grupperinga hadde i stor grad bakgrunn frå militæret, og kom frå offiserskorpset, og var med andre ord leiande skikkelsar innanfor dei ulike militære greinene. Dette gjorde mellom anna at oppbygginga av Samfundsvernet likna til forveksling det ein kunne finne i hæren, garden og liknande. I sentrale roller kunne ein i

¹¹⁴ Klykken 2013, s. 27.

¹¹⁵ Klykken 2013, s. 96-97.

¹¹⁶ RA/PA-0664/D/L0001. I mappe: Samfundsværnet. «S.V. Rapport ved aarsskiftet 1924/1925», s. 3.

¹¹⁷ Borgersrud 2010, s. 195.

¹¹⁸ Samfundshjelpen var ein organisasjon som hadde som formål å halde i drift bedrifter og verksemder som var ramma av streik, og var dermed på mange måtar ein organisasjon som organiserte streikebryting for at bedriftene ikkje skulle verte for hardt ramma av streikande arbeidarar.

¹¹⁹ Klykken 2013, s. 29.

¹²⁰ Norges Handels og Sjøfartstidende går i dag under namnet Dagens Næringsliv.

¹²¹ Klykken 2013, s. 29.

byrjinga i tillegg finne legar, arkitektar og tidlegare stortingsmenn.¹²² Av ordinære medlemmar i Oslo i perioden 1923-1925 kunne ein finne alt frå studentar¹²³ til kjøpmenn og ingeniørar.¹²⁴ Slik sett kan ein trygt seie at den yrkesmessige og sosiale bakgrunnen til Samfundsvernet sine «ordinære» medlemmar i denne første perioden var stor.

3.3 1923-1926, frykta for klassekrig

Alt i juli 1923 kan vi sjå at Arbeiderbladet omtalte Samfundsvernet. Første gong vi ser grupperinga nemnd i media er i ein artikkel med namnet «Hestehoven» trykt 3.juli 1923.¹²⁵ Formålet med artikkelen var å angripe den nyleg oppretta foreininga «Skattebetalernes foreining», som omtalte seg sjølv som upolitisk. Arbeiderbladet meinte likevel å kunne motvise dette ved å trekke fram at fleire av dei som sat i sentrale posisjonar i foreininga også hadde ei knyting til «fascistorganisationen» Samfundsvernet. Saka omhandlar med andre ord ikkje Samfundsvernet direkte, men grupperinga vart likevel nærmast tilfeldig omtalt, og karakterisert som fascistisk. Her er det viktig å understreke at dette stempelet må ha vore basert på rykte som gjekk om grupperinga, då Samfundsvernet på dette tidspunktet var nyopprett. I tillegg skal ein ikkje undervurdere verknaden ordet *fascisme* hadde på dette tidspunktet, berre eit knapt år etter Mussolini si maktovertaking i Italia, ei hending som naturleg nok også hadde sine tilhengarar og motstandarar i Norge. Også den første artikkelen i Arbeiderbladet der Samfundsvernet er hovudfokuset spelar i stor grad på ordet *fascisme*. Alt i overskrifta, som ber namnet «Fascisterne i arbeide», vert *fascisme*-omgrepet brukt som ei form for direkte framing. Artikkelen ber preg av at ein hadde fått betre innsikt i kven og kva Samfundsvernet faktisk var, då ein hadde fått tak i mellom anna brev og *cirkulære* (Rundskriv) grupperinga hadde sendt til aviser og nære støttespelarar. Og på tross av at desse skriva aldri verken omtalte fascismen eller snakka om dette i positive ordlag, tolka Arbeiderbladet budskapet i den retninga. Avisa gjekk til og med så langt som å seie at den nye organisasjonen og deira medlemmar var «*talsmend for Mussolinis evangelium*», og viste dermed at arbeidarprensa såg føre seg at borgarklassa ville nytte vald for å hindre sosialistisk innflytelse i samfunnet, på same måte som i Italia.

¹²² Klykken 2013, s. 109.

¹²³ Trond Klykken meiner å ha kome fram til at rundt 50% av desse vert rekna som «uspesifiserte studenter», men elles er mesteparten av studentane det vi kan rekne som akademikarar, og dermed del av borgarklassa.

¹²⁴ Klykken 2013, s. 115.

¹²⁵ Arbeiderbladet, 03.07.1923.

3.3.1 «Den hvite garde»

Den 20. juni 1924 gjekk Arbeiderbladet igjen til angrep på Samfundsvernet, og denne gongen tok dei nye ord og karakteristikkar i bruk.¹²⁶ Der grupperinga i dei sosialistiske avisene fleire gongar tidlegare hadde blitt omtalt som fascistiske, om enn utan faktisk å kunne vise til det, vart dei i artikkelen ved namn «Provokasjon» i større grad karakterisert som ei *kvite garde*. Dette omgrepet stammar opphavleg frå den franske revolusjonen, der motstandarar av revolusjonen samla seg under Bourbon-dynastiet si kvite fane.¹²⁷ Omgrepet vart igjen teke i bruk under den russiske borgarkrigen¹²⁸ og den finske borgarkrigen¹²⁹, der dei antirevolusjonære eller antikommunistiske grupperingane gjerne vart kalla «kvite gardar» eller «Den Hvite Armé». Motsatsen til dei kvite gardane vart naturleg nok dermed «raude gardar», eit omgrep som også stamma frå Den Russiske Revolusjonen.

I den nemnde artikkelen i Arbeiderbladet vart diskusjonen rundt raude og kvite gardar for alvor sett på dagsordenen. Saka var ein kommentar/reaksjon på ei utsegn som kom i Stortinget dagen før, der det vart uttalt at det var kommunistane sjølv, gjennom oppfordring til danning av raude gardar, som var skuld i at borgarskapet no gjekk til det skritt å væpne seg. Avisa forsøkte derfor å motvise dette ved å vise til at lenge før kommunistane agiterte for ein klassekamp hadde borgarskapet hatt eigne klassehærar, nemleg Hæren og Garden. Det avisa meinte med dette var at mange av dei leiande skikkelsane i desse militære avdelingane høyrde til det ein gjerne omtalte som borgarskapet, noko som gjorde at kommunistane og sosialistane såg føre seg at desse nytta sine avdelingar som hærstyrkar for borgarskapet. Avisa meinte derfor det var verdt å merke seg at mange av dei som dermed hadde vore del av denne «klassehæren» no også var framstående og sentrale medlemar av mellom anna Samfundsvernet, og at denne gruppa dermed også kunne reknast som ein klassehær for borgarskapet. Dei argumenterte vidare med at arbeidarklassa var uvæpna, og dermed ikkje ein trussel for borgarskapet. Men når desse likevel hadde sett seg nøydde til å opprette væpna grupperingar måtte dei vere førebudd på ein reaksjon frå arbeidarane.

På tross av dei mange åtvaringane Arbeiderbladet dei første åra sende ut med tanke på Samfundsvernet kom det likevel fram at dei ikkje såg på dei som ei direkte fare på det

¹²⁶ Arbeiderbladet, 20.06.1924.

¹²⁷ «Hvite styrker», i Store Norske Leksikon.

¹²⁸ Den russiske borgarkrigen varte frå 1918 til 1920, og var eit forsøk på ein kontrarevolusjon frå offiserskorpset i Sør-Russland etter Lenin si maktøvertaking.

¹²⁹ Brukt om dei sigrande regjeringsstyrkane leia av Carl Gustaf Mannerheim.

aktuelle tidpunkt. I ein artikkel med namn «En fare», som kom på trykk 14. juli 1924 vart dette vidare presisert.¹³⁰ Her skreiv dei at Samfundsvernet, så vidt Arbeiderbladet var kjent, hadde hatt lite suksess med tanke på tiltrekke seg medlemmar. Avisa ynskte derimot å åtvare sine lesarar om at dette var ein situasjon som raskt kunne endre seg, då dei såg føre seg at dersom grupperinga først fekk tilslutning ein stad kunne det fort kome til å spreie seg raskt. Avisa bad derfor arbeidarane om å samle seg til felles kamp mot desse «streikebryteorganisasjonane», og legge bort eventuell indre usemje til fordel for den samla arbeidarklassa sitt beste. Utsaknet kan på mange måtar oppfattast aggressivt og trugande, men viser samtidig den fare dei ser i Samfundsvernet dersom ein ikkje raskt slo tilbake mot den trusselen denne gruppa kunne representere, og at ein dermed retorisk sett oppfordra til sjølvforsvar.

3.3.2 «Den fascistiske organisasjonen Samfundsvernet»

Linken til den italienske fascismen kom stadig opp i artiklane Arbeiderbladet utarbeida om Samfundsvernet. I ein artikkel frå mai 1925 vart det stilt spørsmål om Samfundsvernet og dei andre såkalla kvite gardane var utelokkande defensive grupperingar, eller om dei hadde angrepsambisjonar.¹³¹ Grupperinga sjølv påstod at dei berre hadde defensive planar og at dei berre ville gått til angrep om dei sjølv vart angripe først. Arbeiderbladet slo denne påstanden tilbake ved å argumentere med at «*Selv de fascistiske slaktergarder i Italia utgir seg for å være defensive*». Her kan ein tenke seg at omgrepet «slaktergarde» direkte refererte til at fascistiske squadristi¹³² sommaren 1924 drap den sosialistiske opposisjonsleiaren Giacomo Matteotti.¹³³ Denne hendinga førte til den såkalla «Matteotti-krisa», samt ei radikaliserings av den italiske fascistiske rørsla.

Og nettopp «fascisme-framen» var flittig i bruk i omtalen av Samfundsvernet, om enn med lite eller ingen bevis for å underbygge påstanden. Men i ein artikkel med namnet «Opsiktsvekkende opplysninger om Samfundsvernet» meinte Arbeiderbladet den 20. august 1925 at dei kunne bevise nettopp dette.¹³⁴ Her hadde dei, i følgje seg sjølv, funne klare bevis på at Samfundsvernet følgde den fascistiske ideologien. Faktum er at dette var missvisande,

¹³⁰ Arbeiderbladet, 14.07.1924.

¹³¹ Arbeiderbladet, 11.05.1925.

¹³² Squadristo var paramilitære fascistiske grupper, og kan delvis samanliknast med Samfundsvernet i Norge.

¹³³ Paxton 2004, s. 109.

¹³⁴ Arbeiderbladet, 20.08.1925.

då artikkelen ikkje kom inn på korleis grupperinga eventuelt kunne «avslørast» som fascistisk. Saka hadde heller som formål å svekke truverda til Samfundsvernet, heller enn å avsløre dei fascistiske tendensane. I etterkant av at eit medlem av Samfundsvernet vart arrestert for eit overfall hadde Arbeiderbladet fått både rittmeister Fougner og major Sverre, to av dei fremste skikkelsane i organisasjonen, i tale. Her var dei mellom anna ute etter å få informasjon om samarbeidet mellom Samfundsvernet og Samfundshjelpen, to organisasjonar som for sosialistane gjerne vart oppfatta som ein stor organisasjon, om enn som to ulike avdelingar. I saka greidde Arbeiderbladet, etter kva som kom fram, å stille Sverre og Fougner sine utsegn opp mot kvarandre. Fougner meinte dei to grupperingane ikkje hadde særleg med kvarandre å gjere, og i alle fall ikkje så tett knytt til kvarandre som Arbeiderbladet meinte. Sverre på si side meinte Samfundsvernet burde reknast som ei underavdeling eller ei grein av Samfundshjelpen, og at det derfor vart feil å omtale førstnemnde organisasjon som ein sjølvstendig paramilitær organisasjon. Sverre meinte Samfundsvernet si oppgåve hovudsakleg var å verne medlemmane av Samfundshjelpen dersom dei vart angripen av streikande arbeidarar og politiet ikkje kunne hjelpe til, og heldt dermed fast på at grupperinga berre hadde defensive oppgåver jamfør utsegna om dei italienske «slaktergardene» på førre side.

Ved å sette dei to utsegna opp mot kvarandre forsøkte avisa å svekke truverda til både dei to aktuelle personane, men også både Samfundsvernet og Samfundshjelpen. Samtidig fekk dei det til å verke som dei to fremste antikommunistiske grupperingane på høgresida var ueinige, og at eit eventuelt samarbeid ikkje fungerte optimalt. I dag veit vi at Sverre var den som var nærmast sannheita og mest ærleg, då Samfundsvernet vart finansiert av Samfundshjelpen. I byrjinga var fordeling 1/3 til Samfundsvernet og 2/3 til Samfundshjelpen, men dette endra seg etter kvart til at Samfundsvernet fekk størsteparten.¹³⁵ Spesielt utanfor Oslo-området var Samfundsvernet og Samfundshjelpen i stor grad ein og same organisasjon.¹³⁶ Likevel er det fullt forståeleg at ikkje Fougner ville blottstille heile organisasjonsapparatet for «fienden», og at han derfor valde å nekte for all form for samarbeid mellom dei to gruppene. Arbeiderbladet verkar likevel å ikkje heilt tru på det Fougner uttaler, og konkluderer med at dei to leiande skikkelsane nok begge held ting skjult, og at ein må halde fram med å vere på vakt.

¹³⁵ P.M signert O.Fougner, utan nøyaktig datering. RA/PA-0664/D/L0001. I mappe: «Samfunnshjelpen, Samfundsvernet 1923-32».

¹³⁶ Klykken 2013, s. 106.

Det ein med sikkerheit kan slå fast basert på venstresida si omtale og dekning av Samfundsvernet dei første 2-3 åra er at dei såg på grupperinga som ein potensielt trussel mot deira eige politiske og samfunnsmessige synspunkt. Dette kjem mellom anna godt fram i ei sak i Norges Kommunistblad såpass tidleg som 19.november 1923.¹³⁷ Her vart det sagt at «*Fascistcentralen i Kristiania, det såkalte samfundsvern, er i travel virksomhet. (...) med det formaal aa slå kommunistene og hele arbeiderklassen ned med vold og makt. (...) I alle byer og industristeder dannes fascistiske celler.*». Gjennom å karakterisere grupperinga som fascistisk, ein kvit garde/kvite hærstyrkar og direkte kommunistfiendtlege, forsøkte den sosialistiske og kommunistiske [parti]pressa å vekke til live ei spesiell kjensle hjå sine lesarar. Sjølv om dei ikkje nødvendigvis sa det rett ut, forsøkte dei gjennom sine saker om Samfundsvernet å gjere lesarane klar over at ein måtte førebu seg på at det kan verte ein klassekamp mellom arbeidarklassa og borgarklassa. «Norges Kommunistblad» gjekk til og med så langt som å snakke om ein potensiell borgarkrig i ein artikkel datert 04.mars 1925.¹³⁸ I denne artikkelen kom ein også inn på korleis borgarskapet og «rikfolk» hadde latt seg lure av skremselspropagandaen, og på dette tidspunktet var desperate etter å sikre si stilling. Ein kan difor tolke dette som at dei oppfatta Samfundsvernet som eit symbol på mellom anna den borgarlege fiendtlegheta mot arbeidarrørsla og alt som borgarskapet kunne oppfatte som ein trussel mot den dåverande samfunnsordninga og borgarskapet sine sosiale fordelar som følgje av denne.

Kanskje det klaraste eksempelet på framing om at grupperingar som Samfundsvernet berre er ein klassehær for «rikfolket» sitt ynskje om vern, finn vi i den nemnde Arbeiderbladet-artikkelen «Provokasjon» frå 20.juni 1924.¹³⁹ Her vart både Hæren, Garden og Samfundsvernet framstilt som borgarskapet sine klassehærer. Det vart vist til at Hæren og Garden i prinsippet skal kunne nyttast mot begge partar dersom det skulle bryte ut kampar, men dette mistenkte Arbeiderbladet berre var på papiret. Avisa uttalte «*At til garden (...) utvelges mannskapene med den største omhygge, ikke efter personlige kvalifikasjoner, men efter sin sosiale stilling (...) slik at der til ordensvern innkalles «sikre» tropper*». Dei såg vidare på Samfundsvernet og liknande grupperingar som nærmast sivile greiner av militæret. Dette poengterte dei ved at offiserskorpset i aller høgste grad var involvert i desse gruppene både gjennom organisering av gruppene og som sentrale medlemar. Når ein i tillegg tok med i

¹³⁷ Norges Kommunistblad, 19.11.1923. Her kan det også vere greitt å nemne at dette berre var 10 dagar etter Hitler sitt mislukka «ølkjellerkupp» i München, noko som ganske sikkert farga omtalen av slike grupper

¹³⁸ Norges Kommunistblad, 04.03.1925.

¹³⁹ Arbeiderbladet, 20.06.1924.

berekninga at Samfundsvernet berre eit år etterpå skulle få ein ny leiar som tidlegare også hadde vore leiar for Garden, kan ein på sett og vis gje Arbeiderbladet delvis rett i denne påstanden. I artikkelen vart det også oppfordra til at arbeidarane burde halde fram med sitt gode arbeid, men samtidig ikkje oppelde til kamp, då dei mistenkte at det var nettopp dette borgarskapet håpte og venta på skal hende. Dette betydde likevel ikkje at arbeidarklassa berre skulle late borgarskapen halde fram med «den kapitalistiske provokasjonen». Avisa bad arbeidarane førebu seg både økonomisk og fysisk på kva som kunne kome, heller enn å berre snakke om kva ein burde gjere. Arbeidarklassa vart oppmoda om å stå samla mot denne trusselen, då avisa meinte dette var den einaste måten ein kunne slå dei ned på.

3.4 Den manglande dekninga på borgarleg side

Å snakke om dei borgarlege avisene si dekning og omtale av Samfundsvernet i denne perioden er ikkje så enkelt, rett og slett grunna manglande materiale. Årsakene til dette kan mellom anna vere at ein ikkje ønskte «avsløre» for mykje, samt at grupperingane i seg sjølv gjerne ikkje var så opne for å spreie for mykje informasjon om seg sjølv og sine planar. Som tidlegare nemnd vart ikkje Samfundsvernet særleg omtalt i dei borgarlege avisene før ut på siste halvdel av 1920-talet, som ein også kan lese ut frå Figur 1 i dette kapitelet. Desse avisene fokuserte i større grad på å snakke om motparten, dei som gjerne av borgarskapet vart oppfatta som kommunistar. Men ein greier likevel å finne nokre eksempel frå ulike aviser med politiske sympatiar på den borgarlege sida. Det som karakteriserer den tidlege omtalen er kor ulike oppfatningar ein hadde basert på kva for eit av dei borgarlege partia ein «sokna» til, eit teikn på at den politiske høgresida var fragmentert og splitta knytt til spørsmålet alt på dette tidspunktet.

3.4.1 Venstrepressa sitt syn

Eit ganske interessant eksempel, som også illustrerer den underlege posisjonen Venstre og deira presse hadde, finn vi i Dagbladet alt 13.juli 1923.¹⁴⁰ I ein artikkel som ber namnet «Statskupp og bondeparti» gjekk Dagbladet i strupen på Bondepartiet og deira

¹⁴⁰ Dagbladet, 13.07.1923.

hovudorgan Nationen¹⁴¹ gjennom ei rekke skuldingar. Desse gjekk ut på at Bondepartiet og advokat Albert Balchen gjennom si partipresse oppfordra til å felle regjeringa og dermed gjennomføre statskupp. I artikkelen kom dei inn på at advokat Balchen, eller «petit-Mussolini» som dei kalla han, i tillegg til å vere eit sentralt medlem av Bondepartiet også var leiar for «*Norges lille latterlige fascistklubb Samfundsvernet*». Balchen hadde også tidlegare vore i Dagbladet sitt søkelys, då han i juni 1923 vart trekt fram som leiar for både Skattebetalernes Foreining, ei foreining som i utgangspunktet skulle vere upolitisk og nøytrale, og «den sterkt fascistisk anløpne foreining, Samfundsvernet». Dagbladet meinte her at denne rolleblandinga var svært uheldig, då Balchen dermed ikkje kunne vere ein nøytral part. Utan å nødvendigvis seie det rett ut, viste Dagbladet her ein klar skepsis/fiendtleg haldning til Samfundsvernet og gruppa sitt arbeid, samt motstand mot at medlemmar av grupperinga også skal halde offentlege verv. Spesielt det sistnemnde skulle vise seg å verte ein gjennomgangsmelodi i venstrepressa. Ein kan dermed med sikkerheit fastslå at Dagbladet alt på det tidlege stadiet av ikkje såg på Samfundsvernet med positive auge, men i staden meinte grupperinga kunne oppfattast som eit latterleg forsøk på å innføre ein fascistisk ideologi i Norge.

3.4.2 Bondepressa sitt syn

Der Dagbladet viste klar mistru og motstand mot Samfundsvernet, var derimot Nationen alt frå starten av ei avis som gjerne tok Samfundsvernet i forsvar og talte grupperinga si sak, ofte til stor forarging for dei sosialistiske avisene. Mellom anna vart Nationen i ein artikkel i Arbeiderbladet 22. august 1925 skulda for å vere eit regelrett fascistorgan, ei avis som talte fascismen si sak.¹⁴² Omtalen kom dagen etter at Nationen, i kjølvatnet av ei sak der ein overfallsmann vart skulda for å ha fått ein totschräger¹⁴³ gjennom Samfundsvernet, gjekk ut å forsvarte grupperinga.¹⁴⁴ Spesielt dei sosialistiske avisene, med Arbeiderbladet i spissen, fordømde dette, og gav Samfundsvernet skulda for overfallet. Men

¹⁴¹ Det er viktig å hugse på at Nationen på 1920-talet ofte hadde eit meir radikalt syn enn Bondepartiet, og at det ofte var gnissingar mellom desse jmf. Ottosen 2010, s. 49.

¹⁴² Arbeiderbladet, 22.08.1925.

¹⁴³ Totsläger var eit lite kølleliknande slagvåpen, gjerne i stål, og ofte utstyrt med ei lita blykule i enden. Våpenet var saman med Mauser-pistolen rekna som standardvåpenet til Samfundsvernet i følge Arne O. Dahl (Karsrud 1985, s. 14).

¹⁴⁴ Nationen, 21.08.1925.

Nationen meinte dette var ei ikkje-sak. Dei gjekk til og med så langt som å seie at dette berre var eit «glansnummer» kommunistane trudde dei hadde funne. For som dei sa;

«Hvad er det forresten aa gjøre nummer av et vaaben som en totenschläger. Køller, økser, hamrer og garstaur [sic] er det ikkje saa vanskelig aa anskaffe sig, selv for folk som ikke er medlemmer av Samfundsvernet».

Dei meinte opplagt at saka hadde blitt gjeve alt for stor merksemd. Men det som for alvor får ein til å innsjå at avisa i aller høgste grad er «pro-Samfundsvernet» er derimot den siste setninga i saka. Her vart det sagt at «*Vi vil virkelig haabe at denne organisation har sikret sig bedre vaaben*». Tonen og budskapet i saka var altså antikommunistisk og Samfundsvern-vennleg, der ein gjekk så langt som å seie at ein håpte grupperinga hadde sikra seg våpen av høg kvalitet. Og betre våpen veit ein med sikkerheit at grupperinga hadde. Trond Klykken meiner mellom anna å ha kome fram til at såpass tidleg som i juni 1924 hadde Samfundsvernet fått i hende minst 1563 pistolar.¹⁴⁵

Nationen heldt fram med å forsvare og legitimere Samfundsvernet i ein ny artikkel den 1. september 1925 gjennom å trekke fram dei ulike årsakene til at Samfundsvernet og liknande grupperingar skal ha livets rett.¹⁴⁶ Bakgrunnen for denne saka er at regjeringa hadde varsla at ein ville sjå nærmare på korleis stillinga var knytt til både «*røde og hvite gardar*». Nationen hadde derfor teke på seg ansvaret for å vere talsmenn, og opplyse regjeringa om kvifor dei meinte Samfundsvernet hadde ei viktig og til tider avgjerande rolle å spele for å oppretthalde ro og orden i eit Norge prega av politisk fragmentering og revolusjonsfrykt. Dei argumenterte mellom anna med at det i Norge i lang tid hadde vore tradisjon for at sivile stilte seg til rådighet for politi og styresmakter, den såkalla borgarvæpninga, dersom det var fare på ferde. Dette var i følgje Nationen ein tradisjon ein alltid hadde vore stolte av å ha i Norge. Og nettopp «fare på ferde» følte Nationen at det var på dette tidspunktet. Dei meinte at så lenge det hadde vore eit parti i landet som hadde tatt «*sigte paa aa omstyrte samfundet med vaabenmagt*» hadde det vore drive klar agitasjon for raude gardar. Om dei her snakkar om Arbeiderpartiet eller Norges Kommunistiske Parti er uklart, men ein kan tenke seg at dei ser på begge dei to partia som i aller høgste grad «skuldige» i påstanden som her vert framlagt. Det hadde mellom anna, i følgje avisa, på ulike måtar vorte uttalt av «den kommunistiske presse» at nødvendigheita for væpning av arbeidarane mot klassesamfunnet var stor. Dei meinte derfor det var interessant å merke seg at no når «*lovlydige borgere i troskap mot*

¹⁴⁵ Klykken 2013, s. 37.

¹⁴⁶ Nationen, 01.09.1925.

forfatningen til sikring av forsvar og orden ruster sig til hjelp» så hadde pipa fått ein heilt annan lyd. Nationen argumenterte med andre ord for at Samfundsvernet var eit ledd i borgarskapet sitt arbeid for å bevare dei demokratiske prinsippa, samt sikre ro og orden. Om ein dreg det litt lenger kan ein også seie at avisa påstår at grupperinga er viktig for å hindre den «varsla» revolusjonen frå kommunistane og sosialistane. Artikkelen vert avslutta med noko som fort kan oppfattast og tolkast som ei åtvaring til regjeringa. Det vert her sagt at tradisjonen viser at *«De frivillige melder sig ogsaa neste gang – enten fienden er indenfor eller utenfor landets grænser, og vi vil se den regjering som tør vise dem bort»*. Det er her viktig å hugse på at det på dette tidspunktet ikkje var lenge sidan det hadde vore ein stor krig i Europa, og frykta for at det kunne hende igjen var i aller høgste grad til stades. Så ikkje berre argumenterer avisa med at grupper som Samfundsvernet er viktig for å halde indre uro nede, men også i yste konsekvens for å verne landet mot ytre fiendar.

3.4.3 Den «radikale» borgarpressa sitt syn

Ei anna avis som valde å omtale Samfundsvernet i positive ordlag var den nasjonalistiske ungdomsavisa «Norges Fremtid». Avisa vart oppretta i 1924, og utvikla seg raskt til å verte eit sentralt organ for dei nasjonalistiske og til dels radikale kreftene på borgarleg side, men fleire spaltistar som uttrykte stor beundring for spesielt den italienske fascismen.¹⁴⁷ I desember det påfølgande året gjekk avisa inn i Fedrelandslaget, og vart der raskt det fremste avisorganet for partiet. Seinare skifta avisa også namn til «ABC», og vart eit av dei aller fremste organa for dei framveksande fascistiske kreftene i Norge på 1930-talet.

I ein artikkel 19.september 1925 som ber namnet «Mislykket fortolking» framstilte avisa, på same måte som Nationen, Samfundsvernet som eit nødvendig organ for å forsvare seg mot den revolusjonære tankegangen hjå «kommunistane».¹⁴⁸ Spesielt vart fokuset retta mot at dei ulike arbeidaravisene påstod at arbeidarane stod utan våpen, ikkje ynskte væpna revolusjon, og ikkje hadde ambisjonar om oppretting av vernegrupperingar for arbeidarane. Norges Fremtid minner likevel lesarane om at det i 1923, på Arbeiderpartiet sitt ekstraordinære landsmøte i anledning utmeldinga av Komintern, vart utarbeidd ei rekke retningslinjer som skulle symbolisere partiet sin politikk. Desse retningslinjene gav ifølgje

¹⁴⁷ Grutle 2018, s. 35-36.

¹⁴⁸ Norges Fremtid, 19.09.1925.

avisa eit heilt anna syn på revolusjon og bruk av våpen enn det som arbeidaravisene forsøkte å presentere. Her kom det tydeleg fram at partiet i fleire år hadde hatt planar om oppretting av væpna arbeidarvern, grupperingar som mellom anna skulle slå ned «hvite gardar» og vere eit ledd i partiet sin kamp for å lukkast i «*Den socialistiske Revoulution*». *I retningslinjene stod det mellom anna at «det revolutionære opbygningsarbeide som blev paabegynt i tiden umiddelbart efter krigen, (...) maa gjenoptages med øket kraft*», så at Norges Fremtid tolka retningslinjene på denne måten er forståeleg ut frå formuleringa vi her kan sjå.¹⁴⁹ Seinare kan ein i landsmøteprotokollen lese at partiet frykta kva dei borgarlege kunne finne på å gjere mot arbeidarane, og då spesielt om dei kunne kome til å nytte militæret mot dei. Partiet håpte likevel at dette kunne løysast gjennom å styrke sine organisasjonar, men utelukka ikkje at dei ville væpne seg om naudsynt. Men dei understreka likevel at «*arbeiderklassens bevæpning tar ikke sikte paa at fremkalde borgerkrig, men paa at hindre den og mildne den*».¹⁵⁰ Som vi ser hadde nok Norges Fremtid ei ganske einseitig tolking av retningslinjene, men basert på formuleringane kan ein likevel forstå at der var ei frykt for kva planar kommunistane kunne ha.

Vidare i den nemnde artikkelen påpeikar Norges Fremtid at det også i seinare tid hadde kome teikn frå Arbeiderpartiet om at ambisjonane dei hadde ikkje nødvendigvis var så uskuldige som partipressa skulle ha det til. På det siste landsmøtet (hausten 1925) hadde partiet vidareutvikla dei nemnde retningslinjene, og gjeve nærmare instruksar om korleis ein skulle gå fram for å oppfylle desse. Dei meinte mellom anna å kunne lese av landsmøteprotokollane at partiet planla å opprette ordensvern og gje dei politimyndigheit i dei kommunane der Arbeiderpartiet fekk makta, og på den måten både nedkjempe dei kvite gardane samt styrke stillinga til makthavarane. Det skapte også bekymring at Arbeiderpartiet agiterte for antimilitarisme og oppfordra «kameratar» i militæret om å boikotte, rekruttere nye meiningsfellar, samt opprette eigne antimilitære grupper i «hær og flåte».¹⁵¹ Norges Fremtid meinte derfor at dette beviste at ein hadde «*eit stort og mektig klasseparti innen vårt folk, [som] energisk forbereder sig til vebnet kamp mot sine landsmenn*». Dei meinte difor at Samfundsvernet si rolle var som ein antirevolusjonær front mot den «radikale» venstresida.

¹⁴⁹ Protokoll for Arbeiderpartiet sitt ekstraordinære Landsmøte 1923, s. 70.

¹⁵⁰ Protokoll for Arbeiderpartiet sitt ekstraordinære Landsmøte 1923, s. 72.

¹⁵¹ Protokoll for Arbeiderpartiet sitt Landsmøte 1925, s. 99.

3.5 Konklusjon

Som ein kan lese av det utvalet av artiklar eg har presentert i dette kapitelet var det i stor grad dei sosialistiske partiavisene (arbeidaravisene) som direkte omtalte og fokuserte på Samfundsvernet. Arbeidaravisene gjekk til stadigheit til verbalt angrep på grupperinga, i byrjinga ofte berre basert på diverse rykte som gjekk om dei i sosialistiske kretsar og på bakgrunn av at historia var prega av kamp mellom dei forskjellige klassene. Dei frykta mellom anna at grupperinga skulle vere starten på ei norsk fascistisk rørsle, ei rørsle som fleire stadar i Europa hadde fått stadig meir grobotn som ein konsekvens av radikaliseringa av arbeidarrørsler og sosialistiske politiske parti. Ein kan vidare tolke ut frå omtalen frå Arbeiderbladet og Norges Kommunistblad at dei fryktar at grupperinga kunne ha som ambisjon å nedkjempe og slå ned, ikkje berre dei *faktiske* kommunistane, men *heile* arbeidarklassa. Dei gjekk dermed hardt ut mot grupperinga, i håp om å vekke til live klassekjensla hjå arbeidarane, samt gjere dei merksame på den potensielle trusselen som var i ferd med å vekse fram.

Dei borgarlege avisene var derimot meir avventande i sin omtale av grupperinga. Der arbeidaravisene skreiv saker som direkte omhandla Samfundsvernet, hadde ikkje det borgarlege media eit like stort fokus på grupperinga direkte, men omtalte dei staden gjennom anten «svar» i retning saker i andre aviser eller på bakgrunn av til dømes stortingsdebattar og liknande. Den generelle gjennomgangsmelodien gjekk i stor grad ut på å trekke fram nødvendigheita av grupperingar som Samfundsvernet. Denne nødvendigheita vart hovudsakleg grunngjeven gjennom å vise til at Arbeiderpartiet hadde hatt (og ifølgje dei mest radikale, enda hadde) revolusjonære ambisjonar inspirert av dei russiske og finske revolusjonskrigane i høvesvis 1917 og 1918. Dei meinte derfor at paramilitære borgarlege grupperingar som Samfundsvernet i første rekke hadde ei rolle å spele som vernarar av dei demokratiske prinsippa og for å beskytte «det bestående samfund» mot udemokratiske og revolusjonære strøymingar. Argumentasjonen går på at sosialistane mest sannsynleg hadde ambisjonar om eigne væpna vernegrupper, slik at det nærmast ville vere uforsvarleg av dei borgarlege å ikkje sjølv «sikre seg» gjennom å ha eigne grupperingar tilgjengeleg. I tillegg meinte dei at Samfundsvernet potensielt sett kunne vise seg å vere ein ressurs for politiet dersom det skulle bryte ut konflikhtar som politiet åleine ikkje greidde handtere, og drog dermed parallellen tilbake til den tradisjonelle norske borgarvæpninga på 1800-talet.

Dagbladet stod derimot som representant for eit tredje syn, eit syn som på mange måtar synleggjorde den spesielle posisjonen Venstre hadde i det politiske biletet. Der arbeidarprensa og høgre- og bondeprensa sine synspunkt i hovudsak var basert på deira «moderparti» sitt ideologiske posisjon, stod venstrepressa meir fritt då deira «moderparti» ikkje var direkte innblanda i den betente klassekamp-tankegangen. Dette gjorde at venstrepressa sitt syn var basert på eit objektivt syn på Samfundsvernet samanlikna med dei to andre. Likevel ser ein at venstrepressa langt frå støttar Samfundsvernet, men i større grad tenderar til eit syn i retning av det arbeidarprensa stod for. Men der arbeidarprensa sitt synspunkt var basert på at Samfundsvernet hadde som formål å motarbeide og slå ned arbeidarklassa, var venstrepressa si grunngjeving at gruppa var ein trussel for samfunnsfreden og statsmakta. Ettersom ein ikkje visste så mykje om gruppa kunne ein ikkje gå detaljert inn på korleis gruppa kunne vere ein trussel for staten, men mellom anna rykta om fascistisk inspirasjon fekk Dagbladet til å reagere. I tillegg viste dei alt på dette tidspunktet klar motstand mot at slike private politisk styrte grupper skulle inngå i ei form for rolleblanding i det offentlege rom, jamfør saka om advokat Balchen og Skattebetalernes Foreining.

4. Samfundsvernet står fram for offentlegheita, 1926-1928

I dette kapitelet vil eg halde fram med å sjå nærmare på korleis Samfundsvernet vart omtalt, framstilt og definert av samtidas media. Der sist kapitel hadde eit spesielt fokus på perioden mellom 1923 og 1926, den såkalla tidlege fasen eller oppbyggingsfasen, vil dette kapitelet i staden fokusere på dei neste par åra i Samfundsvernet si historie, ei periode som med sikkerheit kan seiast å ha vore svært viktige år i grupperinga si historie. Som ein kan lese av tabellen i sist kapitel (Figur 1) er dette åra før media si omtale av Samfundsvernet nærmast «eksploderte», så vel i dei borgarlege som i dei sosialistiske avisene. Årsaka til denne eksplosjonen var at Samfundsvernet i denne perioden valde å stå offentleg fram etter at dei heilt sidan opprettinga bevist hadde heldt ei låg offentleg profil.

4.1 Samfundsvernet vert konsolidert

I 1926 var Samfundsvernet i følge Trond Klykken ferdig organisert, og var gått over i den såkalla operative fasen.¹⁵² Den opprinelege leiaren, major Johan T. Sverre, hadde alt i 1925 trådd til side og vorte erstatta av den tidlegare leiaren for Garden, major Ragnvald Hvoslef.¹⁵³ Hvoslef tok til i jobben med rykte på seg for å vere ein svoren antikommunist, ein sterk og erfaren leiar med lang militær bakgrunn¹⁵⁴, og med inngående kunnskap om militæret sine eventuelle planar¹⁵⁵ i anledning eit eventuelt kommunistisk revolusjonsforsøk. Hvoslef hørde også til den klassiske borgarklassa ettersom han i tillegg til sin militære posisjon både var forretningsmann og godseigar.¹⁵⁶ I tillegg trekk Klykken fram at Hvoslef var ein langt meir synleg sjef enn det Sverre hadde vore, ved at han mellom anna var ein aktiv skribent i ulike borgarlege aviser¹⁵⁷, samt at han heldt fleire føredrag med indrepolitiske tematikkar.¹⁵⁸

¹⁵² Klykken 2013, s. 43.

¹⁵³ Hvoslef hadde vore leiar for Garden i perioden 01.07.1915 til 1917, då han gjekk over i rolla som militærattaché i Washington.

¹⁵⁴ Hvoslef kunne på dette tidspunktet vise til 30 år med aktiv yrkesmilitær erfaring, etter å ha blitt utnemnd til offiser i 1895.

¹⁵⁵ Med «planar» meiner eg her mellom anna beredskapsarbeid jamfør Beredskapsloven som vart arbeidd med i tida rundt første verdskrig.

¹⁵⁶ Borgersrud, «Vi er jo et militært parti», s. 58.

¹⁵⁷ Om enn ikkje som eit talerøyr for Samfundsvernet eller for å promotere grupperinga, men heller som ein samfunnsdebattant.

¹⁵⁸ Klykken 2013, s. 43.

Ein annan ting som skilde Hvoslef frå forgjengaren var måten han gjekk fram på ovanfor styresmaktene.

Der Sverre i større grad hadde hatt ein meir tilbaketrekt posisjon ovanfor styresmaktene, og i staden hadde lete andre ta seg av kommunikasjonen og møteverksemda med desse, valde Hvoslef å ta ansvar for dette sjølv. Noko av det første han gjorde som leiar av Samfundsvernet var å gå inn i forhandlingar med Justis- og Politidepartementet om å gje Samfundsvernet ein formell posisjon i det indre forsvaret av Norge, samtalar som til slutt ikkje førte nokon stad. Per Ole Johansen meiner at hovudgrunnen til at Justisministeren på dette tidspunktet ikkje gjekk med på noko form for samarbeid var fordi Samfundsvernet nekta å opplyse om namnet på mange av leiarane sine, samt at ministeren frykta at grupperinga «*ved sin eksistens kanskje snarere gjorde mer skade enn gagn.*».¹⁵⁹ Som ein etter kvart skal sjå vart argumentet med at Samfundsvernet ofte kunne vere til meir skade enn nytte for regjering og styresmaktene stadig oftare nytta.

Samfundsvernet var på dette tidspunktet det borgarlege miljøet sitt fremste borgarvernet mot eit kommunistisk kuppforsøk, anten det kom nedanfrå eller ovanfrå. Grupperinga hadde kome seg forbi dei vanskelege første åra, dei såkalla «voksesmertene» som Klykken kallar dei, og hadde utvikla eit velfungerande organisasjonsapparat over store delar av landet.¹⁶⁰ Der grupperinga i grunnleggingsfasen i 1923 i utgangspunktet var tenkt som eit borgarvern for Oslo-området¹⁶¹, eller eit såkalla «Kristianiafenomen»¹⁶², hadde gruppa no få år seinare avdelingar i så godt som alle landets fylker, med eit medlemstal på rundt rekna 3000 mann.¹⁶³ Talet er av ulike årsaker usikkert då konkrete medlemslister ikkje vart ført/ikkje er å oppdrive, samt at grupperinga sjølv gjerne gav uttrykk for å ha fleire medlemmar enn det i realiteten var snakk om.¹⁶⁴ Samfundsvernet hadde dermed gått frå å vere eit av mange liknande tiltak i Oslo-området, til å på få år utvikle seg til å verte det nasjonalt største og sterkaste borgarlege vernet mot det dei gjerne omtalte som antiparlamentariske og antidemokratiske angrep på det kapitalistiske systemet.

¹⁵⁹ Johansen 1989, s. 31.

¹⁶⁰ Klykken, 2013, s. 43

¹⁶¹ A.D. Dahl fortalte Eivind Karsrud at den opprinnelige planen for Samfundsvernet var å beskytte vestkanten i Oslo, men at det også vart oppretta avdelingar på austkanten av byen. (Karsrud 1985, s. 20).

¹⁶² Sørensen & Brandal 2018, s. 85.

¹⁶³ Klykken 2013, s. 31.

¹⁶⁴ Nils Ivar Agøy refererer til eit møte mellom rittmester Christopher Fougner og justisminister Rolfsen i juni 1924, der Fougner kunne opplyse om at Samfundsvernet på dåverande tidspunkt hadde rundt 20 000 medlemmar fordelt over heile landet. (Agøy 1997, s. 215).

4.2 Samfundsvernet held ein lågare profil

Dersom ein studerer tala i Figur 1 i starten av førre kapitel vil ein oppdage at dei to åra 1926 og 1927 er to år der media sitt fokus på Samfundsvernet er lågare enn dei andre åra grupperinga eksisterte. Ein kan tenke seg at ei årsak kan vere at grupperinga ei periode låg litt lågare i terrenget, etter å i dei første åra i stor grad fokusert på å vere synleg og å gjere seg kjend i det offentlege biletet for å trekke til seg medlemmar og andre støttespelarar. Ei anna årsak kan enkelt å greitt vere at media på eit vis miste interessa for grupperinga, ettersom det ikkje hende noko særleg nytt som gjorde det naturleg at grupperinga skulle kome fram i media sitt rampelys. Likevel skulle fleire av dei hendingane vi skal sjå nærmare på i dette kapitelet ligge til grunn for den auka omtalen av gruppa i dei kommande åra.

4.2.1 «Kun pålitelige menn er velkommen»

Den første artikkelen om Samfundsvernet i 1927 kom ikkje før i oktober då Arbeiderbladet i ein redaksjonell artikkel 14.oktober kunne presentere eit veileiande dokument som Samfundsvernet hadde utarbeidd med opplysingar om gruppa si oppbygging, korleis ein skulle gå fram for å skaffe seg våpen, og korleis delta på øvingar i regi av gruppa. Avisa karakteriserte skrivet som «en kampplan mot arbeiderbevegelsen», og la dermed ikkje skjul på kva dei meinte om det. Skrivet kunne opplyse om at berre «pålitelege menn» var velkomne, ei formulering Arbeiderbladet tolka i retning av at gruppa søkte etter «arbeidarfiendtelege og stridslystne menn».¹⁶⁵ Det kom vidare fram at gruppa hadde utarbeidd eit spionapparat som heldt oppsyn med «*mistenkelige personer og grupper*» med instruks om at «*det er bedre å melde frå en gang for mye enn en gang for lite*», noko avisa meinte bekrefte at det nettopp var ein kampplan dei hadde fått i hende.

Det faktum at avisa her hadde fått i hende eit dokument som viser at organisasjonsapparatet Samfundsvernet bestod av var større enn tidlegare antatt er både interessant og verdt å merke seg. Gjennom å avsløre at gruppa ikkje berre hadde arbeidarfiendtelege tankar og synspunkt, men også overvaka/spionerte på personar og grupper dei fann mistenkelege, gjer at ein innser at gruppa hadde meir seriøse og konkrete planar enn ein tidlegare hadde trudd.

¹⁶⁵ Arbeiderbladet, 14.10.1927.

4.2.2 Hvoslef «lettar på sløret» om Samfundsvernet sitt arbeid

Aftenposten hadde på dette tidspunktet fått auge opp for Samfundsvernet, men meinte at omtalen og pressedekninga var alt for einseitig ettersom det i hovudsak var arbeidarprensa som omtalte dei. I tillegg var nok mest sannsynleg avisa open for å gje gruppa eit talerøyr, og dermed gje dei ei moglegheit for å drive propaganda. I eit intervju med major Hvoslef søkte avisa derfor svar på kven og kva Samfundsvernet faktisk var for noko.¹⁶⁶ Aftenposten meinte arbeidarprensa sine angrep på Samfundsvernet, «*hvis lojalitet og defensive karakter vi forøvrig ikke har betvilet*», var urettferdige og ei stadfesting av at gruppa gjorde sosialistane engstelege. Hvoslef viste til statuttane for grupperinga som definerte gruppa som «*en frivillig sammenslutning av lojale samfundsborgere [som/viss] har til hensikt at verne den bestående samfundsordning mot samfundsnedbrytende kræfter*», noko både han og Aftenposten meinte beviste gruppa sin defensive karakter. Hvoslef forsøkte også å framstille gruppa som større og sterkare enn den faktisk var, ved å gje eit såpass vagt svar på talet medlemmar som «tusendis», eit tal vi i dag veit var maksimalt 3000 mann på det tidspunktet.

Hvoslef bekrefta også diagnosen¹⁶⁷, at grupperinga sprang ut frå borgarskapet si trong til sjølvforsvar mot kommunismen og deira planar om oppretting av «proletariatets diktatur». Han argumenterte med andre ord for at den trussel ein meinte å identifisere på venstresida var grunnlag nok til å legitimere ei gruppe som Samfundsvernet. Frykta gjekk vidare ut på at eit revolusjonsforsøk frå sosialistane ville føre til kaos i samfunnet, som vidare ville sett dei «legale myndigheiter»¹⁶⁸ ut av spel. Og det var nettopp i ein slik situasjon Hvoslef meinte Samfundsvernet kunne komme til nytte. Hvoslef viste til den norske tradisjonen med at sivilbefolkninga hadde trådd støttande til for politi og militærvesenet om behovet skulle vere der, ein tradisjon ein ikkje skulle lenger tilbake enn «*midten av forrige aarhundre*» for å finne eksempel på. Han forsøkte med andre ord å ufarleggjere eller legitimere Samfundsvernet ved å vise til at gruppa berre var eit moderne eksempel på noko han påstod kunne reknast som ein tradisjon i Norge.

Artikkelen inngår heilt tydeleg i ein [forsinka] polemikk til den nemnde Arbeiderblad-artikkelen frå 14.oktober 1927 ved at Hvoslef bagatelliserer det som kom fram i denne.

¹⁶⁶ Aftenposten, 06.12.1927.

¹⁶⁷ Jamfør Linde Kilde og Olesen sine 3 grunnkomponent i framing.

¹⁶⁸ Omgrepet «legale myndigheiter» vart ofte nytta av Samfundsvernet for å vise at dei berre ville lystre ei borgarleg regjering, og at ei eventuell sosialistisk regjeringsskifte ville verte oppfatta som «illegal» og ugyldig i gruppa sine auge.

Samfundsvernet vart av Hvoslef frama som eit preventivt grep frå høgresida for å vere klare og førebudde til å handle dersom venstresida skulle forsøke å gjere alvor av sine ambisjonar. At gruppa ville vere villige til å handle på eiga hand ville han derimot ikkje ha noko av, då han meinte dei alltid hadde vore ærlege på at det berre ville vere i samråd med dei «lovlege myndigheiter» at gruppa ville gå inn i «aktiv teneste».

4.3 Grunnlaget for Politiloven §21

I 1927, etter mange års arbeid, kom ei ny politilov. Lova vart formelt vedteken av Odelstinget 19. mai¹⁶⁹, og teken i bruk frå 10. juni same året. Lova førte med seg ei rekke endringar, mellom anna det at det var staten som bestemte storleiken på politistyrkane i dei ulike kommunane, noko som symboliserte starten på overgangen frå kommunalt til statleg styrt politi. Det som likevel er mest relevant for denne oppgåva er § 21, den såkalla ordensvern-paragrafen. Der vart det slått fast at ordensvern/borgarvern ikkje verken kunne opprettast eller halde fram utan den lokale politimeisteren si velsigning, og at slike grupper i så fall måtte godta å kome inn under vedkommande si styring og leiing.¹⁷⁰

Styresmaktene ynskte egentleg å gå enda hardare til verks ved å innføre eit endeleg forbod, men i frykt for konsekvensane eit slikt forbod kunne føre med seg, enda ein til slutt opp med ei mellomløyning. Spesielt sosialistane kjempa hardt mot denne paragrafen, då dei frykta at dette berre var eit skalkeskjul for regjeringa for å verte kvitt dei sosialistiske «røde gardene», medan borgarskapet sine eigne grupperingar skulle få halde fram som tidlegare.¹⁷¹ Dette synet kom tydeleg fram i så vel aviser, debattar og bøker i denne perioden. Mellom anna meinte Dagfinn Bech, jurist i LO og journalist i Arbeider-Avisen, i si bok «Reaksjon eller fremskritt» at regjeringa gjennom denne paragrafen sikra seg «adgangen til å benytte sig av de eksisterende fascistgrader.»¹⁷² I boka «Nazi og Norge» skriven av seinare utanriksminister Halvard Lange, kjem det fram at venstresida oppfatta paragrafen som eit hån mot arbeidarklassa, då dei ikkje såg føre seg at paragrafen hadde anna formål enn «å ramme arbeidernes ordensvern.»¹⁷³

¹⁶⁹ Dagbladet, 20.05.1927.

¹⁷⁰ Auglend 2004, s. 847.

¹⁷¹ Dagbladet, 20.05.1927.

¹⁷² Bech 1931, s. 36. Boka vart utgjeven på Arbeiderpartiet sitt eige forlag.

¹⁷³ Lange 1934, s. 105. Også denne boka vart gjeven ut på Arbeiderpartiet sitt eige forlag.

4.3.1 Kva var dei borgarlege partia sin motivasjon til ei slik lov?

Men om det skulle vere slik at lova var til for å gjere det enklare for borgarskapet å nytte sine borgarvern medan sosialistane skulle hindrast i å opprette sine egne, kvifor var det i så fall Samfundsvernet som vart det første «offeret» for lovendinga? Dette til tross for at dei sosialistiske avisene gjennom mange år hadde argumentert med at slike grupper var borgarskapet sine egne klassehærer, samt eit ledd i deira kamp for å slå ned arbeidarklassa med vald og ulovlege handlingar. Motivasjonen til dei borgarlege partia stamma nok i stor grad frå ein til dels aggressiv agitasjon i arbeidarpessa, noko som mellom anna kom fram i ei rekke saker. Mellom anna hadde Norges Kommunistblad alt i 1923 tatt til orde for oppretting av vernegrupper for arbeidarane på dei store arbeidsplassane viss formål var å «beskytte arbeiderklassen mot fascistenes og reaksjonens overfall».¹⁷⁴

Men det var ikkje berre i avisene at trugslane om oppretting og bruk av Arbeidarvern vart fremma. Under ein debatt i Stortinget i januar 1927 angående ny forsvarsordning gjekk Sverre Krogh, representant for Kommunistpartiet, på talarstolen å argumenterte for å kutte ned på Forsvaret til fordel for «oprettelse av arbeider- og bondevern».¹⁷⁵ Hensikta med slike vernegrupper skulle ikkje vere å fremme kapitalistane, men heller å fremme arbeidarane sine rettigheter og interesser. Slike formuleringar kan potensielt sett ha vore utslagsgivande for at også høgresida byrja sjå på frittståande ordensvern som eit problem, og at ein anten måtte verte kvitt dei eller få dei under statleg kontroll. Mellom anna gjekk Norges Fremtid hardt ut mot Krogh, og uttalte at dette nærmast kunne oppfattast som ei avsløring av kommunistane sine ambisjonar om oppretting av egne «raude gardar», og at lesarane no visste kva dei hadde i vente dersom ein ikkje var vakne for den fare kommunismen representerte.¹⁷⁶

¹⁷⁴ Norges Kommunistblad, 08.11.1923. Skriven av formannen i sentralstyret til Norges Kommunistiske Parti.

¹⁷⁵ Stortingstidende 1927, s. 73.

¹⁷⁶ Norges Fremtid, 29.01.1927.

4.4 Samfundsvernet «avslører» seg sjølv

Den nye politilova var som eg kom inn på i kapitel 2 blitt diskutert og arbeidd med i ei årrekke, så når lova til slutt vart sett i verk var store delar av innhaldet alt kjend i dei ulike kretsane, inkludert hjå Samfundsvernet.

Samfundsvernet valde difor å gjere visse formelle endringar i forkant av lovendringa, og haldt difor landsmøte 27.mai 1927 der den viktigaste oppgåva var å formulere og vedta statuttane som låg til grunn for grupperinga sitt arbeid. Tidlegare hadde ein vore svært open om at ein ikkje ville gå til aksjon utan dei legale myndigheitene si velsigning, eit standpunkt som vart ytterlegare understreka i dei nye statuttane. I tillegg vart det gjort enda tydelegare at gruppa *ikkje* skulle reknast som eit ordens- eller borgarvern, men i staden som «*en frivillig sammenslutning av loyale samfunnsborgere*», og at «*Det stiller sig til det borgerlige samfunns teneste og trer eventuelt i virksomhet i overenstemmelse med dettes lovlige myndigheter*».¹⁷⁷ Håpet til gruppa var at ein kunne snike seg rundt det nye lovverket, og dermed i stor grad halde fram som tidlegare.

4.4.1 Hvoslef sin artikkel i Aftenposten 19.05.1928

Fram til dette tidspunktet hadde styresmaktene bevisst unngått å kommentert eller bekrefta at dei var kjende med at grupperingar som Samfundsvernet var i drift over store delar av landet. Berre eit knapt år etter innføringa av den nye lova endra dette seg.

Årsaka til at styresmaktene til slutt ikkje kunne unngå å innrømme kjennskap var fordi Samfundsvernet, i ein artikkel i morgonutgåva av Aftenposten 19.mai 1928, valde å gå offentleg ut og «avsløre» seg sjølv gjennom å legge press på styresmaktene.¹⁷⁸ Dermed var regjeringa sett i ein situasjon der dei var nøydde til å gjere ei avgjersle om korleis ein skulle gripe an ein slik situasjon. I artikkelen vert Samfundsvernet si oppgåve forklart å vere hindring av «*bolsjevismens planmessige arbeide for verdensrevolusjon*», og listar mellom anna opp situasjonen i Finland i januar-mars 1918 og spartakistoppstanden i Berlin i mars 1919 som situasjonar ein dermed ville unngå. Det kjem også fram at grupperinga ikkje trudde

¹⁷⁷ RA/PA-0664/D/L0001. I mappe: «Samfundsværnet». Statutter vedtatt på landsmøtet 27.mai 1927.

¹⁷⁸ Aftenposten, 19.05.1928.

det ordinære politiet og militærvesenet åleine ville vere sterke nok til å slå ned slike forsøk, og at «*Borgerne har kommet til det resultat, at til syvende og sist har de kun sig selv å stole på*».

Artikkelen går med andre ord eit steg vidare frå den tidlegare nemnde artikkelen der Samfundsvernet «avslørte seg sjølv», ved at dei her viser tydeleg mistru til politi og militærvesenet, og deira evne til å slå ned eventuelle revolusjonære forsøk. Dette markerer ei markant endring i haldninga til dei statlege instansane, då gruppa her indirekte indikerer at dei ikkje berre ser på seg sjølv som ei støtte for politiet, men potensielt sett som ei form for eige politikorps. Dette vert difor ei utfordring av politimonopolet, og vidare ei svekking av staten si rolle som den overordna ordensbevarande makta og staten sitt maktmonopol. Om ein skal nytte eksempel på liknande utviklingar andre stadar kjem ein ikkje utanom dei italienske *squadristi*¹⁷⁹, som til liks med Samfundsvernet i utgangspunktet berre var ein paramilitær «gatebølleorganisasjon», men som ved utfordring av politimonopolet utvikla seg til å verte eit eige politisk motivert politikorps på sida av det ordinære politiet. Seinare eksempel var mellom anna det tyske *Sturmabteilung* (SA) som igjen var inspirasjonen og grunnlaget for det meir kjende *Schutzstaffel* (SS). Det er med andre ord ei potensielt svært alvorleg utvikling ein her kan identifisere gjennom Hvoslef sine utsegn.

4.4.2 Eit forsøk på å kvitte seg med det elitistiske stempelet?

Eit anna moment ein kan trekke ut av artikkelen er at Samfundsvernet verkar å forsøke å kvitte seg med sitt «elitistiske» stempel. Hvoslef oppfordrar i artikkelen «alle fedrelandsvennlege» borgarar om å melde seg til teneste for Samfundsvernet, då «*det er en skam for en borger å ikke være medlem av Samfundsvernet*» På dette tidspunktet vart Samfundsvernet i stor grad oppfatta som eit overklasse-fenomen, der offiserar sat i leiinga, og bedriftseigarar og forretningsmenn var aktive støttespelarar, medan den «vanlege» borgar enn så lenge ikkje hadde særleg mykje å seie. Ved å «demokratisere» gruppa gjennom ei større sosial tilhøyrslø ønskte nok gruppa samtidig å kvitte seg med stempelet som klassehær for overklassa, ein frame sosialistane hadde brukt flittig i si omtale av Samfundsvernet. Samtidig oppfattar eg oppfordringa som eit forsøk på å ta opp kampen med arbeidarrørsla, og vise at også borgarklassa kunne mobilisere ein langt større del av borgarskapet gjennom vekking av klassekjensle og følelsen av klassetilhøyrslø. Oppfordringa skulle også legge press på lesarane

¹⁷⁹ Dei såkalla «Svartskjortene» eller MVSN (Milizia Volontaria per la Sicurezza Nazionale).

ved å gje dei følelsen av anten å gå inn i Samfundsvernet eller rekne seg sjølv som ein «klassefiende».

4.5 Sosialistane krev svar frå regjeringa

Som venta kunne ikkje utsegn i retning av utfordring av politimonopolet, utfordring av staten sitt maktmonopol, og «utslørt oppfordring om innmelding i Samfundsvernet»¹⁸⁰ stå uimotsagt, så den sosialistiske pressa var raskt ute å kravde ein respons frå styresmaktene. Ei rekke aviser, deriblant Arbeiderbladet, kunne difor alt i sine ettermiddagsutgåver same dag (19.mai 1928) melde at Børge Olsen-Hagen på vegne av Arbeiderpartiet si stortingsgruppe hadde meldt inn ein interpellasjon til Regjeringa.¹⁸¹ I interpellasjonen krevde han svar på om «regjeringen er opmerksom på en organisasjon (Samfundsvernet), som offentlig oppfordrer til opslutning om «hvite gardar» i Norge?» og «Akte regjeringen å gripe inn overfor nevnte organisasjon?».

Nemde Olsen-Hagen var heller på ingen måte kven som helst i dei politiske kampene mellom høgre- og venstresida, då han kunne vise til ei fortid der han fleire gongar hadde angripe høgresida i saker han brann for. Olsen-Hagen hadde på første halvdel av 1920-talet vore ein av dei mange Arbeidarparti-politikarane som hadde gått hardt ut mot militæret, og hadde ved fleire høve vore ein aktiv talsmann for at arbeidarane skulle gå til aktiv militærstreik. Bakgrunnen for dette var at han, som så mange andre på den politiske venstresida, såg på militæret og militærvesenet som borgarklassa si eiga private vernegruppe og ein klassehær som kunne vendast mot og nyttast i kampen mot arbeidarklassa. Såpass langt hadde Olsen-Hagen gått i sine utsegn at han ved to ulike høve hadde vorte idømt fengselsstraff for såkalla «antimilitaristisk agitasjon» i høvesvis 1921 og 1924. Eit interessant poeng er at Olsen-Hagen sat fengsla på Botsfengselet i Oslo når han vart vald inn på Stortinget for første gong i 1924, og var dermed avhengig av å få ei offisiell benåding frå statsminister Mowinckel for å kunne møte i Stortinget i januar 1925.¹⁸²

¹⁸⁰ Klykken 2013, s. 45.

¹⁸¹ Arbeiderbladet, 19.05.1928

¹⁸² Aftenbladet.no, «[Båret frå fengselet til Stortinget](#)». Henta 17.03.2021.

4.5.1 «Mot de hvite garder, må der settes røde»

Arbeiderbladet var som venta raskt ute med å kommentere opplysingane som var kome fram i artikkelen til Hvoslef. I saka framstilte dei arbeidarklassa som kraftig undertrykt og motarbeida av alle, då dei meinte Samfundsvernet, borgarpressa, det norske borgarskapet og «borgerskapets regjering og påtalemyndighet» alle «spelar på lag» mot arbeidarklassa.¹⁸³ Ved å framstille situasjonen slik forsøkte heilt klart avisa å skape ein «vi mot alle»-tankegang hjå lesarane sine, og på den måten synleggjere klassekampen dei meinte utspelte seg i samfunnet. Dei meinte artikkelen til Hvoslef synleggjorde at Samfundsvernet, «borgerskapets pøbel» som dei kalla dei, og militærvesenet saman fungerte som borgarskapet sine verktøy for å undertrykke og slå ned den «stakkars» arbeidarklassa.

Avisa presenterte to moglege løysingar på problemet. Den første hadde dei lite tru på ville «gå gjennom», nemleg at Regjeringa skulle gå inn for å tvangsoppløyste Samfundsvernet. Men ettersom dei oppfatta Samfundsvernet som styresmaktene sitt verktøy i kampen mot arbeidarklassa, presenterte dei dette forslaget «uten håp om å gjøre inntrykk». Dei såg difor ikkje anna løysing på problemet enn å sjølv ta ansvar, og svare med same mynt. Dei meinte difor at:

«Det uungåelige resultat må være at der mot de hvite garder settes røde, hvis opgave blir av defensiv art (...) Alt må settes inn på å skape organer som er sterke nok, handledyktige nok og vebnet nok til å besvare denne borgerskapets frekkeste uteskning».

Det er nettopp dette Linde Kilde og Olesen kallar prognose-framing, det å presentere eventuelle løysingar på problemet den eine parten i konflikten meiner å kunne identifisere.¹⁸⁴

Det at Arbeiderbladet her går til det skritt å nærmast proklamere oppretting av Arbeidarvern, er å rekne som ei ny dramatisk utvikling. Ottar Strømme skriv i si bok «Den hemmelige hæren» at klassekamp-mentaliteten verka å ha vore inne i ei rolegare periode på slutten av 1920-talet.¹⁸⁵ Basert på ordlyden i Arbeiderbladet, mellom anna i denne artikkelen, kan ein likevel stille spørsmål ved om dette stemmer. Ved å gå ut på denne måten, og oppfordre til oppretting av væpna grupper også på sosialistisk side, gjev avisa lite inntrykk av å vere inne i ei rolegare periode med tanke på klassekamp-tankegangen. Ein kan likevel mistenke at trusselen var nettopp dette, ein trussel, og ikkje eit faktisk krav om oppretting av Arbeidarvern. Mest sannsynleg var det heller eit forsøk på å legge press på styresmaktene, for

¹⁸³ Arbeiderbladet, 21.05.1928.

¹⁸⁴ Linde Kilde & Olesen 2015, s. 84.

¹⁸⁵ Strømme 1978, s. 75.

å få desse til å ta affære med Samfundsvernet. Akershus Arbeiderblad stilte nokre dagar seinare, 26.mai 1928, nemleg krav om at styresmaktene måtte vise at lovverket skulle tolkast likt anten det var arbeidarar eller «gardens folk» som utfordra det.¹⁸⁶ Utan å dermed seie det rett ut viste avisa her også at dei var einige i det Arbeiderbladet hadde hevda om at Samfundsvernet og militærvesenet fungerte som styresmaktene sine verktøy i kampen mot arbeidarklassa. Denne påstanden var heller ikkje så langt frå sanninga om ein skal dømmе ut frå Strømme si bok. Han skriv mellom anna at «*den indre funksjonen til krigsmakta var å holde arbeiderklassen på plass.*», og bekreftar dermed i stor grad arbeidarpressa sin mistanke.¹⁸⁷

4.6 Borgarlege reaksjonar på «avsløringa»

Naturleg nok skapte artikkelen til Hvoslef også reaksjonar på borgarleg side, men i motsetning til i arbeidarpressa var reaksjonane langt meir positivt retta i borgarpressa.¹⁸⁸ Norges Handels og Sjøfartstidende uttalte at venstresida berre hadde seg sjølv å takke for opprettinga av Samfundsvernet, då dei ifølgje avisa i ei årrekke hadde kome med såpass krasse trugsmål mot borgarskapet at reaksjonen berre måtte komme.¹⁸⁹ Avisa kunne mellom anna gjenta trugande utsegn som at «*(...) stortingsmænd og statsraader skulde hænges paa lygtepælene*», utsegn som var kome både gjennom arbeidarpressa samt frå Storinget sin eigen talarstol. Dei skreiv difor at «*Saa lenge er borgerne blit truet, at man tilslut maate tro der var noget i det.[...] Selvfølgelig vil man ikke la sig slakte som faar uten at gjøre motstand*», og følgjer dermed Hvoslef si forklaring på bakgrunnen for opprettinga. Dei meinte dermed at grupperinga si hensikt var å forsvare borgarar mot urettmessige angrep frå kommunistar og politiske motstandarar, og at Samfundsvernet dermed var ein reaksjon og eit motsvar til den revolusjonære bevegelsen dei såg på motparten som ein representant for.

¹⁸⁶ Akershus Arbeiderblad, 26.05.1928.

¹⁸⁷ Strømme 1978, s. 109.

¹⁸⁸ Det er likevel viktig å understreke at det faktum at Samfundsvernet hadde ambisjonar om utfordring av politi- og valdsmonopolet verkar å anten verte oversett eller ikkje oppfatta i borgarpressa på dette tidspunktet.

¹⁸⁹ Norges Handels og Sjøfartstidende, 22.05.1928.

4.6.1 Høgsterettsadvokat Borchgrevink si innblanding

Bondepartiet sitt hovudorgan, Nationen kom etter nokre dagar med eit opent brev signert høgsterettsadvokat og medlem av Fedrelandslaget Christopher Borchgrevink. Borchgrevink var på slutten av 1920- og byrjinga av 30-talet ein nær venn og stor beundrar av Vidkun Quisling, og var mellom anna aktivt deltakande i å få Quisling med i Fedrelandslaget, samt i arbeidet med å få Quisling innstilt som leiar av ei koalisjonsregjering leia av Bondepartiet. Borchgrevink såg på Quisling som ein person som stod utanfor «klassekampen», og meinte derfor at han var den perfekte skikkelsen for å samle det norske folk. Borchgrevink var også medlem av kretsen rundt Quisling sitt første forsøk på å danne eit eige politisk parti, Norsk Folkereising, som seinare vart grunnstamma av Nasjonal Samling.

Brevet var i stor grad retta mot Olsen-Hagen, og inngjekk dermed i ein polemikk med mange andre saker på denne tida.¹⁹⁰ I brevet trakk Borchgrevink fram Arbeiderpartiet si kjende revolusjonære historie, og føydde seg dermed inn i rekka av borgarlege tilsvær som la skulda på sosialistane. Borchgrevink karakteriserte Arbeiderpartiet som ei reell revolusjonær fare gjennom å påstå at «*Det Norske Arbeiderparti [...] i henhold til dets program arbeider for en revolusjon i Norge.*», og «*At De (Olsen-Hagen) og Deres parti [...] søker aa ødelegge samfundets politi—og militærmakt.*». Her forsvarar Borchgrevink samtidig Samfundsvernet sitt ønske om å verte ei støtte for politiet ved å vise til at politiet og militæret vart motarbeidd av sosialistane, og difor potensielt stod i ein utsett posisjon utan støtte frå folket. At han dermed forsvarar det faktum at Samfundsvernet ved ei slik løysing utfordrar det statlege valdsmonopolet verkar det likevel ikkje som om han er bevisst, eventuelt at han ikkje oppfattar det.

4.6.2 «En borgerlig kamporganisasjon kan bli en fare for den samfundsfred som må og skal bevares»

På same vis som i den tidlege pressedekninga av Samfundsvernet eg såg på i førre kapittel, utmerkar venstrepressa seg ved å legge seg i ei form for mellomposisjon mellom dei borgarlege (høgre- og bondepressa) og den sosialistiske/kommunistiske pressa. 21.mai 1928, to dagar etter offentleggjinga, kom Stavanger Aftenblad med ei førstesidesak der dei presenterte sine tankar rundt Samfundsvernet og den påståtte trusselen frå sosialistane.¹⁹¹ Det

¹⁹⁰ Nationen, 30.05.1928.

¹⁹¹ Stavanger Aftenblad, 21.05.1928.

vart vist forståing for at den kommunistiske agitasjonen (ønske om utrydding av borgarskapet og innføring av kommunistisk styresett, samt innlemming av Norge som ein del av Sovjet-Russland, etc.) hadde gjort inntrykk på borgarskapet, og at ein hadde sett seg nøydd til å ta visse førehandsreglar. Væpna ordensvern meinte dei derimot ikkje var riktig løysing. Argumentasjonen gjekk innleiingsvis ut på at styresmaktene gjennom ei årrekke hadde arbeidd med å bygge ned faren for at revolusjonære bevegelsar skulle lukkast gjennom til dømes strengare kontroll i forbindelse med våpensal, avslag på medlemskap i skyttarlag for «farleg» personar,¹⁹² og innføring av stadig strengare lovverk. Dei frykta difor at «*En borgerlig kamporganisasjon vil virke eggende og kan bli en fare for den samfunnsfred som må og skal bevaras.*».

Dagbladet gav den 22.mai 1928, i artikkelen «Svaret», uttrykk for at Samfundsvernet sitt forsøk på å skremme sosialistane til å gje opp sine revolusjonære planar tydelegvis hadde slått tilbake.¹⁹³ Dei meinte at offentleggjeringa berre hadde ført til at arbeidarklassa hadde følt seg provosert og svart med krav om oppretting av raude garder mot dei kvite.¹⁹⁴ Avisa forsøkte med andre ord å få lesarane til å sjå fareteikna som var i ferd med å utvikle seg ved å påpeike at «*Intet er farligere i samfundskonflikter enn gjensidig mistanke og frykt.*». Dei viste til at det var staten og dei statleg styrte organa som var ansvarleg for å oppretthalde ro og samfunnsorden, ikkje private og politisk-ideologiske interessegrupper som Samfundsvernet og raude arbeidarvern. Dei argumenterte med at det arbeidet Samfundsvernet gav uttrykk for at dei ynskte å gjere høyrde inn under det statlege politiet sitt ansvarsområde, og at Samfundsvernet dermed undergrov og delegitimerte politimyndigheita og statsstyringa så vel gjennom sitt virke som ved sin eksistens. Dagbladet frykta at slike grupper kunne utvikle seg til å verte ukontrollerbare, og argumenterte med at bruk av hemmelege organisasjonar og krefter var teikn på eit samfunn på tilbakegang.

Som vi ser så er venstrepressa imot private ordensvern, anten dei er «raude» eller «kvite», då dei oppfattar slike grupper som ein trussel mot statsmakta og denne sine monopol og rettar. Samtidig trekk dei fram faren som har utvikla seg når ein no potensielt kunne stå med væpna grupper på begge sider, som begge truga med å angripe motparten.

¹⁹² Ekskludering av kommunistar og kommunistiske skyttarlag vert mellom anna omtalt i artikkelen «Hvite gardar» som stod på trykk i Arbeiderbladet 11.05.1925.

¹⁹³ Dagbladet, 22.05.1928.

¹⁹⁴ Viser med andre ord til Arbeiderblad-artikkelen 21.05.1928.

4.7 Generalkrigskommissær Jens Bratlie si innblanding

Same morgon som Olsen-Hagen sin interpellasjon var planlagt i Stortinget valde tidlegare statsminister for Høgre,¹⁹⁵ no generalkrigskommissær, Jens Bratlie, å gå ut i Aftenposten si morgonutgåve for å legitimere Samfundsvernet.¹⁹⁶ Han omtalte gruppa som «*en fedrelandsvennlig organisasjon*», og meinte at det berre skulle mangle at visse på den politiske høgresida følte behov for å ta visse førehald med tanke på all den aggressive agitasjonen som hadde kome frå arbeidarklassa. Når det gjaldt Arbeiderbladet si oppfordring om oppretting av raude garder, meinte Bratlie at dette mest sannsynleg var for å «ta frå folket fridommen og stemmeretten», og ikkje som motsvar til Samfundsvernet som dei sjølv hevda. Bratlie definerte difor desse gruppene som «Stormtropper», eit uttrykk vi i seinare tid i større grad kjenner igjen frå omtale av NSDAP sine paramilitære gatetroppar SA. Det kan derfor for mange vere med stor undring å sjå at Bratlie omtalte «dei raude» med eit slikt omgrep. Kanskje nytta Bratlie omgrepet i si originale betydning, som ei beskriving av ei organisert gruppe som føretekk angrep, ofte overraskande, i ein politisk eller revolusjonær situasjon.¹⁹⁷ Men mest sannsynleg er det nok likevel at omgrepet vert nytta for å synleggjere at dei sosialistiske gruppene ikkje var det minste betre enn nazistane, og at dei raude «stormtroppene» burde oppfatast som aggressive med mål om å ta fridommen og stemmeretten frå folk flest, ikkje defensive som dei sjølv hevda.

Bratlie frama Samfundsvernet som eit norsk «skyddskår», då oppgåva deira var å respondere på den revolusjonære linja han meinte å identifisere hjå arbeidarklassa sine parti, og meinte det faktum at ingen hadde teke til orde for dette tidlegare var å rekne som «*en slapphet like overfor den åpenbare oprørspolitikkk*». Ettersom han meinte Samfundsvernet utgjorde ei avgjerande rolle for å hindre ein kommunistisk revolusjon og/eller borgarkrig, meinte Bratlie at det ikkje var mogleg å betvile legitimiteten til Samfundsvernet på dåverande tidspunktet. Først måtte faren for ei revolusjonær maktovertaking verte borte, og «*først da kan man felle dommen for eller imot Samfundsvernet*». Han påstod avslutningsvis at så lenge revolusjonsfaren og faren for borgarkrig var til stades så burde Samfundsvernet halde fram med sitt arbeid, då han såg på dei som ei nødvendighet for samfunnets og rikets sikkerheit.

¹⁹⁵ Bratlie sat som statsminister i Norge i perioden 20.02.1912-31.01.1913. Seinare var han ein av dei sentrale sentrale skikkelsane i oppbygginga av Fedrelandslaget på midten av 1920-talet, og sat ei periode også i partiet sitt styre.

¹⁹⁶ Aftenposten, 04.06.1928.

¹⁹⁷ «[Stormtropp](#)» i Norsk Akademisk Ordbok.

Det kan her vere svært interessant å merke seg at Bratlie, som tidlegare statsminister, ikkje problematiserte det faktum at Samfundsvernet var opne om sine ambisjonar om å utfordre politi- og valdsmonopolet. Med andre ord sette Bratlie «klassekampen» over landets lovar og reglar, noko som ikkje kan sjåast på som anna enn oppsiktsvekkande frå ein tidlegare statsminister.

4.8 Børge Olsen-Hagen sin interpellasjon i Stortinget

04.juni 1928 var det endeleg tid for den innmelde interpellasjonen til Olsen-Hagen. Han innrømte raskt at hans parti dagleg arbeidde for ein revolusjon der ein med «åndelege våpen» ville innføre eit sosialistisk samfunn. Han forstod at borgarklassa følte behov for å førebu seg på kamp, men meinte det heller var fordi dei frykta at dei ville miste sine privilegier og fordelar dersom arbeidarane lukkast med sin «revolusjon». Han trakk mellom anna fram kor raske heile den borgarlege sida var med å handle når Hornsrud fekk regjeringmakta, då dei såg føre seg at alle dei borgarlege fordelane raskt kunne forsvinne ved ei slik endring. Påstanden var at Samfundsvernet og liknande grupperingar var eit middel borgskapet ynskte å ha i bakhand for å slå ned den stadig sterkare arbeidarklassa, eit syn ein kjenner igjen frå arbeidarpressa. Olsen-Hagen meinte derimot dette var i frykt for at ei arbeidarregjering ville frata borgarskapet privilegia dei hadde nytt godt av i lang tid og at revolusjonssnakket berre var eit skalkeskjul dei nytta for å forsøke å legitimere desse gruppene.

4.8.1 Justisministeren sitt svar til Olsen-Hagen

Justisminister Evjenth uttalte i sitt svar at «*En av de første opgaver en civilisert stat i det hele tatt har, er den ting å oprettholde orden og verne om sine borgeres rettsikkerhet. Det er en opgave som ikke kan delegeres til private sammenslutninger.*».¹⁹⁸ Han la dermed raskt premisset for at regjeringa var sterkt imot bruk av private grupper som Samfundsvernet og eventuelle arbeidarvern, då desse i så fall ville utføre oppgåver som var staten sitt ansvar å handtere. Han meinte dei to sakene¹⁹⁹ begge var å rekne som potensielt lovstridige, og kunne

¹⁹⁸ Stortingstidende 1928, s. 1816.

¹⁹⁹ Artikkelen til Hvoslef i Aftenposten 19.05.1928 og motsvaret i Arbeiderbladet 21.05.1928.

difor opplyse om at dei no låg på bordet til riksadvokaten for nærmare juridiske vurdering. Påstandane frå arbeidarpessa om at styresmaktene ikkje behandla lovbrøt likt basert på «kva for klasse» som var tiltalt kjende han seg ikkje igjen i. Han meinte at ein ikkje ville vurdere sakene ulikt dersom det skulle vise seg at riksadvokaten konkluderte med at dei kunne utgjere ei fare for den allmenne samfunnsfreden eller eit brot på ordensvernparagrafen i Politilova.²⁰⁰

4.8.2 Den vidare debatten

Å seie at debatten førte fram til noko konkret løysing på problemet er ikkje mogleg. Trond Klykken konkluderer med at det einaste debatten førte til var «*de ulike holdningene som eksisterte til Samfundsvernet innenfor henholdsvis de borgerlige og sosialistiske partiene ble tydeliggjort.*».²⁰¹ Det er likevel viktig å merke seg at på tross av at mange var opne om si frykt for Arbeiderpartiet og dei eventuelle revolusjonære ambisjonane til partiet, var mange samtidig svært skeptisk til om ei løysing som Samfundsvernet var vegen å gå. Per Ole Johansen trekk fram at mange av dei borgarlege politikarane gjennom heile 1920-talet såg på bruk av frittståande borgarvern med eit ambivalent blick, då erfaringa frå andre stadar i Europa viste at slike grupper kunne utvikle seg til å verte i overkant valdelege og brutale, og at det ofte kunne verke som dei framprovoserte situasjonar dei kunne utnytte for å «forsvare» å nytte vald.²⁰²

²⁰⁰ Stortingstidende 1928, s. 1817.

²⁰¹ Klykken 2013, s. 45.

²⁰² Johansen 1989, s. 31.

4.9 Konklusjon

I denne perioden var dei tre synspunkta som var på Samfundsvernet ytterlegare sementert ettersom ein i denne perioden fekk stadig meir kjennskap til Samfundsvernet sitt arbeid og ambisjonar. Det eine synet er det som arbeidarpressa representerer. Desse viser klar motstand ovanfor grupperinga, og omtalar dei som lovstridige, reaksjonære og eit verktøy i borgarskapet sin kamp mot arbeidarklassa («klassehær»). Årsaka til dette synet ligg utan tvil i det faktum at grupperinga i høgste grad er open om sine antikommunistiske og arbeidarfiendtelege synspunkt, samt det faktum at dei vernar om eit politisk styresett som står for alt det arbeidarklassa kjempar for å verte kvitt. I tillegg meiner dei at Samfundsvernet er eit klart teikn på at rettsstatsprinsippet ikkje er gjeldande i Norge, då dei føler at behandlinga av Samfundsvernet er eit brot på prinsippet om likebehandling frå staten si side. Sjølv om arbeidarklassa har eit anstrengt forhold til styresmaktene argumenterer dei likefullt for at Samfundsvernet er eit brot på Politilova, samt i strid med prinsippet om staten/politiet sitt valdsmonopol. Dette vil seie at arbeidarpressa baserte sitt synspunkt på Samfundsvernet på eit ideologisk standpunkt («klassehær», arbeidarfiendteleg ideologi, etc.) og på eit juridisk standpunkt (ved å vise til Politilova og valdsmonopolet).

På den andre sida har ein synet som borgarskapet, og dermed mellom anna Aftenposten og Nationen er representantar for, nemleg det at Samfundsvernet er ei nødvendighet for å halde den «farlege» arbeidarklassa i sjakk. Dei framstiller Samfundsvernet som den siste bastionen for å behalde eit «fredeleg og demokratisk» samfunn, og dermed unngå ein eventuell borgarkrig slik som ein fekk i Finland. Dette synet handlar med andre ord om å verne om det «trygge» samfunnet der borgarskapet sit med makta, med dei fordelar dette fører med seg. Mykje av grunnlaget for Samfundsvernet er i følgje dette synet mangel på tillit til at politiet og styresmaktene åleine er sterke nok til å kunne handtere ein ekstraordinær situasjon, og at borgarskapet dermed, «i tradisjonell god norsk ånd» stiller seg tilgjengeleg. Dei greier ikkje innsjå at trusselen om å rette slike private borgarvern mot arbeidarane berre fører til ei meir fiendteleg og elektrisk stemning, mellom anna godt illustrert gjennom interpellasjonen til Olsen-Hagen. Det er svært interessant å merke seg det tronge synet som store delar av borgarpressa viser i denne perioden, då dei langt på veg støttar bruk av borgarvern på den eine sida, men samtidig fordømmer at motparten ynskjer egne vernegrupper som eit motsvar.

Det tredje synet, og det som på sett å vis skil seg ut frå dei to andre grunna dei meir «nøytrale»/ikkje klassebaserte argumenta, er venstrepressa sitt. Desse argumenterer for at Samfundsvernet ikkje har grunnlag for ein posisjon i det norske samfunnet, eit synspunkt ikkje basert på det ideologiske og verdimeslige synet Samfundsvernet representerer, men heller motstand mot den posisjonen Samfundsvernet ynskjer å fylle. Dei meiner det ikkje skal vere den sivile befolkninga si oppgåve å verne om ro og orden i samfunnet, då dette er staten si oppgåve. Ein kan også seie at venstrepressa påpeikar at grupperinga, berre ved sin eksistens, representerer «både en mistillit til staten og en trussel mot dets maktmonopol», som Trond Klykken formulerer det i samandraget av si oppgåve.²⁰³ Venstrepressa ser heller ingen fare i Arbeiderpartiet lenger, då dei meiner faren for ein kommunistisk revolusjon er lik null ettersom Arbeiderpartiet ikkje lenger verkar å ha slike ambisjonar, medan kommunistpartiet i venstrepressa sine auge ikkje er store nok til å utgjere ei reell fare for samfunnet. Dei meiner difor at grupperingar som Samfundsvernet berre kan sjåast på som eit unødig uromoment i samfunnet, som gjer større skade enn dei gjer nytte. Samtidig ser dei ulemper ved å tvangsoppløyse gruppa, då dette potensielt sett kan gjere mange av medlemane fiendtleg innstilt.

²⁰³ Klykken 2013, s. 3.

5. Reservepolitisaka katalysator for medieomtalen, 1928-1929

Dette kapitlet skal mellom anna ta for seg byrjinga på den kanskje største striden som oppstod i debatten rundt Samfundsvernet, den såkalla «reservepolitisaka». Denne saka gjekk i korte trekk ut på at Venstre-regjeringa i frykt for konsekvensane ved å tvangsoppløye Samfundsvernet, forsøkte å få kontroll over grupperinga gjennom å ta dei inn under det statlege politiet sine «vengar». Men korleis kom ein fram til ei situasjon der dette vart sett på som den einaste løysinga på problemet Samfundsvernet representerte for styresmaktene? Og korleis vart dette forslaget motteke hjå dei ulike partia si partipresse? For å finne svaret på dette er ein først nøydd til å gripe fatt i etterverknadane etter interpellasjonen til Olsen-Hagen som ein såg på i førre kapitel.

5.1 Etterverknadane av Olsen-Hagen sin interpellasjon

Som lova under debatten sende Justisdepartementet artikkelen til Hvoslef vidare til Riksadvokaten for vurdering av om denne kunne tolkast å kunne komme inn under §21 av politilova, og at den dermed burde straffeforfølgast.

5.1.1 Dei juridiske instansane si vurdering av Samfundsvernet

Riksadvokat Peder Kjerschow kom med si vurdering alt den 06.06.1928 og konkluderte der med at han ikkje kunne sjå at grupperinga kom inn under ordensvernparagrafen, og «frifann» dei. Forklaringa var at han tolka artikkelen dit hen at Samfundsvernet var ein organisasjon som «*forbereder sitt forsvar mot mulig revolusjon, altså mot et befryktet rettsstridig angrep.*»²⁰⁴ Riksadvokaten valde dermed å tru på Hvoslef då han i artikkelen understreka at Samfundsvernet ikkje skulle oppfattast som eit borgarvern, men heller som ei gruppering klar for å gripe inn mot potensielle revolusjonære handlingar. Avgjersla fekk støtte frå mellom anna Statsadvokat Grøner og Oslo sin politimeister, Kristian Welhaven, der førstnemnde uttalte at han fann «*all grunn til å gå ut fra at 'Samfundsvernet' [var] en loyal og lovlydig sammenslutning uten annet formål enn å beskytte rettssamfundet mot dets*

²⁰⁴ RA/S-2220/O/Ob/L0123. I mappe: Samfundsvernet. Politimestrenes uttalelser. Fra Riksadvokaten til JD, 6. juni 1928.

fiender.».²⁰⁵ Han meinte også at dersom det seinare skulle vise seg at Samfundsvernet risikerte å verte ramma av denne paragrafen, ville grupperinga si leiing med sikkerheit gjere dei nødvendige endringar for å halde seg på riktig side av lovverket. Ein kan dermed kanskje seie at Statsadvokaten hadde eit noko godtruande, og dermed også støttande, syn på Samfundsvernet, og at han verka å ha teke orda og budskapet til Hvoslef for god fisk. Welhaven på si side understreka klart og tydeleg at han ikkje såg på saka som noko påtalemyndigheitene trengde forhalda seg til, og tok dermed avstand frå debatten, mest sannsynleg for ikkje å provosere nokon av «sidene».

5.1.2 Justisdepartementet sitt syn på saka

Justisdepartementet meinte derimot, på tross av frifinninga både frå Riksadvokaten, statsadvokaten og politimeisteren i Oslo, at avgjersla var ukorrekt då dei oppfatta gruppa som eit brot på ordensvern-paragrafen.²⁰⁶ Dette grunn gav dei med at Samfundsvernet sitt arbeid var i strid med politimonopolet, då dei tolka gruppa sine vedtekter om å «*verne den bestående samfundsordning mot samfundsnedbrytende krefter*» som eit ønske i retning av å påta seg tradisjonelle «*politioppgåver*».²⁰⁷ Dei meinte difor at Samfundsvernet *ikkje* kunne halde fram som før, på tross av anbefalingane frå dei ovanfornemnde instansane.

Trond Klykken meiner å kunne identifisere at bakgrunnen for at departementet var såpass bastant i sitt syn på Samfundsvernet var erfaringane ein hadde frå utlandet. Han viser mellom anna til Per Ole Johansen si utgreiing om situasjonen i Tyskland, der liknande grupper²⁰⁸ i utgangspunktet hadde vore til hjelp for styresmaktene med å slå ned dei revolusjonære. Erfaringa var at desse gruppene følgde sine eigne «lover», og ofte utvikla seg til å verte i overkant valdelege og brutale. Johansen går så langt som å seie at det verka som om målet for visse av gruppene var å nærmast verte «ein stat i staten», noko ein mellom anna kan kjenne igjen frå spesielt Nazi-Tyskland.²⁰⁹ På tross av dette måtte Justisdepartementet innrømme at dei såg ei form for nytte i grupperinga, gjennom å ha ei «reservestyrke» i bakhand om til dømes ein revolusjonær situasjon mot venta skulle oppstå. Dette styrkar

²⁰⁵ RA/S-2220/O/Ob/L0124. I mappe: Samfundsvernet og politiloven §21. Notat JD, ca 14. oktober 1928.

²⁰⁶ Departementet var på dette tidspunktet leia av venstremannen Haakon Martin Evjenth (Justisminister), og var dermed «farga» av Venstre sitt syn.

²⁰⁷ Klykken 2013, s. 47.

²⁰⁸ Det kjem ikkje tydeleg fram kva «grupper» Johansen her snakkar om, men mest sannsynleg er det snakk om såkalla «frikorps».

²⁰⁹ Johansen 1989, s. 31.

mistanken Samfundsvernet hadde om at styresmaktene frykta at politi- og militærstyrkane kunne vise seg å vere for svake i ein slik situasjon. Dei ville likevel ikkje «sjå gjennom fingrane» at gruppa hadde lovstridige ambisjonar. Politikontoret sin byråsjef, Edvard Lasser, anbefalte dermed i eit internt notat i departementet 10.juni 1928 at det måtte «*sørges for, at vernet enten oppløses eller bringes inn under uomtvistelig lovlige former*²¹⁰». ²¹¹ Det kan med andre ord verke som om departementet, på tross av skepsisen, såg føre seg at det kunne vere lurt å ta visse førehald dersom dei «*revolusjonære tendensane*»²¹² skulle vise seg å materialisere seg, og at det dermed kunne vere greitt å ha ekstramannskap «på lur».

5.2 Samfundsvernet på Krigsskulen

5 månader etter Olsen-Hagen sin interpellasjon kunne vi igjen finne Samfundsvernet omtalt i media, då Arbeiderbladet i ein «sensasjonell artikkel» kunne fortelje at Samfundsvernet kvelden i førevegen hadde halde øving på sjølvaste Krigsskulen.²¹³ Dette gjorde at avisa igjen kunne framstille og frame Samfundsvernet som ei illegal avdeling av det offentlege militæret, viss formål skulle vere å halde arbeidarklassa nede, nærmast som ein klassehær for borgarskapet. Sjølv om dette nok var å ta i overkant hardt i, viser det likevel at grupperinga hadde eit langt tettare forhold til militæret enn nokon av dei involverte hadde vore villige til å innrømme. Saka vart ikkje betre når det vart gjort kjend at medlemane som hadde vore til stades på øvinga hadde fått utdelt ammunisjon, ammunisjon Arbeiderbladet «var sikre på» at hadde vorte donert av Krigsskulen sjølv som takk for grupperinga sitt arbeid mot arbeidarklassa.

²¹⁰ Mi eiga understreking.

²¹¹ RA/S-2220/O/Ob/L0123. I mappe: Angående Samfundsvernet. Notat JD, 10. juni 1928.

²¹² Fleire av Arbeiderpartiet og Kommunistpartiet sine underorganisasjonar viste på dette tidspunktet klare radikale tendensar, mellom anna illustrert ved at arbeidarar fleire gongar hadde møtt opp væpna under streikekonfliktar dei siste åra.

²¹³ Arbeiderbladet, 24.10.1928.

5.2.1 «Kaptein Thues private fekteparti»

Saka fekk naturleg nok også merksemd i Dagbladet, som meinte avsløringa måtte få alvorlege konsekvensar for Samfundsvernet, på tross av at «ingen skudd var blitt avfyrt».²¹⁴ Dei forsvarte samtidig militæret og leiinga ved Krigsskulen, då dei kunne informere om at ingen var blitt opplyst om at gruppa skulle nytte lokala. Gjennom sjefen for Krigsskulen, Wilhelm Nicolay Faye, kunne dei derimot opplyse om at lokalet skulle vore nytta av kaptein Thue til eit «privat fekteparti». Denne kaptein Thue viste seg å vere David Thue som på det aktuelle tidspunktet kan ha vore leiar for Samfundsvernet si Oslo-avdeling.²¹⁵

At ingen i den militære leiinga, eller ved Krigsskulen, skulle vete om Samfundsvernet sine planar hadde derimot Arbeiderbladet svært lite tru på.²¹⁶ Dei meinte at om det skulle vise seg å stemme at militærleiinga hadde lete seg lure på denne måten var dette i alle høgste grad klanderverdig. Dei hadde likevel langt meir tru på at nokon bevisst hadde vald å «snu ryggen til» og dermed stillteiande godteke at Samfundsvernet «utnytta» området til sine øvingar. Dette synet vart mellom anna illustrert i ein spydig karikatur som kom på trykk 27.oktober 1928 (Figur 2 under).²¹⁷ Avisa heldt dermed fram i same spor som tidlegare, ved å frame Samfundsvernet som eit ledd i militæret, og dermed også regjeringa og styresmaktene, sin kamp for å kontrollere og krenke arbeidarklassa. At avtalen til Thue sitt «fektlag» vart annullert grunna «ulovlig fremleie» var ei mager trøst for arbeidarprensa, og krava om handling frå styresmaktene vart ikkje akkurat mindre.

²¹⁴ Dagbladet, 25.10.1928.

²¹⁵ Thue hadde i følgje Arne D. Dahl vore major Sverre sin nestkommanderande i Samfundsvernet i 1923, og hadde seinare gått over i ei rolle som kan tyde på at han kan ha vore leiar for Samfundsvernet i Oslo ved tidspunktet for Krigsskule-saka. (Karsrud 1985, s. 22).

²¹⁶ Arbeiderbladet, 25.10.1928.

²¹⁷ Arbeiderbladet, 27.10.1928.



Figur 2 Karikatur frå Arbeiderbladet 27.oktober 1928

5.2.2 «Det bør uferdiges forbud mot at militære befalingsmenn deltar i Samfundsvernet»

Norges Kommunistblad følgde opp synet til Arbeiderbladet, og karakteriserte heile situasjonen som ei fadese for forsvarsdepartementet og Krigsskulen, og meinte det sa sitt når ein lot seg «lure» på denne måten.²¹⁸ Også dei meinte at dette var eit usannsynleg scenario, og det derfor mest truleg handla om militært personell som bevisst hadde vendt ryggen til og «ikkje sett» kva som gjekk føre seg bak ryggen deira. Avisa meinte derfor, på same måte som Arbeiderbladet, at dette var eit klart teikn på Samfundsvernet og militærvesenet sitt nære samarbeid, eit samarbeid som mest sannsynleg hadde støttespelarar heilt opp i den øvste politiske leiinga i regjeringa.

At hendinga var eit bevis på militærvesenet sitt arbeidarfiendtlege arbeid vart derimot raskt dementert og motsagt av kaptein Gudbrand Østbye²¹⁹, som i ein artikkel i Dagbladet 29.oktober 1928 fordømde Samfundsvernet og David Thue sine handlingar.²²⁰ Østbye kunne, med bakgrunn i den siste tidas hendingar, til ei viss grad forstå kvifor arbeidarprensa kunne oppfatte situasjonen slik, men understreka ettertrykkeleg at dette var ei feilaktig oppfatning utan rot i verkelegheita. Han argumenterte for at denne saka var eit klart teikn på den problematiske situasjonen ein risikerte ved private militærliknande grupper, ein situasjon som

²¹⁸ Norges Kommunistblad, 27.10.1928.

²¹⁹ Østbye var, i tillegg til å vere del av offiserskorpset, også open om sine sympatiar til partiet Venstre. Mellom anna sat han på delar av 1930-talet som leiar av Oslo Venstre.

²²⁰ Dagbladet, 29.10.1928.

vart langt meir problematisk ved det faktum at aktivt militært befall innehadde posisjonar i slike grupper. Det styresmaktene og militærvesenet no måtte gjere var å ta kraftig avstand frå Samfundsvernet og deira arbeid, då «*For forsvarrets skyld er det nødvendig at man får vekk ethvert skinn av berettigelse i den påstand at militærvesenet er en enkelt classes maktmiddel mot en annen.*», og legg dermed premisset for at yrkesmilitære gjennom medlemskap eller samarbeid med grupper som Samfundsvernet øydelegg dette arbeidet. Han viser til at Samfundsvernet vaks ut frå krefter på høgresida som hadde mistru til at staten og militæret var sterke nok, og at militær involvering i gruppa fører til at «*forsvaret lider skade og mange får mistillit til forsvarrets store og hellige oppgave*». Østbye si frykt var at om ikkje det vart sett ein stoppar for militært befall si involvering i Samfundsvernet ville reaksjonane frå sosialistane kunne verte farlege. For som han sa; «*Sist av alle bør vi [militæret] være med på å så borgerkrigens sed i vårt folk. [...] De militære skal være statens maktmiddel. Privat fingring med våbnene bør være dem forbudt.*».

Østbye meinte med andre ord at eit forbod mot involvering i slike grupper burde verte ein realitet før det var for seint å stogge situasjonen. Det er her interessant å merke seg at Østbye meinte problemet låg i militær involvering, ikkje det faktum at gruppene eksisterte. Dette må likevel ikkje tolkast i retning av støtte til slike grupper, men i større grad eit forslag til kvar ein kunne byrje arbeidet for å kvitte seg med slike grupper. Som vi skal sjå seinare i oppgåva var nettopp kaptein Østbye ein av dei fremste debattantane angående Samfundsvernet, og moglege løysingar for å kvitte seg med slike grupper.

5.2.3 Kaptein Thue sin forsvarstale

Stillheita frå høgrevaisene var merkbar i denne saka, noko mellom anna Dagbladet gjorde klart dei merka seg.²²¹ Dei uttalte at det faktum at høgrevaisene, som hadde vore svært så aktive i tida rundt Olsen-Hagen sin interpellasjon, no ikkje ønskte gje sitt synspunkt til kjenne var verdt å merke seg. Dette kunne berre bety at avisene følte dei var svar skyldig med tanke på støtta og forståinga dei tidlegare hadde vist Samfundsvernet. Dagbladet spurde seg derfor om kanskje høgrevaisene følte at dei spørsmål som no var nøydd til å svarast på vart rekna som tabu eller som skambelagt i dei borgarlege kretsane. Dei oppfordra derfor spesielt Aftenposten om å komme på bana, for «det nytter ikke å tie, for de tier ikke de som helst vil

²²¹ Dagbladet, 26.10.1928.

ha en sterk organisasjon av røde garder.»). Frykta var nemleg at «*Enhver opplysning om, at der rustes på den ene siden i samfundet egger dem på den andre siden. Og så organiseres borgerkrigen i det skjulte.*»).

30.oktober 1928 gjekk difor David Thue sjølv ut i Aftenposten for å «forklare seg», der han mellom anna tok all skuld for situasjonen som var oppstått.²²² Han understreka at dei militære myndighetene ikkje visste at det var Samfundsvernet som heldt øvingar på Krigsskulen, då Thue ikkje hadde følt det nødvendig å opplyse om dette når han inngjekk avtalen om leige av lokalet. Han framstilte vidare Samfundsvernet som eit legalt borgarvern, då han og mange med han tolka gruppa som «godkjende» som følgje av Statsadvokaten sine utsegn i etterkant av Olsen-Hagen sin interpellasjon. Han innrømde likevel at han forstod at dette var eit syn mange var ueinige i, då han sjølv hadde opplevd at gruppa den siste tida hadde hatt problem med å få leige lokale til sine møter og øvingar, og at leige under «falsk informasjon» dermed var einaste løysinga. Han meinte det sa sitt når arbeidpressa ropte opp så fort Samfundsvernet, «de brave borgere», haldt øvingar på Krigsskulen, medan dei lukka auga når «revolusjonens stormtropper»²²³, arbeidaridrettens organisasjonar, gjorde akkurat det same. Han framstilte her Samfundsvernet som dei «gode og lovlege», medan arbeidarklassa sine «stormtropper» i arbeidaridretten i staden er dei ulovlege, lovstridige og farlege.

Det faktum at gruppa hadde hatt problem med å få eigna lokale, samt det faktum at militært befall viste motstand til gruppa, var noko Arbeiderbladet noterte seg med stor glede.²²⁴ Styresmaktene skulle, ifølgje avisa, halde fram med å reknast som ein klassefiende av arbeidarklassa, då desse «*ser på fascister og arbeidsfolk gjennom forskjellige briller.*», men at det var eit «steg i riktig retning» at dei hadde byrja miste trua på arbeidarfiendtlige grupper som Samfundsvernet.

²²² Aftenposten, 30.10.1928.

²²³ Her ser vi igjen at omgrepet «Stormtropper» vart nytta av høgresida for å karakterisere det dei oppfatta som sosialistiske kampgrupperingar, her brukt som ei antitese gjennom å skulde motparten med same omgrep ein sjølv vart utsett for.

²²⁴ Arbeiderbladet, 30.10.1928.

5.3 Kan Samfundsvernet likevel være eit verdifullt supplement for politiet?

Medan situasjonen med Samfundsvernet sine øvingar på Krigsskulen sitt område og dei påfølgande diskusjonane i media gjekk føre seg, vart det halde ei rekke møte mellom Justisdepartementet og Samfundsvernet angående framtida til gruppa. For grupperinga var i sannheit eit verkeleg problem og ei nøtt for regjeringa, både politisk og juridisk. Og med Thue-situasjonen i bakhovudet følte regjeringa at dei ikkje kunne unngå å gjere noko for å få større kontroll på situasjonen. Som tidlegare nemnd hadde departementet innsett at det ikkje var uproblematisk å tvangsoppløyse gruppa, samtidig som det vart stadig klarare at gruppa kanskje kunne ha ei rolle å spele i det norske beredskapsarbeidet. Spesielt var dette tenkt i meir landlege område, der politistyrkane i utgangspunktet ikkje var større enn høgst nødvendig. Spesielt situasjonane som hadde oppstått under skogkonfliktane i Julussa (1927) og Austmarka (1927-1928), der arbeidarar hadde møtt væpna opp og demonstrert i møte med streikebrytarar, hadde vist at behovet for ekstra styrkar så absolutt var til stades.²²⁵ Det vart difor diskutert korleis ein kunne få dette i orden samtidig som ein heldt seg innanfor lovverket.

Målet for arbeidet for styresmaktene var å få kontroll over gruppa, samtidig som ein ikkje provoserte nokon unødige, med andre ord å «ta lurven av ekstremismen ved å inkorporere det i det demokratiske systemet.» som Øystein Sørensen formulerte det i si bok.²²⁶ Lenge hadde ein tenkt at Samfundsvernet ynskte ei rolle som politimyndigheit, om enn med færre rettar enn det statlege politikorpset hadde, ein posisjon som i så fall ville fjerna staten sitt politimonopol. Så styresmaktene sitt første forslag til gruppa var Samfundsvernet stilte sine medlemmar tilgjengeleg for politiet ved behov, samtidig som gruppa fekk halde fram med sitt arbeid, eit kompromiss styresmaktene følte ville halde situasjonen på riktig side av lovverket. Gruppa vart dermed, som Rolf Hobson og Tom Kristiansen formulerte det, ein «*halv-offisiell organisasjon*».²²⁷

Det viste seg derimot at oppgåva gruppa såg føre seg å dekke var ei litt anna enn den styresmaktene føreslo. Dette kom fram då Samfundsvernet sin formann, Hjalmar Riiser-Larsen, i eit brev til departementet informerte om at Samfundsvernet såg føre seg å dekke «intervallet» mellom når politiet sende bod på militær støtte og til militæret faktisk hadde

²²⁵ Klykken 2013, s. 48.

²²⁶ Sørensen & Brandal 2018, s. 86.

²²⁷ Hobson & Kristiansen 2001, s. 166.

greidd å organisere seg og vere på plass.²²⁸ Dei ønskte med andre ord ikkje å utfordre politimonopolet slik det var blitt hevda, men i staden vere til støtte i ei periode då motstanden frå politiet og militæret ville vere på sitt lågaste. Ein kom til slutt fram til eit kompromiss der grupperinga i seg sjølv ikkje vart fullstendig styrt av politiet, men der grupperinga sine medlemar stilte seg sjølv disponible for politiet til å gjere nytte av dei ved behov. Denne løysinga var ganske lik den departementet hadde kome med i første omgang, med det unntak at ein i det endelege forslaget gav gruppa meir sjølvstendig fridom i det daglege arbeidet, men der dei forplikta seg til å vere disponible ved behov. Det skulle likevel vere opp til den enkelte politimeister i kva grad ein ville gjere nytte av desse medlemane eller ikkje, samt å opprette og halde kontakt med gruppa. Like før jul i 1928 sende derfor Justisdepartementet ut eit skriv til alle landets politimeistrar med beskjed om å opprette kontakt med dei eventuelle lokale avdelingane, og deretter melde tilbake til departementet resultatet av dette, eit skriv det raskt skulle vise seg at styresmaktene skulle angre på.²²⁹

5.4 «Samfundsvernet blir av justisdepartementet anerkjent som reservepoliti!»

Arbeidarpressa og arbeidarklassa oppfatta rundskrivet som eit forsøk frå styresmaktene på å påtvinge politimyndigheitene ansvaret for Samfundsvernet, og på den måten presse gjennom ei formell godkjenning av grupperinga.²³⁰ Dei heldt dermed fram med å framstille situasjonen som eit samarbeid mellom Samfundsvernet og styresmaktene i eit felles forsøk på å halde nede ei veksande arbeidarklasse, ei utvikling som dei trudde vart sett på som eit trussel for den tradisjonelle borgarlege dominansen.

5.4.1 Arbeidarklassa føler behov for å kunne forsvare seg

Rundskrivet vart, av arbeidarklassa, også oppfatta som ei krigserklæring frå Venstre.²³¹ Denne openberre «krigserklæringa» frå det statsstyrande partiet mot ei av dei sosiale klassene førte til at mange av dei «undertrykte arbeidarane» for alvor byrja tenke på oppretting av sine eigne klassekampgrupperingar for å slå tilbake mot den uretten dei føler

²²⁸ Klykken 2013, s. 54.

²²⁹ RA/S-2220/O/Ob/L0125. I mappe: «Arbeidervern 1929-1936». Fra JD til politimestrene, 22. desember 1928.

²³⁰ Arbeiderbladet, 15.01.1929

²³¹ Arbeiderbladet, 16.01.1929.

seg utsett for.²³² Det vart difor, etter initiativ frå sentralstyret til Arbeiderpartiet og sekretariatet ved Arbeidernes faglige Landsforbund, sett ned ein komité som skulle utarbeide og drøfte spørsmålet kring oppretting av Arbeidarvern som defensivt mottrekk til Samfundsvernet.²³³ I denne komitéen kunne ein finne sentrale sosialistiske skikkelsar som mellom anna Oscar Torp, Trygve Lie og Einar Gerhardsen, så at diskusjonen rundt oppretting av vernegrupper for arbeidarklassa var reell er det ingen grunn til å tvile på.

Det hadde tidlegare fleire gongar vore snakk i arbeidarpessa om at ein på sosialistisk side burde skaffe seg sine eigne vernegrupper som motsvar til grupper som Samfundsvernet, men oftast hadde desse krava forsvunne ganske raskt. Men denne gangen verka det som om kravet og ønsket var både sterkare og meir konkret enn tidlegare, då ein gjekk til det skritt å utreie moglegheitene for oppretting av slike grupper. Ein kan dermed slå fast at regjeringa sitt forsøk på å få kontroll over Samfundsvernet gjennom å «tvinge» dei inn under politiet si styring, berre hadde ført til at arbeidarklassa var blitt enda provoserte, og spenningane mellom dei to politiske ytterpunktane nådde eit klart høgdepunkt gjennom potensiell oppretting av kampgrupper på begge sider.

5.4.2 Arbeiderbladet sin «De ulovlige»-artikkel

Den nemnde Arbeiderblad-artikkelen frå 16.januar 1929, som forøvrig hadde det talande namnet «Krigserklæringen», gav klart uttrykk for arbeidarklassa si skuffelse over Venstre si «legalisering» av Samfundsvernet. Det vart påstått at Venstre i lang tid hadde gjeve uttrykk for ønsket om å vere i ein mellomposisjon, og med det kunne fungere som «fredens talsmenn» og «meglere» mellom borgarskapet og arbeidarklassa, ein posisjon Arbeiderbladet no meinte partiet for alvor hadde forlete ettersom dei gjennom rundskrivet hadde avslørt sitt «sanne ansikt».

Artikkelen gav også ei svært så interessant oversikt over avisa sitt syn på Samfundsvernet, då ei lista opp ei lang rekke lovbrøt og hendingar dei meinte Samfundsvernet var ansvarlege for. Gjennom denne «oppramsinga» gav dei Samfundsvernet ei rekke tilnamn, oftast knytta til alt det ulovlege dei meinte Samfundsvernet hadde gjort. Mellom anna valde avisa å «døype om» Samfundsvernet til «Samfundsherjeren», eit klart

²³² Meddelelsesbladet, «Samfundsvernet», s. 3 (1929 Vol. 24 Nr. 1-11/12).

²³³ Meddelelsesbladet, «Kringsjå», s. 111 (1929 Vol. 24 Nr. 1-11/12).

teikn på korleis Arbeiderbladet såg på Samfundsvernet si rolle og oppgåve i samfunnet. Vidare vart mellom anna karakteristikkar som «den ulovlige bygger av barrikader», «den ulovlige samler av våpen», og «den ulovlige øver av skyting» brukt for å gjere det enda klarare at motstanden mot Samfundsvernet om mogleg var enda større i dei sosialistiske kretsane enn nokon gong før.

«Den ulovlige samler av våpen» spelar mellom anna på det faktum at det var kjent at Samfundsvernet hadde tileigna seg våpen på mildt sagt diskutabelt vis, mellom anna gjennom å opplyse i våpensøknadane at desse var meint til skyttarlag eller militært formål.²³⁴ Det spelar nok også på det faktum at Hvoslef i si «avsløring» hadde innrømt at grupperinga hadde våpen tilgjengeleg, og at ein ikkje var framand med tanken om å ta desse i bruk ved behov.

«Den ulovlige øver av skyting» er nok i nærmast uteløkkande grad mynta på den omtalte situasjonen der kaptein Thue gjekk bak militærleiinga og sine overordna sin rygg for å kunne nytte Krigsskulen sin ordresal til eksersis i mellom anna våpenbruk, skyting og bajonettkamp. Denne referansen er også ein naturleg vidareføring av «Den ulovlige samler av våpen», og utgjer dermed ei form for narrativ forteljing om Samfundsvernet sine skandalar rundt våpen- og våpenbruk.

«Den ulovlige bygger av barrikader» er nok ei antitese, og spelar nok på det faktum at det tradisjonelt sett har blitt påstått at revolusjonære grupper bygg barrikader mot styresmaktene. Her har ein ei gruppe som Samfundsvernet, som presenterer seg som statsbærande og ein forsvarar av den etablerte orden, men som arbeidarprensa lenge hadde påstått var dei verkeleg revolusjonære. Gjennom å dermed påstå at Samfundsvernet bygg barrikader framstiller Arbeiderbladet gruppa som det revolusjonære elementet i den førestilte klassekamp-striden, stikk i strid med det gruppa sjølv gjev uttrykk for.

Formålet med å «minne» lesarane på alle desse hendingane var utan tvil å skape enda større motstand blant arbeidarklassa mot Samfundsvernet, som no «til og med virker å ha regjeringa i ryggen».²³⁵ Samtidig er det lite tvil om at formålet også i stor grad var å synleggjere mykje av det negative Samfundsvernet stod bak, og på den måten delegitimere grupperinga. Det er også logisk å tenke seg at det kan ha vore eit forsøk på å påverke dei ulike politimeistrane når dei på dette tidspunktet skulle gjere ei vurdering i korleis dei ville stille

²³⁴ Meir om denne saka er å lese i mellom anna Klykken 2013, s. 36, samt i Arbeiderbladet 17.06.1924 og 23.06.1924.

²³⁵ I alle fall ut frå arbeidarklassa si oppfatning.

seg til å inngå eit «samarbeid» med grupperinga. Håpet var nok at fleire ville følgje Oslo-politiet sitt standpunkt om å nekte å ha noko form for relasjon til gruppa, og dermed trosse departementet si anbefaling.

Samtidig la ikkje avisa skjul på at denne «legaliseringa» vil få konsekvensar. Dei oppfattar rundskrivet, og det dei tolkar som intensjonen med det, som «en ren og klar krigserklæring». Dei seier mellom anna at «*regjeringen Mowinckel og dens Hr. Evjenth vil få erfare at de allikevel ikke er alene om å bestemme i dette landet*». Korleis ein skal tolke dette er ikkje godt å seie. Ein kan til dømes tolke det som eit varsel om at regjeringa vil møte stor motbør i etterkant. Men det kan også tolkast som ei åtvaring om at arbeidarklassa no er klare for å ruste seg til kamp, mellom anna understreka av det oppnemnde utvalet som skulle vurdere oppretting av Arbeidarvern. Uansett korleis denne formuleringa var meint så «*Er hansken kastet. Og den skal bli tatt opp*», som artikkelen vart avslutta med.

5.4.3 Samfundsvernet, fascismens skalkeskjul i Norge

Også mange av dei andre arbeidaravisene kom i denne perioden med karakteristikkar av Samfundsvernet som gjer at ein kan slå fast at fascisme-skuldingane mot Samfundsvernet intensiverte igjen i denne perioden. Mellom anna kom Arbeidet 01.februar 1929 med ein artikkel med namnet «Kampen mot fascismen», der dei gjekk gjennom fascismen si historie i Norge.²³⁶ Dei viste til starten på fascismen i Norge, at tilhengarane raskt innsåg at ein ville møte motstand om ein var open om sitt syn, og at ein dermed måtte «jobbe» i det skjulte med å inkorporere ideologien i landet. Avisa trakk fram enkeltpersonar som var viktige i dette grunnleggande arbeidet, Fedrelandslaget som eit forsøk på å «lure» fascismen inn i norsk politikk, og drog vidare parallellar til Samfundsvernet. Gjennom å bygge artikkelen opp på denne måten, og ved å inkludere Samfundsvernet som eit forsøk på å nytte fascistiske bevegelsar for å innføre ideologien i landet, forsøkte avisa å styrke lesarane si oppfatning av at regjeringa gjennom å «godkjenne» Samfundsvernet samtidig hadde godkjent og gjeve fascismen fotfeste i Norge. Ein kan seie at artikkelen framstilte Samfundsvernet som det foreløpig siste i ei lang rekke av forsøk på å i skjul gje fascismen innpass i det norske samfunnet.

²³⁶ Arbeidet, 01.02.1929.

Det same synet kom også fram i artikkelen «En erkjennelse» som ein fann i Telemark Arbeiderblad 02.februar 1929. I artikkelen vart Samfundsvernet framstilt som både fascistiske og som eit teikn på at dei borgarlege partia no for alvor hadde samla seg i felles kamp mot arbeidarklassa.²³⁷ I saka vart legaliseringa og utnemninga av Samfundsvernet som reservepoliti framstilt som ei stadfesting på at dei sosialistiske partia for alvor vart sett på og oppfatta som ein konkurrent for til dømes Høgre, Venstre og Bondepartiet, og då ein såpass sterk konkurrent at desse partia var nøydd til å ta i bruk private borgarvern for å halde arbeidarklassa tilbake. Med andre ord tolka avisa det at regjeringa såg seg nøydd til å ta i bruk Samfundsvernet som eit klart teikn på at sosialistane for alvor hadde vorte ein del av den politiske eliten, og at samfunnsutviklinga viste at arbeidarklassa var i ferd med å få stadig større makt. Samtidig var det eit teikn på at den borgarlege sida var svekka, då dei ikkje lenger følte dei hadde nok forsvar i lovverk og demokratiske middel, men måtte utstyre seg med ekstra vernegrupper.

5.5 «Samfundsvernet, en klassekamporganisasjon av fascistisk anløpne elementer»

Når ein les overskrifta på dette underkapitelet kunne ein ved første augekast tenke seg at sitatet er henta frå nok ei sak signert ein av dei radikale publikasjonane på den sosialistiske sida, og då kanskje helst frå ein av dei kommunistiske avisene som oftast hadde dei mest «maleriske» skildringane. Men sitatet er henta frå Dagbladet, ei av dei liberale avisene som gjennom heile 1920-talet hadde heva seg over den tradisjonelle klassekampen mellom borgarskapet og arbeidarklassa. Venstrepressa hadde i lang tid hovudsakleg basert sitt syn på grupperinga ved å vise til lovverket og prinsippa staten var bygd opp på, som til dømes rettsstatsprinsippet og politiet sitt monopol på vald og politioppgåver. At ein her går såpass hardt til verks ved å nytte mange av dei same karakteristikkane som arbeidarprensa er derfor verdt å merke seg og sjå nærmare på, då dette markerer eit klart skilje i venstrepressa si omtale av Samfundsvernet.

²³⁷ Telemark Arbeiderblad, 02.02.1929.

5.5.1 Venstrepressa sitt angrep på sitt eige parti for «legaliseringa av fascismen»

Saka det her er snakk om stod på trykk i Dagbladet 16.januar 1929, med andre ord same dagen som Arbeiderblad-artikkelen eg har sett på ovanfor.²³⁸ Saka er i hovudsak eit angrep på regjeringa og partiet avisa sokna til, noko som ikkje nødvendigvis er ei overrasking når ein veit at Venstre og deira partipresse i denne perioden hadde eit langt meir anstrengt forhold enn det som gjaldt for dei andre politiske partia.²³⁹ Avisa tydeleggjer sin skuffelse over at deira eige parti, som alltid hadde hatt som grunnlag å vere klasseuavhengig og for å arbeide for «rettferd og forståelse mellom klassene», no hadde gått til det steg å legalisere ei gruppe som var såpass open om si ideologiske plassering og sitt syn på arbeidarklassa.

I artikkelen vart Samfundsvernet karakterisert og frama som ein «klassekamporganisasjon», noko som for alvor viser at ikkje berre såg venstrepressa på Samfundsvernet som ein trussel mot stillinga til politi og politimyndigheitene, men no også som eit farleg ledd i borgarskapet sin klassekamp mot arbeidarklassa. Når avisa i tillegg styrka denne oppfatninga gjennom å trekke fram at dei oppfatta at grupperinga hadde klare fascistiske element ved seg, er det tydeleg at det ikkje lenger berre var trusselen mot statsmakta som var skremmande ved Samfundsvernet. Det faktum at valet om å gje grupperinga ei form for godkjenning, av Dagbladet omtalt som «udemokratisk» og «en dumhet», seier også sitt om at venstrepressa no hadde fått eit langt meir kritisk syn på Samfundsvernet enn tidlegare. Samtidig påpeika Dagbladet i denne artikkelen at regjeringa ved å gje Samfundsvernet ei slik form for anerkjenning, om enn i håp om å kunne kontrollere dei, samtidig hadde gjort situasjonen verre med tanke på å halde sosialistane i sjakk. Avisa frykta at desse ville ta i bruk raude grupperingar som «hemn», ei frykt som ein no veit skulle vise seg å vere reell.

²³⁸ Dagbladet, 16.01.1929.

²³⁹ Dette kom eg inn på i presentasjonen av partipresse-omgrepet i kapitel 2.

5.5.2 «I beste fall en pyrrhus-seier å legalisere Samfundsvernet»

Dei påfølgande dagane etter den alt nemnde Dagbladet-artikkelen kom der ei rekke nye saker i same avis, samt i ei rekke andre venstreaviser, der Samfundsvernet til stadigheit vart karakterisert og frama som så vel fascistiske og radikale, og som ein trussel mot samfunnsfreden. Den gjennomgåande tonen i artiklane venstrepressa presenterte i denne perioden gjekk i stor grad ut på å framheve alle sidene ved grupperinga som kunne utgjere ei fare for samfunnsfreden, og då i hovudsak med fokus på det mykje omtalte rundskrivet som i sosialistisk presse var blitt framstilt som ei krigserklæring, og som Dagbladet oppfatta som ei utnemning av «et nytt politi».²⁴⁰ Dei viste til dei mange diskusjonane som hadde vore både i media og i Stortinget om korleis ein skulle stille seg til raude og kvite ordensvern, og der Venstre og deira representantar så godt som utan unntak hadde vist klar motstand mot slike tiltak, ofte basert på det faktum at det ville utfordre dei ulike monopola staten hadde oppretta for å sikre eit sivilisert samfunn.²⁴¹

Statsminister Mowinckel påstod sjølv at «godkjenninga» av Samfundsvernet var eit forsøk på å få kontroll over dei gjennom å forsøke å «kvele» gruppa sin sjølvråderetten gjennom å tvinge dei inn i politiet si «varetekt». Dagbladet karakteriserte den 24.januar 1929 dette som i beste fall ein «pyrrhus-seier», ein situasjon der dei negative konsekvensane er større og viktigare enn dei positive, ettersom handlinga i staden framprovoserte trugsmål om oppretting av Arbeidarvern som eit motsvar frå arbeidarklassa.²⁴²

5.6 «Venstrepressen har slukt arbeidernes agn»

Høgre- og bondepressa valde som vanleg å halde seg taus i periodane der det storma som verst rundt Samfundsvernet, og ikkje før 01.februar 1929 kan vi finne noko som kan minne om ei redaksjonell sak frå Aftenposten, då avisa går ut å deler sine synspunkt rundt den pågåande debatten. I artikkelen «En hanskekomedie» latterleggjorde Aftenposten påstandane Arbeiderbladet kom med 16.januar 1929 om at «hansken er kastet» og at sosialistane snart stod klare til å forsvare seg sjølv med sine eigne væpna grupper.²⁴³ Saka sitt formål slik eg

²⁴⁰ Dagbladet, 17.01.1929.

²⁴¹ Tenker her spesielt på valds- og politimonopolet som staten har gjeve politiet gjennom lovverket.

²⁴² Dagbladet, 24.01.1929.

²⁴³ Aftenposten, 01.02.1929.

tolkar det var å forsøke å dempe den auka skepsisen som hadde vakse fram i tida etter at rundskrivet var blitt sendt ut, mykje grunna dei mange sakene som var blitt publisert av venstre- og arbeidarprensa. Dei karakteriserte pressedekninga frå arbeidarprensa som «*en bloddampende pressekampanje hvis formål er å skade Samfundsvernet*», noko som ifølge Aftenposten dessverre hadde ført til at venstrepressa og deira lesarar hadde «slukt det levende agn» og lete seg lure av sosialistane sitt narrespel. Aftenposten trakk mellom anna fram det ironiske ved det faktum at den politiske sida som no følte seg krenka, i lang tid sjølv hadde agitert for å bruke sine egne kampgrupper for å få gjennom viljen sin, så slik sett såg dei på saka som ein vits.

5.6.1 Samfundsvernet viktigare enn nokon gong

Den gjennomgåande melodien i høgrepressa dette året gjekk i stor grad ut på å trekke fram og synleggjere viktigheita Samfundsvernet hadde i ei tid då sosialistane for alvor hadde gjort alvor av sine langvarige trugsmål om oppretting av sine egne kampgrupper. Mellom anna kunne Aftenposten presentere eit lesarbrev 22.oktober 1929 der skrivaren framstilte Samfundsvernet som ein viktig institusjon for å hindre «*ulovlige handlinger*» frå venstresida.²⁴⁴ At dette eventuelt skulle rettferdiggjere oppretting av Arbeidarvern, som at på til skulle ha dei same rettane som Samfundsvernet²⁴⁵, meinte vedkommande var «*en logikk som kun hører hjemme i venstrepressen*».²⁴⁶

4 dagar seinare, 26.oktober 1929, kom det i same avis ein redaksjonell artikkel som nok kan sjåast på som ei vidareføring av lesarbrevet frå 22.oktober 1929.²⁴⁷ I artikkelen vart det atter ein gong trekt fram nokre av dei årsakene og elementa arbeidarklassa hadde gjort seg skulding i, og som hadde ført til at borgarskapet følte behov for å «verne samfunnet». Ein fokuserte i størst grad på agitasjonen spesielt Arbeiderpartiet sine stortingsmenn hadde presentert ved ulike samanhengar. Ein minna lesarane på at det hadde vore agitert for så vel «*blodig revolusjon*», «*bajonettkamp og mitraljøser på barrikadane*» og at klassefiendar skulle «*henges i lyktepælene*». At nokre dermed følte behov for å gjere visse tiltak i tilfelle det vart gjort alvor av desse trugslane meinte derfor avisa at berre skulle mangle, og kunne ikkje forstå

²⁴⁴ Aftenposten, 22.10.1929.

²⁴⁵ Mange på sosialistisk side meinte dei nye Arbeidarverna som var under «planlegging» burde få dei same rettane som Samfundsvernet for å vise at staten ikkje favoriserte den eine sida over den andre.

²⁴⁶ Med «venstrepressen» kan ein tenke seg at skrivaren både siktar til venstre- og arbeidarprensa.

²⁴⁷ Aftenposten, 26.10.1929.

anna enn at dei med eit visst snev av fornuft som hørde til arbeidarklassa ville innsjå at dei no møtte seg sjølv i døra.

5.7 «Politiet vil ha det kvitt»

På tross av at regjeringa gjekk inn for å «kontrollere» Samfundsvernet gjennom å legge grupperinga inn under politiet si leing, ein idé som i seg sjølv møtte enorm motbør på begge sider av det politiske landskapet, var nok likevel overraskinga størst over å oppdage kor lite velkommen denne løysinga var frå politiet sjølve.²⁴⁸ Lars Borgersrud går så langt som å karakterisere forsøket som mislykka med tanke på kor få eksempel ein fekk på at planen til departementet gjekk som planlagd.²⁴⁹ Årsaka var at politiet sjølve var svært lite interessert i løysinga, samtidig som Samfundsvernet sjølv var svært tilbakehaldne med informasjonen ved dei få tilfelle der gruppa og politiet faktisk oppretta ei form for kontakt.

5.7.1 Politiet stiller seg på bakbeina

Aftenposten kunne melde om at politimeisteren i Oslo nekta å gå med på løysinga departementet såg føre seg, og nekta derfor å gjere noko forsøk på å opprett kontakt med den lokale avdelinga.²⁵⁰ Welhaven nekta ikkje for at han var klar over at grupperinga hadde avdelingar i område som var under hans politimyndigheit,²⁵¹ men stod hardnakka på sitt standpunkt om ikkje å ha noko med gruppa å gjere då han ikkje fann ei slik form for assistanse verken «*ønskelig eller nødvendig*».²⁵² Det same standpunktet tok raskt politimeistrane i mellom anna Drammen, Aker og Sarpsborg, der Drammenspolitiet uttalte at dei meinte løysinga var svært uheldig då det i deira auge berre var «*ekte*» politi som burde opptre i ei slik rolle, ikkje private grupperingar som Samfundsvernet.²⁵³ Eit slikt utsagn baserte seg på tanken om at det berre var politiet som skulle ha politimyndigheit (politimonopol), samt å lovleg kunne gjere bruk av vald (valdsmonopol), og er dermed del av

²⁴⁸ Klykken 2013, s. 55.

²⁴⁹ Borgersrud 2010, s. 196. Sjå også Sørensen & Brandal 2018, s. 88.

²⁵⁰ Aftenposten, 12.02.1929.

²⁵¹ Oslo-avdelinga var den største av Samfundsvernet sine lokalavdelingar, og utgjorde åleine kanskje så mykje som nær 50% av den samla medlemsmassa grupperinga hadde. Ola Svein Stugu meiner å ha kome fram til at det i Oslo rundt 1930 var ein stad mellom 1300-2000 «vernarar». (Stugu 2013, s. 16).

²⁵² Dagbladet, 13.02.1929.

²⁵³ Arbeiderbladet, 23.02.1929.

framen om at Samfundsvernet var ein representant for dei udemokratiske og antiparlamentariske strøymingane i landet. Det faktum at det var Welhaven som gjekk i front for å vise politiet sin motstand mot ordninga var heller på ingen måte tilfeldig. Han vart nemleg av mange av dei andre politimeistrane rundt omkring i landet rekna som den fremste av sine kollegaer, og vart mellom anna omtalt som «Oslo-bispen» grunna si framtreddende stilling innanfor politiet.²⁵⁴ Så at Oslo-politiet viste så sterk motstand mot ordninga smitta nok over på mange av dei andre politimeistrane som nærmast såg opp til Welhaven som eit førebilete.

Også andre stadar i landet viste politiet stor motvilje mot å samarbeide med gruppa, og mange av politimeistrane valde å «lukke auga» og påstå at der ikkje fantes avdelingar i deira område. Mellom anna meinte politimeisteren i Fredrikstad at der ikkje fantes Samfundsvern-avdelingar i hans by.²⁵⁵ Det same uttalte også politiet på Kongsberg²⁵⁶ og Gjøvik, medan politimeisteren på Hønefoss mot sin vilje følte seg pressa til å gå med på løysinga departementet hadde føreslått.²⁵⁷ Ei anna ganske vanleg grunngjeving for å ikkje ville gå inn i samarbeid med private grupperingar kom frå politimeisteren i Trondheim, Mejlænder. Han skreiv i sitt svar at han for det første ikkje kunne sjå kva rolle departementet såg føre seg at grupper som Samfundsvernet kunne fylle, då politiet langt heller ynskte å nytte militæret som eventuell støtte om behovet for ekstra mannskap skulle oppstå. I tillegg ynskte han ikkje å inngå eit slikt samarbeid, då han var klar på at han var politimeister både for «borger og arbeider», og frykta at ein ved eit slikt samarbeid ville provosere arbeidarklassa i ei slik grad at dette berre ville skape større problem, problem ein ikkje såg føre seg å kunne handtere slik situasjonen var.²⁵⁸

Vi ser her at grunngjevingane frå dei ulike politimeistrane er ganske like dei mellom anna kaptein Østbye nytta for å synleggjere farane det kunne føre med seg at offentlege personar (militært befal, politikarar, politi, etc.) tok parti med ei sosial klasse over ei anna. Mange av politimeistrane nekta å gå med på forslaget av den enkle grunn at dei ikkje såg føre seg at det skulle vere behov for ekstra mannskap, og om det skulle vise seg å verte behov ville dei langt heller vende seg til militæret. Men nokre grunngav avslaget med frykta for å provosere arbeidarklassa, og då vi veit at mange tilhøyrande arbeidarklassa alt før dette var av

²⁵⁴ Klykken 2013, s. 55.

²⁵⁵ Arbeiderbladet, 23.02.1929.

²⁵⁶ Dagbladet, 21.02.1929.

²⁵⁷ Arbeiderbladet, 26.02.1929..

²⁵⁸ RA/S-2220/O/Ob/L0123. Mappe «Angående samfundsvernet». Fra Politimesteren i Trondheim til JD. Datert 19. februar 1929, signert Mejlænder.

den oppfatning at politiet var del av borgarskapet sin plan for å halde arbeidarklassa nede, ville ikkje eit samarbeid med Samfundsvernet akkurat vore til hjelp for å dempe denne mistrua.

5.7.2 Frå borgarvern til nødvergeorganisasjon

Når støvet hadde lagt seg viste det seg at departementet sitt forsøk på å få kontrollen over Samfundsvernet hadde mislukkast totalt. Berre fem av landets politimeistrar hadde gjort som departementet ynskte og lukkast med å ha inngått ei form for samarbeid med Samfundsvernet.²⁵⁹ Det er likevel viktig å understreke at dette talet ikkje nødvendigvis er 100% representativt. Langt fleire enn 5 politimeistrar tok kontakt med sine lokale avdelingar.²⁶⁰ Derimot var det ved fleire høve berre halvhjarta forsøk frå politiet på å kome fram til ei løysing, samtidig som mange av grupperinga sine avdelingar var svært tilbakehaldne med informasjon som ville vore vesentleg for å kunne inngå eit samarbeid.²⁶¹ Løysinga for dei avdelingane som dermed vart ståande utanfor departementet si ordning var å anten gjere visse endringar i statuttane sine eller gå med på å legge ned. Dei aller fleste valde det førstnemnde alternativet, ei endring som i hovudsak gjekk ut på å endre seg frå å rekne seg som eit ordensvern til å i staden reknast som ein «nødvergeorganisasjon».

²⁵⁹ Klykken 2013, s. 63.

²⁶⁰ Mange av dei mot sin vilje, då dei følte seg pressa til å gjere eit «forsøk».

²⁶¹ Mellom anna var det fleire stadar nærmast umogleg for politiet å få tak i fullstendige oversikter over medlemmar av Samfundsvernet, anten grunna mangelfulle medlemslister frå grupperinga, eller fordi dei lokale leiarane heldt tilbake vesentlege opplysingar i håp om å «sleppe unna» å komme under politiet sin kontroll.

5.8 Konklusjon

På tross av «frifinninga» av Samfundsvernet ser vi at diskusjonen og problema knytt til gruppa langt frå vert mindre eller forsvinn. I staden oppstod det i denne perioden noko som gjev eit godt utgangspunkt for å kunne identifisere ulike syn, frames og haldningar i forbindelse med Samfundsvernet. Eg har valt å fokusere på dei to viktigaste og største sakene, Thue-saka og Reservepoliti-saka.

Som vanleg kan ein identifisere at arbeidaravisene og arbeidarklassa viste stor motstand mot gruppa, oftast med utgangspunkt i det faktum at Samfundsvernet sjølv var opne om sine arbeidarfiendtelege synspunkt og haldningar. I tillegg vart det av den sosialistiske pressa oppfatta at grupperinga etter rundskrivet til Mowinckel-regjeringa i desember 1929 vart førespegla ein formell posisjon i vernet av landet ved å samarbeide med politiet. Likevel verkar det som Arbeiderbladet i denne perioden i stadig større grad valde å vende seg mot lovverket og det juridiske når dei «angreip» Samfundsvernet, kanskje best illustrert gjennom «Den ulovlige»-artikkelen som vart presentert og analysert i kapitel 5.4.2. Her vert Samfundsvernet frama som ein «Samfundsherjar», ei juridisk ulovleg og rettsstridig gruppering med mål om å gjennom bruk av vald og våpen slå ned arbeidarklassa. Samtidig reagerer dei på at regjeringa og styresmaktene verkar å bevisst snu ryggen til alle dei lovbrøt grupperinga var ansvarlege for, fleire av dei lista opp i den nemnde artikkelen. Og nettopp dette med at styresmaktene verka å ignorere mange av dei ulovlege sidene ved Samfundsvernet vart raskt ein gjennomgangsmelodi i den sosialistiske pressa, med til dømes både Norges Kommunistblad og Arbeidet som bidragsytarar i å få fram at arbeidarklassa opplevde grupperinga som eit ledd i styresmaktene sitt arbeid med å halde arbeidarane nede. I tillegg skal ein ikkje sjå bort frå at sosialistane opplevde at prinsippet om «likhet for loven» ikkje nødvendigvis stemde når dei såg at Samfundsvernet gjekk frå å verte etterforska av styresmaktene til å berre knappe halvåret etterpå verte foreslått «teke inn i varmen» som reservepolitistyrkar. Oppfatninga var derfor at Samfundsvernet vart beskytta og gjeve fordelaktig behandling av styresmaktene, ei oppfatning som berre styrka sosialistane sine planar om å svare med same mynt og opprette sine egne væpna vernegrupper.

Venstreprensa, som fram til dette hadde stått fast på at Samfundsvernet ikkje hadde ein funksjon i samfunnet ettersom lovverket ikkje gav rom for at slike grupper kunne utfordre verken politimonopolet eller valdsmonopolet, fekk seg derimot ei stor overrasking når deira eige parti gjekk mot dette prinsippet. Så snart det vart kjent at Mowinckel hadde gått inn for å

ta Samfundsvernet, eller i det minste delar av gruppa, inn i det ordinære vernet av ro og orden, endra denne tonen seg dramatisk.²⁶² Denne overraskinga førte til at aviser som Dagbladet inntok ein tone som i større grad likna den som den sosialistiske pressa hadde vist fram til dette. Straks vart Samfundsvernet i venstrepressa frama som så vel fascistiske, eit farleg ledd i klassekampen, og ei alvorleg fare for samfunnet generelt. Venstrepressa hadde rett nok aldri vore store tilhengarar av private ordensvern, verken på høgre- eller venstresida, men hadde aldri gått så langt i sine karakteristikkar av slike grupper som det ein her gjorde. Årsaka til dette var, som eg kom inn på, i større grad frykta for at «legaliseringa» av Samfundsvernet ville provosere fram eit motsvar frå sosialistane (oppretting av raude ordensvern), heller enn frykta for Samfundsvernet som enkeltstående gruppering. Likevel er det eit markant skilje i måten venstrepressa såg på, omtalte og frama Samfundsvernet vi her kan identifisere. Samtidig skal ein ikkje undervurdere det faktum at mange av dei sakene som venstrepressa hadde om Samfundsvernet i større grad var eit angrep på «moderpartiet», og at karakteristikken av grupperinga derfor ved fleire høve kanskje vart sett litt på spissen for å verkeleg få fram kor stor skuffelsen og sjokket over regjeringa sitt val var.

Det meir støttande synspunktet var det som vanleg høgre- og bondepressa som var representanten for.²⁶³ Men som ein også har sett i dei tidlegare empiriske kapitla var desse avisene langt meir tilbakehaldne i sine omtalar og saker direkte knytt til Samfundsvernet, noko som mellom anna vart poengtert av Dagbladet undervegs i Thue-saka, då avisa spekulerte i om stillheita frå høgrepressa kunne tolkast i retning av resignasjon. Sanninga var likevel at høgrepressa i større grad gav si støtte til Samfundsvernet gjennom å tilbakevise og nærmast latterleggjere påstandane og skuldingane som var retta mot gruppa frå spesielt arbeidarprensa. Spesielt kom dette til syne undervegs i debatten rundt Samfundsvernet som potensielt reservepoliti, der Aftenposten fleire gongar latterleggjorde det faktum at arbeidarprensa framstilte arbeidarklassa som eit stakkarsleg forsvarslaust offer samtidig som dei var opne om planane for oppretting av eigne væpna grupper. Når dei likevel ein sjeldan gong retta blikket mot Samfundsvernet var gjennomgangsmelodien at gruppa var ei viktigheit for vernet av staten og det trygge samfunnet ein levde i. Det dette i prinsippet betydde var vern av ei samfunnsordning som favoriserte borgarskapet med sine rettar og privilegium, eit samfunn som var i utvikling i retning av å fråta denne klassa desse fordelane.

²⁶² Ikkje alle aviser tilhøyrande venstrepressa gjekk like hardt ut som mellom anna Dagbladet. Nokre aviser hadde ein langt meir støttande tone til avgjersla, men gjennomgangsmelodien var at venstrepressa var kraftig imot ei innlemming av Samfundsvernet i det ordinære politiet.

²⁶³ I dette kapitelet har bondepressa glimra med sitt fråvær i mangel på gode artiklar

6. Frå «reservepoliti» til tvungen oppløysing, 1929-1936

I dette siste i ei rekke av 4 empiriske kapitel, vil eg ta føre meg omtalen av Samfundsvernet i dei avsluttande åra i grupperinga si levetid. Der førre kapitel slutta etter den store debatten rundt Samfundsvernet si «legalisering» som reservepoliti, vil dette kapitelet gå inn på dei neste 6 åra. Årsaka til at det i dette kapitelet er formålstenleg å ta føre seg såpass mange år i forhold til dei tidlegare empiriske kapitla skuldast at Samfundsvernet i desse avsluttande åra i stadig større grad forsvann ut av media og offentlegheita sitt søkelys. Dette skuldast i stor grad Arbeiderpartiet si ideologiske retningsendring mot å verte eit parlamentarisk retta sosialistisk parti. Det var derfor ikkje like stort behov for å vere på vakt ovanfor desse, og Samfundsvernet si rolle vart stadig vanskelegare å oppretthalde, forklare og forsvare ovanfor den «gjennomsnittlege» nordmann. Samtidig kom det i denne perioden ei anna gruppering, Leidangen, som til ei viss grad overtok rolla som Samfundsvernet hadde hatt i samfunnet, som borgarskapet sin beskyttar av den «den gjeldende samfundsorning».

6.1 Revolusjonsfaren nærmast over?

Samfundsvernet valde å halde ein heller låg profil i den nærmaste tida etter reservepolitisaaka, eit val ein kan tenke seg handla om å ri av den verste stormen. Det var derfor få nye saker å finne i dei største avisene om Samfundsvernet det kommande året, med nokre få heiderlege unntak. Til dømes gjekk Arbeiderbladet ut i ei rekke artiklar i oktober 1929 for å overtyde sine lesarar om at Samfundsvernet og Fedrelandslaget saman fremja fascismen i Norge, og at dei to burde oppfatast som ein og same organisasjon. Samfundsvernet vart difor framstilt som «*en fascistisk underavdeling*» av Fedrelandslaget.²⁶⁴ Seinare gjekk ein av avisa sine medarbeidarar undercover, og tok del i ei av dei annonserte øvingane grupperinga stod bak. Vedkommande kunne melde om opplæring og øving i pistolskyting, fekting, og bruk av ulike typar køller, all informasjon kjent frå tidlegare saker.²⁶⁵ Det som derimot var verdt å merke seg, og som kanskje kan kallast «ny» informasjon, var at det vart opplyst om at det ikkje lenger var «Moskva-kommunistene» som var den største fienden. Derimot var det grunna framgangen dei siste vala Arbeiderpartiet som

²⁶⁴ Arbeiderbladet, 28.10.1929.

²⁶⁵ Arbeiderbladet, 18.10.1929.

var den største trusselen for borgarskapet. Utsegna om at grupperinga si hovudoppgåve no var å halde Arbeiderpartiet nede meinte avisa beviste at Samfundsvernet sitt arbeid ikkje lenger dreier seg om å hindre revolusjon, men å stoppe Arbeiderpartiet frå å få regjeringsmakta gjennom parlamentariske kanalar.²⁶⁶

6.2 Revolusjonært Arbeidarparti, Arbeidarvern og militær involvering

1930 markerte ei midlertidig retningsending i eit Arbeidarparti som hadde verka å gå i stadig meir retning av å verte eit parlamentarisk parti som hadde lagt bak seg sine revolusjonære tankar. Dette året valte likevel partiet sitt landsmøte å vedta oppretting av Arbeidarvern, sosialistane sitt eige motsvar til det borgarlege Samfundsvernet.²⁶⁷ Som ein konsekvens av dette vart Samfundsvernet igjen meir aktuelle, då ein no stod i ein situasjon der begge dei politiske fløyene var rusta med væpna «kampgrupper», og dermed kanskje det nærmaste ein var ein borgarkrigsliknande situasjon i mellomkrigstida. Taktikken i dei ulike partipressene vart då i stor grad å framheve «sitt ordensvern», og samtidig delegitimere motparten sitt.

6.2.1 Fascistmajoren

Det korte «radikaliseringsblaffet» på sosialistisk side viste seg som venta igjen i arbeidarpressa, mellom anna gjennom at Arbeiderbladet igjen byrja fokusere på farane borgarskapet og deira «maktmiddel» representerte for arbeidarklassa. Mellom anna hadde avisa i april dette året forsøkt å vise sine lesarar kvar Samfundsvernet fann sine førebilete. 14.april 1930 kunne ein difor lese at Arbeiderbladet meinte at Samfundsvernet hadde «*sine forbilleder i de italienske sortskjorter, den tyske stålhjelmorganisasjon og de østeriske hjemmevern*», alle grupper med klart uttalte arbeidarfiendtlege og fascistiske synspunkt.²⁶⁸ I tillegg valde avisa ei rekke gongar å titulere Hvoslef som «*fascistmajoren*» i ein artikkel 21.mai 1930, for på den måten å synleggjere både at Samfundsvernet av arbeidarklassa vart oppfatta som fascistiske, samt trekke fram dei militære bidraga gruppa drog fordel av.

²⁶⁶ Arbeiderbladet, 19.19.1929.

²⁶⁷ Dagsorden for Arbeiderpartiet sitt landsmøte 1930, s. 27.

²⁶⁸ Arbeiderbladet, 14.04.1930.

6.2.2 Samfundsvernet som støtte ved streik og opprør

Aftenposten og Nationen valde begge taktikken om å legitimere Samfundsvernet gjennom å delegitimere motstykket, arbeidarverna. Aftenposten valde å framstille Samfundsvernet som eit statleg godkjent vern mot overgrep og ulovlege handlingar som regjering og styresmaktene kunne vende seg mot dersom det skulle vere behov for ekstra mannskap i tillegg til politi- og militærkrefter, medan Arbeidarverna vart framstilte som det komplett motsette.²⁶⁹ Denne gruppa vart i staden framstilt som ein trussel for samfunnet, då avisa oppfatta at deira arbeid var å nettopp angripe ro, orden og det norske lovverket. Nationen delte denne oppfatninga, og vidareførte den ved å påpeike kor påfallande det var at Arbeidarverna var vedtekne samtidig som Arbeiderpartiet hadde tatt til orde for kraftige kutt i dei ordensbevarande styrkane.²⁷⁰ Spekulasjonen gjekk derfor ut på om hensikta var at «*Samfundet skal legges forsvarsløst så helten fra sovjetlegasjonen kan komme til*», underforstått at alt skulle leggest til rette for at dei revolusjonære styrkane skulle møte lite eller ingen motstand når dei kom «marsjerende» for å ta makta.

Og om det ikkje kom ein *faktisk* sovjetlegasjon, skulle nettopp denne «spådommen» snart vise seg å ikkje ligge så langt frå sanninga som ein skulle tru. I 1931 opplevde ein nemleg den klart største arbeidarkonflikta i heile mellomkrigstida. Den såkalla «Storlockouten» varte frå mars til september, involverte på det meste rundt 85 000 arbeidarar, og skapte enorm usikkerheit i det norske samfunnet. Ein av konsekvensane av lockouten si stadig større utstrekning var at styresmaktene og militæretaten følte seg tvungne til å førebu beredskapstiltak i tilfelle situasjonen skulle komme ut av kontroll.²⁷¹ Eit av tiltaka som vart føreslått var at politiet i dei mest utsette områda burde førebu reservepolitistyrar for ekstra mannskap. Tilbakemeldingane frå politimeistrane på denne oppfordringa var derimot negativ. Tilbakemeldingane var dei same som når politimeistrane var bedne om å ta Samfundsvernet inn i sine styrkar nokre år tidlegare, då politiet frykta at konsekvensen av å hente inn mannskap frå til dømes Samfundsvernet eller Fedrelandslaget ville verke kontraproduktiv, då ei slik løysing potensielt sett kunne verke «utfordrande» mot arbeidarane og skape større uro.²⁷² Dette betydde likevel ikkje at Samfundsvernet ikkje vart involvert i striden i den heile tatt. Lars Borgersrud skriv at til tross for motstanden mot å nytte private grupper som

²⁶⁹ Aftenposten, 07.04.1930.

²⁷⁰ Nationen, 13.05.1930.

²⁷¹ Agøy 1997, s. 327.

²⁷² Klykken 2013, s. 73.

supplement for politi- og militærmyndighetene, vart folk frå Samfundsvernet nytta som vaktmannskap på Ski, Graatenmoen, Trandum, Starum, Baggermoen, Svelvik, Kristiansand, Kongsberg og Raufoss.²⁷³ I tillegg kunne avisa 17de Mai seinare avsløre at medlemmar av Samfundsvernet var blitt engasjert av militæret i Trondheim, og at fleire av desse også hadde vore i besittelse av våpen.²⁷⁴

Nettopp dette dilemmaet var noko Dagbladet hadde sett føre seg kunne hende, og hadde lenge argumentert for viktigheita av at dei statlege institusjonane måtte halde seg politisk nøytrale. Gudbrand Østbye, kaptein i det norske militæret, hadde vore ein av dei fremste kritikarane av at leiande stillingar og posisjonar i Samfundsvernet var bemanna av personar som til dagleg var tilsett i det statlege militæret. Mellom anna hadde han i oktober 1928 gått ut i Dagbladet med krav om at det måtte etablerast forbod for militært befall å inneha stillingar i grupper som Samfundsvernet.²⁷⁵ I mars 1930 hadde han vidareført dette synspunktet i ein ny artikkel i Dagbladet.²⁷⁶ Østbye meinte grupper som Samfundsvernet og Arbeidarvernet²⁷⁷ i seg sjølv svekka staten si stilling, og at militært befall si involvering øydela militærvesenet si rolle som «upolitisk og upartisk i indre anliggende», noko som skulle vise seg å stemme under «Storlockouten». Grunna dette meinte han igjen at den einaste måten å kvitte seg med slike grupper var ved å nekte militært personell å involvere seg, då dette ville føre til at glansen ville forsvinne og gruppene sine faktiske «ansikt» ville komme til syne som klasseorganisasjonar som skapte ytterlegare splid i samfunnet.

²⁷³ Borgersrud 2010, s. 45.

²⁷⁴ 17de Mai, 28.01.1933.

²⁷⁵ Denne saka er blitt analysert i denne oppgåva, nærmare bestemt kapitel 5.2.3.

²⁷⁶ Dagbladet, 25.03.1930.

²⁷⁷ Artikkelen kom på trykk berre 9 dagar etter Arbeiderpartiet sitt landsmøte hadde gjort vedtak om oppretting Arbeidarvern.

6.3 Leidangen som erstatning eller supplement?

I februar 1932 kunne Ragnvald Hvoslef opplyse om at Samfundsvernet var på randen av oppløysing grunna skrantande økonomi, og at situasjonen var blitt såpass alvorleg at han frykta for grupperinga si framtid.²⁷⁸ Årsaka til at økonomien var blitt dårleg skuldast ifølgje Hvoslef at donasjonane gruppa var avhengige av for å oppretthalde sitt arbeid var blitt stadig færre og mindre, noko Dagbladet meinte nok skuldast at mange av dei tidlegare «økonomiske støttespelarane»²⁷⁹ var gått lei og hadde innsett at gruppa sitt arbeid ikkje var så «riktig» som dei hadde trudd tidlegare.²⁸⁰ I tillegg skal ein ikkje sjå bort frå at mange, etter at styresmaktene nekta å nytte Samfundsvernet som supplement for politiet under storlockouten, innsåg at eksistensgrunnlaget til gruppa ikkje lenger var til stades og dermed trakk sine bidrag. Det at Hvoslef påstår at den økonomiske situasjonen var så alvorleg at gruppa stod i fare for å måtte gje seg er nok likevel ei kraftig svartmåling av situasjonen. Meir sannsynleg var det nok at Hvoslef ønska meir engasjement blant borgarstanden i «klassekampen» mot sosialistane, eit engasjement som på dette tidspunktet var kraftig dalande. At økonomien faktisk var blitt dårlegare stemmer nok likevel, for berre nokre månader seinare vart det i eit møte i Samfundsvernet og Samfundshjelpen sitt finansutval bestemt at ein skulle auke prosentandelen av inntektene som skulle gå til Samfundsvernet frå 50% og opp til 67%.²⁸¹

6.3.1 Aftenposten sitt syn på situasjonen

Aftenposten såg mørkt på framtida dersom Hvoslef sitt utspel skulle vise seg å stemme, og ikkje berre vere eit spel for galleriet. I ein redaksjonell artikkel 13.februar 1932 uttalte avisa at ei nedlegging av Samfundsvernet ville vere eit enormt tap for borgarskapet, og at avisa frykta kva som eventuelt kunne hende om dette skulle verte ein realitet.²⁸² Frykta gjekk i hovudsak ut på det som var blitt påstått heilt sidan 1923, at dei «ordinære statlege maktmidla»²⁸³ var for svake åleine til å handtere ein ekstraordinær situasjon. Spesielt gjaldt

²⁷⁸ Dagbladet, 13.02.1932.

²⁷⁹ Bedriftseigarar, diverse bedrifter, og «vanlege» borgarar som ynskte støtte opp om gruppa ved økonomiske donasjonar.

²⁸⁰ Dei baserer denne hypotesa på motstanden politiet hadde vist til gruppa, og meinte delar av borgarskapet delte denne oppfatninga.

²⁸¹ RA/PA-0664/D/L0001. I mappe: «Samfunnhjelpen, Samfundsvernet 1923-32». Referat fra møte i Samfundshjelpens og Samfundsvernets finansutvalg, 25. mai 1932.

²⁸² Aftenposten, 13.02.1932.

²⁸³ Politi- og militærmakta.

dette utanfor byane, der politiet mange stadar var minimumsbemanna, og det ville ta tid før militære styrkar ville kunne tre hjelpande til. Dei huskar dermed brevet Hjalmar Riiser-Larsen hadde sendt til Justisdepartementet 22.november 1928, der han informerte om at Samfundsvernet såg føre seg ei rolle som støtte for politiet fram til dei militære styrkane fekk mobilisert seg.²⁸⁴ Aftenposten meinte derfor at ved ei potensiell nedlegging av Samfundsvernet, ville «*lagt samfundet hjelpesløst*», og framstilte dermed Samfundsvernet som ein essensiell del av forsvaret av landet. Denne påstanden var også styrka når dei avslutningsvis kom med ei oppfordring til sine lesarar om å «*tre støttende til for å oprettholde denne efter vår mening nødvendige organisasjon*».

6.3.2 Vert Samfundsvernet erstatta eller får dei ein søsterorganisasjon?

Der borgarskapet såg mørkt på ei potensiell nedlegging av Samfundsvernet, såg den sosialistiske pressa i langt større grad på artikkelen til Hvoslef som eit gledesbodskap. I ulike publikasjonar vart artikkelen tolka som «*Samfundsvernet i ferd med å rakne*»²⁸⁵, «*Samfundsvernet fallit*»²⁸⁶ og at Samfundsvernet sin nedgang symboliserte nedgangen til alle dei borgarlege «*Samfunds-organisasjonane*»²⁸⁷. Fleire av dei sosialistiske publikasjonane forklarte også situasjonen Samfundsvernet var kome i på same måte som Dagbladet, eit teikn på at gruppa hadde mist støtta frå «sine egne», og at mangelen på donasjonar vart eit klart teikn på nettopp dette.

Arbeiderbladet heldt seg heller roleg på dette tidspunktet, og kom ikkje særleg inn på denne saka. Derimot var dei raskt frampå når rykta byrja gå om at styresmaktene var i gang med eit arbeid der målet var å stable på beina ei ungdomsorganisasjon med militær opplæring og militært preg. 27.april 1932 kunne avisa derfor «avsløre» at forsvarsminister Quisling hadde sett ned ein komité som skulle drøfte oppretting av ei slik gruppe.²⁸⁸ Det er her nærliggande å tenke seg at organisasjonen det er snakk om er Leidangen, til tross for at denne ikkje vart grunnlagt før nærmare eit år seinare. Lars Borgersrud skriv derimot at det førebuande arbeidet med denne organisasjonen tok til tidleg i 1932, noko som kan stemme

²⁸⁴ Brevet vert presentert i kapitel 5.3, og i Klykken 2013, s. 54.

²⁸⁵ Tidens Krav, 13.02.1932.

²⁸⁶ Bergen Arbeiderblad, 13.02.1932.

²⁸⁷ Hamar Arbeiderblad, 15.02.1932.

²⁸⁸ Arbeiderbladet, 27.04.1932.

med tidspunktet for Arbeiderbladet-artikkelen, og at komitéen der her er snakk om i april 1932 leverte si anbefaling om oppretting av ein slik organisasjon.²⁸⁹

03.januar 1933 kunne Arbeiderbladet følgje opp denne «mistanken» ved å presentere Leidangen som det nye tilskotet blant «kampgrupper» på borgarleg side, saman med Samfundsvernet.²⁹⁰ Dei framstilte i denne artikkelen Samfundsvernet som eit mislukka forsøk frå borgarskapet på å slå ned arbeidarklassa, og Leidangen som det «nye forsøket». Om dette skulle bety at dei meinte Samfundsvernet dermed var på veg ut, eller om borgarskapet i staden skulle rå over fleire grupper er usikkert, men dei poengterte uansett at det verka som styresmaktene hadde lært av den økonomiske situasjonen i Samfundsvernet, og valt å legge utgiftene for den nye gruppa inn i dei statlege utgiftene.²⁹¹

6.4 Arbeidarverna bryt lova, og Samfundsvernet kjem igjen i det juridiske søkelys

I byrjinga av 1932 hadde ei av Arbeidarvernet sine avdelingar hamna i politimyndigheitene sitt søkelys då gruppa under ein av sine «patruljer i gatene» hadde vore utstyrt med uniformer, noko som vart oppfatta som eit brot med ordensvern-paragrafen i Politilova.²⁹² Dette viste at Arbeidarvernet mest truleg var aktive, og at dei til liks med Samfundsvernet var opne om sin eksistens og sitt arbeid. Dette førte samtidig til at debatten rundt nytta til grupper som Samfundsvernet og Arbeidarvernet blussa opp igjen, der Dagbladet som vanleg var ein av dei fremste stemmene for eit synspunkt mot bruk av slike former for private grupper.

6.4.1 «Ytterpressenes partipresse skaper fanatiske tilstander»

Dagbladet skreiv 28.april 1932 at Arbeidarvernet sitt lovbrøt symboliserte det som var galt med samfunnet, då ein på den eine sida hadde Samfundsvernet som utførte politioppgåver, og på den andre sida hadde Arbeidarvernet som gjekk uniformerte i gatene.²⁹³ Dei la skulda på «ytterpartienes partipresse» for at ein hadde to politiske sider som følte

²⁸⁹ Borgersrud 2010, s. 192.

²⁹⁰ Arbeiderbladet, 03.01.1933.

²⁹¹ Gruppa var i stor grad finansiert gjennom Forsvarsdepartementet, og fekk våpen og utstyr frå Hæren.

²⁹² Nationen, 25.04.1932.

²⁹³ Dagbladet, 28.04.1932.

behov for å væpne seg til kamp, ein kamp avisa ikkje kunne forstå behovet for. Dei meinte desse avisene gjennom sine saker gav inntrykk av å tru landet stod på randen av borgarkrig, noko Dagbladet i så fall meinte måtte skuldast nettopp desse avisene, då det var få land som hadde like lite å frykte som Norge. Dei meinte avisene slapp til «fanatikerne» i sine spaltar, og at desse gav uttrykk for eit synspunkt som potensielt kunne verte farleg. Dagbladet frykta at dersom desse fanatiske ytringane ikkje snart tok slutt, ville stadig fleire hamne i den same kategorien som artikkelforfattarane, fanatiske borgarar som støtta grupper som berre var til for å provosere motparten. Avisa gjentok dermed sitt krav om statleg styrt oppløysing av grupper på begge sider, då dei poengterte at det var staten sitt ansvar å verne samfunnet mot alle former for trugslar, og dermed også slike «samfundsbevarande grupper». Venstremannen Mowinckel gjekk seinare ut å støtta dette kravet, og meinte ei styrking av «Stapo», statspolitiet, burde vere nok for å få borgarskapet til å innsjå at staten og deira maktmiddel skulle vere sterke nok til å stå imot all form for uro.²⁹⁴

6.4.2 Kvar stammar våpena frå?

Arbeiderbladet kunne 31.oktober 1932 informere sine lesarar om at Samfundsvernet igjen hadde annonsert at dei ville halde øvingar og opplæring i våpenbruk, noko som igjen vekte liv i spørsmålet om kvar gruppa faktisk fekk sine våpen frå.²⁹⁵ Avisa var ikkje det minste i tvil om at desse vart «anskaffet på ulovlig vis», og at myndigheitene burde sjå nærmare på saka. Spesielt med tanke på at desse hadde sett Arbeidarverna under etterforsking, meinte avisa at myndigheitene måtte gjere det same med Samfundsvernet dersom det skulle vere likskap for lova uavhengig av politisk tilhøyrslø. Dei hadde likevel lite tru på at dette ville hende, spesielt med tanke på «den nyverende ledelse i forsvarsdepartementet».²⁹⁶ Også Dagbladet reagerte på at styresmaktene verka å ignorere det faktum at Samfundsvernet fekk våpen på ulovleg vis, våpen avisa meinte måtte kome frå militæret ettersom Samfundsvernet si leiing i stor grad var tilsett i ulike militære posisjonar.²⁹⁷ Også dei argumenterte med at styresmaktene måtte vise at det var like reglar anten ein hørde til borgarklassa eller arbeidarklassa, og at dette ikkje berre var tomme ord frå styresmaktene.

²⁹⁴ Dagbladet, 07.05.1932.

²⁹⁵ Arbeiderbladet, 31.10.1932.

²⁹⁶ Quisling var alt på dette tidspunktet ein uttalt høgreradikal skikkelse som mellom anna stod bak opprettinga av Norske Folkereisning, samt representerte den radikale fløya av Bondepartiet.

²⁹⁷ Dagbladet, 01.11.1932.

Nationen, kanskje den fremste forsvararen av Samfundsvernet, forsvarte legitimiteten til gruppa ved å minne lesarane på at dei berre få år tidlegare vart godkjent av dei juridiske myndigheitene, då desse ifølgje avisa oppfatta gruppa som «*en samfundsbeskyttende organisasjon [...] som har satt sig som opgave aa beskytte den nuværende statsform mot ulovlige overgrep*», samt at «*Samfundsvernet er ingen ulovlig organisasjon!*». ²⁹⁸

6.5 Hitler si maktovertaking aukar motstanden mot ordensvern

1933 var eit av dei mest dramatiske åra i europeisk mellomkrigstid, noko som også påverka situasjonen i Norge. Grunnen til dette var at den 30. januar dette året kom Hitler til makta i Tyskland, og med seg hadde han ei paramilitær vernegruppe ved namn «SA»²⁹⁹. Denne gruppa fungerte som ei form for politimyndigheit ved sida av politiet, og vart alt før Hitler si maktovertaking svært så omdiskutert også langt utanfor Tyskland sine grenser. I Norge førte erfaringa frå Tyskland til at stadig fleire byrja endre sine oppfatningar knytt til bruk av private ordensbevarande styrkar med politisk tilhøyrsløse. Samtidig var det eit år der Samfundsvernet forsvann litt meir ut av media sitt søkelys, både hjå sine tradisjonelle støttespelarar i borgarpressa, samt i arbeidar- og venstrepressa. Grunnen til dette er mest sannsynleg opprettinga av Leidangen, noko som vert understreka av treffa ein får i Nasjonalbiblioteket si database for aviser. Der får ein «berre» 268 treff ³⁰⁰ på «Samfundsvernet», medan om ein søker på «Leidangen» får ein opp heile 1403 treff ³⁰¹. Det er derfor svært tydeleg at Leidangen dette året «stal» merksemda frå Samfundsvernet.

6.5.1 Byrjar Aftenposten å endre meinig?

I januar dette året vart ei av Arbeidarvernet sine avdelingar etter å ha vore under etterforsking for eventuelt brot på ordensvern-paragrafen frikjend med den grunngevinga at gruppa hadde «sjølvforsvar» som formål, akkurat som Samfundsvernet hadde påberopt seg nokre år tidlegare. Dagbladet meinte så klart at dette var ei enormt feil avgjersle, då det førte til at ein ikkje lenger hadde berre eit, men to «godkjente» ordensvern som skulle operere i det

²⁹⁸ Nationen, 01.11.1932.

²⁹⁹ Sturmabteilung.

³⁰⁰ Arbeiderbladet: 16 treff, Dagbladet: 12 treff, Nationen: 2 treff, Aftenposten: 8 treff.

³⁰¹ Arbeiderbladet: 39 treff, Dagbladet: 55 treff, Nationen: 19 treff, Aftenposten: 24 treff.

norske samfunnet.³⁰² Frykta gjekk ut på at det i yste konsekvens kunne føre til at fleire og fleire liknande grupper vaks fram, då dei berre kunne påberope seg «nødvergeretten» og vise til at både arbeidarverna og Samfundsvernet hadde sloppe unna med det. Eit slikt synspunkt var derimot heilt i tråd med det både Dagbladet og partiet Venstre hadde vore representantar for i ei årrekke, og var derfor ikkje særleg overraskande.

Når derimot Aftenposten uttalte mykje av det same er det likevel verdt å sjå nærmare på. Avisa kommenterte frifinninga av Arbeidarvern-avdelinga ved å rette krass kritikk mot styresmaktene, då dei meinte Arbeidarvernet gjennom sitt arbeid gjekk «politiet i næringen», gjennom å utføre oppgåver som låg inn under politiet sitt ansvarsområde. Dei meiner godkjenning av slike grupper svekka staten si truverd, samt politiet si rolle som dei einaste med politi- og valdsmonopol. Det avisa verkar å oversjå eller ikkje greier innsjå er at lovbrota og kritikken dei her viser til er nettopp dei same lovbrota som Samfundsvernet utfordra, og at kritikken er den same som arbeidarpressa i ei årrekke hadde retta mot Samfundsvernet. Samtidig kan det tyde på at delar av borgarskapet på dette tidspunktet kan ha innsett at politioppgåver var førehaldt politiet å utføre, og at grupper som Samfundsvernet og Arbeidarvernet difor kanskje ikkje lenger var ein så god idé.

6.5.2 Nasjonal Samlings «stålhjelmer»

Arbeiderbladet utnytta i aller høgste grad det faktum at Nazipartiet og Hitler på dette tidspunktet hadde kome til makta i Tyskland, og at dette hadde skapt usikkerheit og frykt i store delar av Europa. I tillegg hadde ein heime i Norge fått sitt eige «Naziparti» då Quisling hadde lansert Nasjonal Samling i mai dette året. 09.oktober 1933 lanserte difor Arbeiderbladet teorien sin om at linken mellom Samfundsvernet og det nye partiet var svært tett.³⁰³ Dei meinte at det faktum at Quisling og Samfundsvernet sin leiar, Hvoslef, var gode venner og begge hadde bakgrunn frå det militære, måtte bety at Samfundsvernet dermed var førespegla posisjonen som «*Nasjonal Samlings stålhjelmer*», «stormavdeling» og «stormtropper».³⁰⁴ Bruken av desse karakteristikkane indikerer at avisa spelte på den aktuelle politiske

³⁰² Dagbladet, 27.01.1933.

³⁰³ Arbeiderbladet, 09.10.1933.

³⁰⁴ Hvoslef var del av den «inste» kretsen til Quisling, og var ein av stiftarane av Nasjonal Samling (fekk saman med Quisling, Prytz og Munthe medlemsnummer 1) i tillegg til at han vart partiet sin første generalsekretær. Dahl 2016, s. 68.

situasjonen i Europa, gjennom å nytte kallenamna som vart nytta om dei tyske «søstergruppene» til Samfundsvernet av politiske motstandarar. Avslutningsvis argumenterte artikkelforfattaren med at ingen var tent med å leve i eit diktatur, og at ein heller måtte kjempe for å bevare staten, noko som må tolkast i retning av eit mindre revolusjonært syn i ei arbeidaravis.

6.6 Kriseforliket vert starten på slutten for private ordensvern

Den stadig minkande omtalen av Samfundsvernet heldt fram også i 1934 og 1935, med berre 25 ulike treff i Nasjonalbiblioteket si database det førstnemnde året. Årsaka til det låge talet på treff kan skuldast at Samfundsvernet på denne tida sleit med manglande oppslutning og motivasjon blant sine medlemar, spesielt i Oslo-regionen.³⁰⁵ Klykken trekk i si forskning fram at den manglande motivasjonen i stor grad skuldast det faktum at Arbeiderpartiet hadde gått bort frå si revolusjonære linje, arbeidarrørsla var rolegare og dermed ein langt mindre trussel, og samfunnet generelt var blitt langt mindre polarisert enn berre nokre få år tidlegare. Med andre ord hadde mange av «vernarane» som hadde meldt seg grunna spenninga og faren det førte med seg å høyre til ei slik gruppering på sett og vis mist interessa då denne spenninga ikkje lenger var like stor. Året 1935 kan i tillegg reknast som eit vendepunkt i den politiske situasjonen i Norge, då Arbeiderpartiet dette året på demokratisk vis fekk regjeringsmakta etter å ha inngått det såkalla «kriseforliket» med Bondepartiet.³⁰⁶ Bjørn Vidar Gabrielsen omtalar dette forliket som eit gjennombrot i det parlamentariske systemet i Norge, då dette forliket vart oppfatta som ein demonstrasjon av vilje til å løyse praktiske spørsmål på tvers av ideologiske forskjellar.³⁰⁷ Samtidig symboliserte forliket eit samarbeid på tvers av dei tradisjonelle politiske skiljelinjene, og eit stort steg bort frå klassekampmentaliteten som hadde råda heilt sidan slutten av den første verdskrigen. Konsekvensen av dette var at stadig fleire byrja slite med å sjå behovet for at dei politiske fløyene trengde væpna kampgrupper som Arbeidarvernet og Samfundsvernet, og motstanden mot dei auka betrakteleg på begge sider.

³⁰⁵ Klykken 2013, s. 94.

³⁰⁶ Furre 2000, s. 85.

³⁰⁷ Gabrielsen 1966, s. 81.

6.6.1 Bombekastarsaka

Om ikkje motstanden og frykta for grupper som Samfundsvernet var stor nok frå før, fekk i alle fall ein artikkel i Arbeiderbladet 17.oktober 1935 denne reaksjonen. Avisa kunne opplyse om at Samfundsvernet no var i eige av ein bombekastar, eit våpen som var langt kraftigare enn noko Samfundsvernet hadde hatt tilgjengeleg tidlegare.³⁰⁸ Då slike våpen berre var å finne i militæret var avisa ikkje det minste i tvil om kvar våpenet kome frå, og synleggjorde igjen at gruppa sin link til militæret var ein uting. Både Arbeiderbladet og Dagbladet³⁰⁹ var difor samde i, basert på det faktum at Arbeiderpartiet ikkje lenger kunne reknast som revolusjonært, at «*Samfundsvernets funksjon og arbeid er ikke lenger nødvendig*».³¹⁰ Dagbladet frama vidare Samfundsvernet (og dermed også underforstått Arbeidarvernet) som ei fare for samfunnsfreden, då gruppene i staden berre framprovoserte ein krigsmentalitet som ikkje hadde nokon plass i eit demokratisk og stabilt land som Norge var blitt.

Saka gjorde også inntrykk på borgarleg side, då Aftenposten delvis gjekk med på å støtte ei oppløysing av Samfundsvernet basert på den siste tida si politiske utvikling. Avisa framstilte samfunnet som langt tryggare etter Arbeiderpartiet at inngjekk kriseforliket med Bondepartiet, men måtte likevel innrømme at dei til dels frykta at visse innanfor partiet og regjeringa enda bar på revolusjonære ambisjonar.³¹¹ ³¹² Dei var likevel villige til å gå med på ei oppløysing, på det kriteriet at «*man først kvittet seg med angriperen*», med andre ord Arbeidarvernet som den borgarlege presse enda rekna som «den angripande parten».³¹³ Den 02.november 1935 hadde også Nationen uttalt at tida for private borgarvern verka å vere forbi, og at dei med ein viss bismak kunne støtte ei oppløysing av Samfundsvernet dersom også Arbeidarvernet vart oppløyst samtidig.³¹⁴ Det faktum at borgarpressa dermed hadde gjeve uttrykk for at den politiske situasjonen ikkje lenger kravde at ein måtte verne seg mot revolusjonære overgrep er utan tvil å rekne som eit viktig vendepunkt i framinga av

³⁰⁸ Arbeiderbladet, 17.10.1935.

³⁰⁹ Dagbladet, 24.10.1935.

³¹⁰ Dagbladet argumenterte mellom anna med at Samfundsvernet sjølv hadde forklart opprettinga med at borgarskapet følte behov for å stogge dei revolusjonære kreftene i Arbeiderpartiet. No når den revolusjonære faren var over kunne difor ikkje avisa identifisere noko grunnlag for gruppa til å halde fram.

³¹¹ Aftenposten, 22.10.1935.

³¹² Aftenposten sikta nok her til at ei rekke tidlegare revolusjonære menn som Einar Gerhardsen, Trygve Lie og Oscar Torp alle hadde viktige stillingar i partiet og regjeringa.

³¹³ Aftenposten, 14.11.1935.

³¹⁴ Nationen, 02.11.1935.

Samfundsvernet. No hadde sjølv deira tradisjonelle støttespelarar i bonde- og høgrepressa «vendt seg mot dei», og det verka klart at tida for å oppløyse gruppa kom stadig nærmare.

6.6.2 Lovendringa ligg i lufta

09. desember 1935 kunne Dagbladet informere sine lesarar om at ei lovendring som ville føre til eit endeleg forbod mot private ordensvern stod på trappene etter at Venstre og Arbeiderpartiet hadde gått saman om eit forslag.³¹⁵ ³¹⁶ Avisa kunne vidare opplyse om at forslaget låg an til å få brei støtte, då det berre var Høgre og Bondepartiet som hadde signalisert at dei ville motsette seg forslaget. Dette er interessant, då vi veit at partipressa til dei to partia hadde gjeve uttrykk for støtte til eit slikt forslag. Dette viste samtidig at det ikkje alltid var samsvar mellom partipressa og partia sjølve i deira syn på ulike saker. Dette gjaldt både i borgarpressa og i arbeidarprensa.

På tross av at forslaget låg an til å få klart fleirtal når det skulle stemmast over 20. februar 1936 valde likevel Dagbladet å gjere ein siste innsats dagen før for å verkeleg sikre at forslaget vart vedtatt. Dei publiserte ein artikkel med namnet «Styrking av statsmakten» der dei igjen understreka korleis grupper som Samfundsvernet og Arbeidarvernet berre gjennom sin eksistens svekka staten og statsmakta sin posisjon og rolle.³¹⁷ Dei argumenterte med at det vil vere ei «uhyrlighet» å halde på tanken om slike vern når staten hadde beslutta å ta styring over alt politi, og opprette eigne uttrykingsstyrkar med oppgåve å slå ned uro før det eskalerer.³¹⁸ Vidare påpeika dei at slike grupper ikkje høyrde heime i eit demokratisk og sivilisert samfunn, og at det einaste dei kunne bidra med var å skape uro, krigsfrykt og meir enn noko anna, forsterke det polariserte samfunnet ein endeleg hadde greidd å bryte ut av. Det er her interessant å merke seg at Dagbladet nyttar seg av argumentet/rammen om «ro og orden» mot begge dei to partane, ein frame som var blitt nytta både av venstre- og høgresida mot sine motstandarar. Dagbladet endrar dermed budskapet i denne rammen frå å «kvitte seg med eit uromoment» til å heller «fjerne uromomenta på begge sider».

³¹⁵ Dagbladet, 09.12.1935.

³¹⁶ Forlaget gjekk ut på å endre politilova slik at §28 skulle innebere fullstendig forbod mot private ordensvern, med andre ord ei innskjerping av lovendringa som kom i 1928.

³¹⁷ Dagbladet, 19.02.1936.

³¹⁸ Desse styrkane skulle erstatte Statspolitiet som var oppretta i 1931/32, og sikre eit meir nasjonalt politi på tvers av politidistrikta. I tillegg skulle staten overta ansvaret for alt politi i landet, etter at det fram til dette hadde vore eit kommunalt ansvarsområde, noko som førte til store ulikeheiter i politiet ulike stadar.

6.7 Endeleg forbod mot private ordensvern

Når avstemminga vart gjennomført viste det seg å berre vere Høgre og Bondepartiet sine representantar som sette seg imot lovendinga, og forslaget vart difor teke til følge.³¹⁹ Lovendinga vart bestemt gjennomført umiddelbart.³²⁰ Spesielt Arbeidarpressa var strålende nøgde med avgjersla, og karakteriserte det heile som «et tidskille i norsk historie».³²¹ Dei meinte det å måtte «gi slepp» på Arbeidarvernet var ein grei pris for å ein gong for alle kvitte seg med «fascistiske og hvite gardar» som Samfundsvernet og Leidangen. Så ein ser at til tross for ei radikal endring i retning av ein demokratisk ideologi, held arbeidarpressa fram med å framstille dei borgarlege ordensverna som fascistiske og «kvite», mykje grunna situasjonen ein opplevde både i Tyskland og Italia der Samfundsvernet sine «søsterorganisasjonar» dreiv openlys vald mot politiske motstandarar.

6.7.1 Ein skuffa Hvoslef innser nederlaget

29.februar 1936 publiserte Aftenposten eit innlegg signert Ragnvald Hvoslef, der Samfundsvernet sin tidlegare leiar responderte på den siste tidas hendingar.³²² Hvoslef framstilte oppløysinga av Samfundsvernet som eit enormt tap for borgarskapet, og karakteriserte det som ein «borgerlig selvoppgivelse», og ei handsrekning til Arbeiderpartiet. På tross av at han tidlegare delvis hadde innrømt at grunnlaget for grupper som Samfundsvernet var blitt borte, meinte han likevel at borgarskapet burde hatt slike grupper i tilfelle den ideologiske endringa til sosialistane var eit skalkeskjul for ein revolusjon. For kva andre organ hadde ein som eventuelt kunne stoppe dette? Politiet? Militæret? Begge desse organa «er nu statsorganer i hendene på den sittende regjering», og lite hjelp i Hvoslef sine auge. Han håpte likevel at mange ville ta til fornuft, og eventuelt påkalle Samfundsvernet igjen dersom behovet skulle melde seg. Han avslutta innlegget med ei åtvaring; «Vi skal nok få se hestefoten, men da er det muligens for sent», utan tvil ei åtvaring og eit stikk til dei som meinte faren med dette skulle vere over.

³¹⁹ Aftenposten, 22.02.1936.

³²⁰ Stortingstidende, 1936, s. 130.

³²¹ Arbeiderbladet, 22.02.1936.

³²² Aftenposten, 29.02.1936.

6.7.2 Samfundsvernet oppløyst

Først 27.juni 1936 kunne Arbeiderbladet triumferande opplyse at Samfundsvernet var formelt oppløyst, ettersom riksadvokaten hadde fått ei erklæring frå gruppa om nettopp dette.³²³ Dei var likevel ikkje nøgde, då dei frykta at alle våpena gruppa hadde disponert potensielt sett kunne nyttast i «hemnaksjonar» eller liknande, våpen det skulle vise seg at i stor grad aldri vart gjort reie for.³²⁴ Dette styrkar samtidig hypotesa mellom anna Agøy og Borgersrud hadde, om at Samfundsvernet i staden for å faktisk gå til oppløysing heldt fram i skjul, kanskje til og med så lenge som til eit godt stykke ut i krigen.

6.8 Konklusjon

Desse siste åra av Samfundsvernet si levetid vart i stor grad prega av eit langt meir synleg Arbeidarvern som motsvar til Samfundsvernet, opprettinga av Leidangen som eit alternativ (kanskje i utgangspunktet som ei erstatning?) til Samfundsvernet, og ikkje minst eit Arbeidarparti som for alvor gjekk bort frå den revolusjonære linja dei hadde «flørta med» i ei årrekke. Konsekvensen av dette var at Samfundsvernet i langt mindre grad enn tidlegare vart fokuset i media sine saker. I staden vart dei presentert som ein av fleire representantar for eit utdatert samfunnsbilete, eit samfunn der politisk polarisering, økonomisk ustabilitet, og ei rekke arbeidarkonfliktar var rådande. Utover 1930-talet stabiliserte derimot samfunnet seg i langt større grad, og den betente klassekamp-mentaliteten som hadde vore rådande på både høgre- og venstresida minskte betrakteleg, og døydde i stor grad ut ved den parlamentariske endringa av Arbeidarpartiet i 1933 og partiet sin valsiger i 1935.

Det ein likevel kan tolke ut frå dei saker og artiklar som vart produserte om Samfundsvernet var at gruppa miste meir og meir støtte også frå sine tradisjonelle støttespelarar i den borgarlege pressa. Både Aftenposten og Nationen, to aviser som hadde stått fast ved Samfundsvernet gjennom alle år, innsåg etter kvart at den politiske og sosiale situasjonen i Norge ikkje lenger kravde at dei tradisjonelle klassene måtte forsvare seg for angrep frå politiske motstandarar. I tillegg sikra politireforma betre dekning også ute i distrikta der det tidlegare hadde vore ei «holrom» i forsvaret i tilfelle indre uro. Det som

³²³ Arbeiderbladet, 27.06.1936.

³²⁴ Sørensen & Brandal 2018, s. 102.

derimot verka å vere ankepunktet for at ein kunne gå med på ei oppløysing av Samfundsvernet og Leidangen var sosialistane sine forsøk på å stable på beina sine egne «kampgrupper». Ein fekk dermed nærmast ein kald krig der ein hadde to partar som stod mot kvarandre utan å gå til angrep. Det som gjorde at ein til slutt gjekk med på å gje etter var at styresmaktene lova å forby *alle* former for private vernegrupper, anten dei heldt til på høgre- eller venstresida, slik at ein på den måten fekk ei gjensidig «nedrusting».

Denne løysing var nettopp det Venstre hadde forsøkt å få gjennom i fleire år, men der både Høgre, Arbeiderpartiet og Bondepartiet hadde vore skeptiske i frykt for at motparten skulle greie å finne eit smotthol slik Samfundsvernet greidde i 1928/29. Gjennom denne perioden vart derfor mange av avissakene som omhandla Samfundsvernet meir og meir like i innhald som dei venstreprensa hadde presentert i ei årrekke, der Samfundsvernet vart frama som eit samfunnsnedbrytande og krigshissande element i eit stadig meir roleg og fredeleg samfunn. Vidare vart det påpeikt at private vernegrupper var eit hinder for eit parlamentarisk system, spesielt etter Arbeiderpartiet si revitalisering til å verte eit parlamentarisk innstilt parti. Det er likevel interessant å merke seg at kritikken sosialistane retta mot Samfundsvernet i stor grad var lik den høgresida retta mot Arbeidarvernet, utan at det verka som dei innsåg at dei dermed samtidig indirekte kritiserte sine «eigne» grupper. Ein kan difor seie at den gjensidige motstanden mot at sosiale interessegrupper involverte seg i oppretthalding av ro og orden, medførte at både Samfundsvernet og Arbeidarvernet til slutt ikkje hadde nokon funksjon, og dermed vart oppløyste etter endringa av Politilova i februar 1936.

7. Konklusjon

Denne oppgåva tok sikte på å setje lys på ei av dei periodane som har vore mest forska på i norsk historie, mellomkrigstida, og nærmare bestemt medieomtalen av det paramilitære og antikommunistiske borgarvernet Samfundsvernet. Fokuset i oppgåva skulle ikkje ligge på gruppa i seg sjølv, men heller korleis gruppa var eit resultat/produkt av den politiske og sosiale situasjonen i Norge, samt korleis dette kom fram i media. Problemstillinga som skulle ligge til grunn for arbeidet var «*Korleis vart den paramilitære borgarverngrupperinga Samfundsvernet oppfatta og omtalt av samtidas media i perioden 1923-1936?*». Spørsmålet no er derfor; Har eg kome fram til eit svar på dette?

Det er lite tvil om at Samfundsvernet og tankegangen som låg bak opprettinga av gruppa skapte enorm debatt i mellomkrigstidas Norge, med stemmer som representerte både positive og negative haldningar til gruppa. Naturleg nok var det gjerne venstresida som hadde dei mest kritiske og negative haldningane til Samfundsvernet, då gruppa i prinsippet var danna med det føremål å motarbeide Arbeidarrørsla, Arbeiderpartiet og alt desse stod og arbeidde for. Bakgrunnen for opprettinga var mellom anna inspirasjon frå internasjonale modellar (i hovudsak Italia), samt radikaliseringa av Arbeidarrørsla og delar av Arbeiderpartiet, ei radikalisering som for mange av borgarskapet skapte ei delvis reell frykt for revolusjonære handlingar. Samfundsvernet vart dermed ifølgje borgarskapet oppretta med det preventive formål å hindre dette, samt i samarbeid med politi- og militærmyndigheitene bidra til å slå ned eventuelle revolusjonære forsøk. Med andre ord ei preventiv kontrarevolusjonær gruppe. Dette vart mildt sagt dårleg motteke av motparten, som i staden oppfatta gruppa som eit revolusjonært forsøk frå høgresida. I tillegg hadde ein eit tredje «hovudsyn» som spesielt den såkalla venstrepressa var den fremste representanten for, eit syn som i større grad gjekk ut på korleis gruppa kunne oppfattast som eit brot på rettsstaten og ein trussel mot det demokratiske prinsippet. Lat oss difor meir inngående sjå på dei tre hovudsynspunkta, kven som var dei fremste representantane for desse, og korleis dette endra seg i løpet av dei 13 åra Samfundsvernet var ein del av det norske politisk spelet.

7.1 Eit preventivt grep mot ei radikaliserert arbeidarklasse

Det første synet eg vil presentere er det som partia og partipressa tilhøyrande borgarstanden representerte, det forsvarande synet på Samfundsvernet. Synet gjekk i stor grad ut på at Samfundsvernet var eit preventivt og kontrarevolusjonært grep borgarstanden hadde sett seg nøydd til å ta etter at dei i ei rekke år hadde oppfatta Arbeidarrørsla, Arbeiderpartiet, og eit aukande tal av arbeidarklassa som stadig meir radikalisererte etter inspirasjon frå den russiske revolusjonen og den bolsjevikiske maktovertakinga i Russland. Borgarklassa oppfatta difor at agitasjonen og haldningane i arbeidarklassa vart klart meir aggressiv og revolusjonær, i ei slik grad at dei til slutt ikkje såg nokon annan utveg enn å opprette beskyttande organ i tilfelle agitasjonen og truslane arbeidarklassa kom med skulle vise seg å bli gjort alvor av.

I den første tida etter opprettinga av Samfundsvernet valde den borgarlege pressa å i stor grad teie, og ein finn få saker i til dømes Aftenposten og Nationen som omtalar Samfundsvernet direkte før rundt 1926. Årsaka til at den borgarlege pressa valde å ikkje skrive om gruppa kan skuldast fleire ulike årsaker, noko eg også kom inn på i kapitel 3.4. Ei av årsakene kan ha vore at ein rett og slett ikkje visste så mykje om gruppa, og derfor valde å ikkje omtala dei i frykt for å «avsløre» dei eller øydelegge for gruppa i den såkalla «opprettingsfasen». I staden valde borgarpressa å indirekte vise si støtte til gruppa gjennom å angripe venstresida gjennom krasse angrep og karakteristikkar, for på den måten å synleggjere viktigheita og rolla ei gruppe som Samfundsvernet hadde. Spesielt det faktum at krefter på venstresida sat med revolusjonære tankar og ambisjonar vart trekt fram til stadigheit, og Samfundsvernet vart dermed frama som vernarar av dei demokratiske prinsippa og vernarar av «det bestående samfund» mot udemokratiske og revolusjonære spenningar.

Seinare vart fokuset til borgarpressa i større grad retta direkte mot gruppa sjølv, mellom anna gjennom intervju med Ragnvald Hvoslef eller uttalte støttespelarar. Dette fokuset handla nok i hovudsak om å gje gruppa eit talerøyr, og var dermed basert på propagandisk støtte. Då får ein også ei utdjuping av borgarpressa sitt synspunkt på Samfundsvernet, då ein får opplyst at ei anna viktig årsak til Samfundsvernet sin eksistens er mangelen på tillit og tru på at politiet åleine ville greie å handtere ein revolusjonær situasjon, og at Samfundsvernet dermed i eit slikt scenario ville kunne bidra med ekstramannskap og motstand til militæret fekk mobilisert seg. Denne argumentasjonen vart i stor grad nytta i tida rundt «reservepolitiska», for å verkeleg få fram viktigheita Samfundsvernet potensielt sett kunne få i ein revolusjonær situasjon. Ofte vart samanlikningar gjort med situasjonen i

Finland for å vise kor galt det kunne gå dersom ein ikkje var førebudde på at revolusjonære tankar kunne materialisere seg, og at Samfundsvernet dermed var eit kontrarevolusjonært grep med dette i tankane. Likevel gjekk i hovudsak fortsatt dekninga av Samfundsvernet ut på å delegitimere og svartmåle motparten, dei såkalla «revolusjonære kommunistane», gjennom karakteristikkar og sakar som hadde det føremål å skape stadig større frykt og motstand mot sosialistane innanfor den borgarlege kretsen.

Frå rundt 1930, då Arbeiderpartiet oppretta sine egne Arbeidarvern, endra borgarpressa si omtale av Samfundsvernet seg i stadig meir retning av den ein hadde sett i spesielt venstrepressa. Stadig oftare var «ulempene» og dei negative sidene ved bruk av private vernegrupper trekt fram i sakene, lenge utelokkande retta mot den sosialistiske gruppa. Etter kvart vart likevel dette synet også gjeldande når det var snakk om Samfundsvernet, gjerne i samband med diskusjonar om gjensidig oppløysing av grupper på begge sider. Ein kan difor seie at oppretting av eit sosialistisk motsvar til Samfundsvernet var det som skulle til for borgarpressa til å få «kalde føter» og innsjå at privat involvering i opprettsholding av offentleg ro og orden ikkje var eit riktig grep, då dette var eit ansvar som skulle ligge på staten sine egne instansar.

7.2 Eit revolusjonært forsøk på å innføre fascismen i Norge

Som nemnt alt tidleg i oppgåva, var det i hovudsak den sosialistiske pressa, den såkalla arbeidarpressa, som var den fremste formidlaren av saker knytt til Samfundsvernet og deira arbeid, saker som ofte hadde ein fiendtleg og kritisk tone. I den første fasen vart omtalen og karakteristikane i stor grad farga av at ein ikkje visste så mykje om gruppa, og at ein heller baserte seg på rykte eller erfaring frå liknande grupper i andre land. Derfor vart Samfundsvernet ganske tidleg frama som fascistar på bakgrunn av deira arbeidarfiendtelege haldningar, ein karakteristik som var prega av situasjonen ein opplevde med liknande grupper i mellom anna Italia. Ein hadde på dette tidspunktet berre den italienske fascismen å samanlikne gruppa med, ei form for fascisme som på dette tidspunktet fortsatt var i utvikling og ikkje enkel å definere, så fascisme-ramen var derfor lett å vende seg til for arbeidarpressa når det vaks fram ei arbeidarfiendtleg gruppering i landet. Formålet var nok å vekke til live ei form for klassekjensle i arbeidarklassa, og skape ei form for «vi mot dei»-mentalitet, der «dei» var borgarklassa og deira forsøk på å innføre den arbeidarfiendtelege fascismen.

Seinare når det vart kjent at Samfundsvernet ikkje berre var ein «usynleg» trussel frå borgarskapet, men i staden ei konkret militærliknande gruppe med tilgang på så vel våpen som kyndig mannskap, endra difor tonen seg drastisk. Frå å til då berre ha kome med ryktebaserte karakteristikkar, kunne no arbeidarpessa få meir «kjøtt på beinet» i sine saker om Samfundsvernet. Grappa vart dermed i staden frama som eit revolusjonsforsøk frå høgresida, med det føremål å kvitte seg med arbeidarklassa, og på den måten for alvor sementere eit kapitalistisk og borgarleg samfunn der borgarskapet kunne halde på makta utan å frykte ei arbeidarklasse i vekst.

Spesielt i tida rundt reservepolitiska vart fokuset til arbeidarpessa i større grad vendt mot at Samfundsvernet var eit bevis på at rettsstatsprinsippet og at prinsippet om likskap for lova ikkje var gjeldande. Dei meinte regjeringa og den juridiske makta verna om Samfundsvernet gjennom å oversjå lovbrotta grappa gjorde seg skuldige i, mest alvorleg §21 i Politilova, den såkalla ordensvernparagrafen. Dette skapte ei oppfatning i arbeidarpessa om at styresmaktene godtok Samfundsvernet sine «herjingar», sjølv om vi i dag veit at dette ikkje var heilt riktig, då både regjeringa Mowinckel og regjeringa Lykke utforska moglegheitene for å stoppe vernet, men utan å lukkast. Spesielt førstnemnde sitt forsøk førte til enorme protestar frå arbeidarpessa, då resultatet av forsøket vart oppfatta som ei godkjenning av Samfundsvernet gjennom «innlemminga» av grappa i politivesenet. Dette gjorde at arbeidarpessa i stadig større grad byrja frame Samfundsvernet som eit juridisk lovbrøt, ei endring i omtalen som viste at den sosialistiske sida var på god veg mot ein meir parlamentarisk ideologi, og i stadig mindre grad heldt fast på sine revolusjonære tankar. Fascisme-framen som vart mykje nytta i den tidlege dekninga av grappa forsvinn sakte, men sikkert mot slutten av 1920-talet, mest sannsynleg ettersom arbeidarpessa innsåg at arbeidarfientleg og antikommunistisk ikkje automatisk betydde fascistisk. Det betyr likevel ikkje at den døyrt heilt ut, då ein også utover på 30-talet, når Arbeiderpartiet og arbeidarpessa var godt i gang med si ideologiske endring, kunne finne nokre eksempel på at pressa frama grappa som fascistnære og kraftig høgreradikale.

7.3 Ein trussel mot staten, demokratiet og militærmakta

Det tredje synet eg vil trekke fram som kom tydelegast fram gjennom dei fire analysekapitla er det som den liberale venstrepressa var den fremste eksponenten for, nemleg at Samfundsvernet var ein trussel for statsmakta. Moderpartiet til denne partipressa, Venstre, hørde tradisjonelt til det såkalla borgarskapet, men dekninga av Samfundsvernet viste likevel at partiet og partipressa sat med heilt andre haldningar og oppfatningar om den såkalla «klassekampen» enn dei andre borgarlege partia. Der dei andre borgarlege partia fokuserte på den trusselen Arbeiderpartiet, Arbeidarrørsla og radikalisinga av desse utgjorde for staten, valde venstrepressa i langt større grad å sjå på konsekvensane av privat involvering i statleg arbeid som ein minst like stor trussel. Dei la seg difor alt frå starten av i 1923 i ei form for mellomposisjon mellom synspunkta til arbeidarprensa og dei ein fann i høgre- og bondepressa, og gjorde derfor nytte av argumentasjon frå begge sider. Mellom anna uttalte dei alt i 1923 at radikalisinga av den sosialistiske sida var ei stor fare, og at ein burde ta grep før det gjekk for langt. Men samtidig så latterleggjorde dei Samfundsvernet, mellom anna ved å frame dei som «en latterlig liten fascsitklubb», og frame dermed som arbeidarprensa gruppa som fascistar. Så venstrepressa sitt syn i den tidlege fasen var utan tvil prega av mellomposisjon partiet låg i politisk sett.

Når ein kom lenger ut på 1920-talet vart venstrepressa sitt syn i stadig større grad fokusert rundt det faktum at Samfundsvernet forsøkte å overta oppgåver som i utgangspunktet skulle vere staten sitt ansvar, og då i hovudsak ved utfordring av politi- og valdsmonopolet. Framinga av Samfundsvernet som ein trussel for statsmakta toppa seg i 1928/29 når gruppa gjennom det famøse rundskrivet til alle landets politimeistrar vart oppfatta som «godkjent» som politistyrkar, noko vi veit ikkje var regjeringa sin intensjon. Samtidig viser denne situasjonen den avstanden som var mellom partiet Venstre og partiet si eiga partipressa, då i særklasse Dagbladet gjekk i front for kritikken av regjeringa si handtering av saka. Kritikken gjekk i hovudsak ut på at regjeringa ved å «godkjenne» ein part sitt ordensvern automatisk tok parti i klassekampen, som igjen ville føre til aggressiv stemning frå motparten. Det var nok likevel ikkje Samfundsvernet i seg sjølv som var den største faren i venstrepressa sine auge, men heller tanken om at ordensvern på den eine sida raskt kunne føre til liknande tiltak på motsatt side, ei opprusting som ikkje ville føre med seg noko positivt verken for dei involverte eller for staten som ei overordna heilheit. Karakteristikkar som «ei fare for

samfunnet» vart i stadig større grad nytta, mest av alt for å tydeleg få fram at Samfundsvernet berre gjennom sin eksistens utgjorde ei enorm fare for samfunnet og staten.

Venstreprensa stod også for den kraftigaste kritikken av offisersstanden for deira involvering i gruppa, då desse på den måten underbygde arbeidarprensa sine påstandar om at militærmakta vart nytta som ein klassehær for borgarskapet. Spesielt var kaptein Gudbrand Østbye den fremste talsmannen for dette synet, då han i ei rekke lesarbrev og artiklar i mellom anna Dagbladet kravde at alle med stilling i det militære måtte nektast å teikne medlemskap eller involvere seg i grupper som Samfundsvernet og Arbeidarvernet. Desse tok på den måten parti i «klassekampen», som igjen øydela militærmakta si stilling som nøytrale i alle innanrikspolitiske konflikter.

Til slutt var det likevel venstreprensa sitt syn som vann fram også i både arbeidar- og borgarprensa, spesielt etter at sosialistane oppretta sine egne væpna kampgrupper. Opprettinga av Arbeidarvernet symboliserte ei opprusting på begge sider, noko som fekk fart på tanken om å skjerpe inn Politilova, og legge ned eit endeleg forbod mot private ordensvern. Når ein så i 1936 var kome i ein situasjon der det berre var Bondepartiet som var klart imot ei slik endring, fekk venstreprensa sin visjon realisert gjennom innføringa av forbod mot all form for privat ordensvern, ei lovendring som samtidig styrka staten si stilling i handtering av ro og orden. Årsaka til at det var nettopp denne framen som til slutt vann fram skuldast nok at den, i motsetning til dei to andre, ikkje hadde utgangspunkt i klassetankegangen, men i staden var basert på dei demokratiske og parlamentariske prinsippa.

7.4 Endeleg konklusjon

Om ein ser på det som har kome fram i dei fire analysekapitla denne oppgåva består av, ser ein raskt at Samfundsvernet var eit svært godt eksempel på ei gruppe som kunne få fram dei ulike syns- og standpunkta media og offentlegheita i Norge hadde i mellomkrigstida. Her har ein eit eksempel på ei gruppering som splitta folket, der den eine sida såg på dei som redningsmenn som skulle forsvare landet mot ein oppfatta og (i stor grad) innbilt trussel, medan motparten oppfatta grupperinga som lovstridig og farleg, ikkje berre for arbeidarklassa, men heile det eksisterande politiske og sosiale systemet i landet.

Det er spesielt interessant å sjå at den sosialistiske pressa i lang tid argumenterte for oppretting av Arbeidarvern. Kanskje kan ein gå så langt som å seie at dei kravde det? Likevel

vart ikkje dette ein realitet før i 1930, og når det først vart ein realitet vart det samtidig starten på slutten for den betente «klassekampen» som hadde råda i større eller mindre grad gjennom store delar av 1920-talet. Ein kan difor spekulere i om svartmålinga av situasjonen slik den vart framstilt i arbeidarpessa var nettopp dette, svartmåling. Ein kan nemleg med rimeleg stor sikkerheit seie at om sosialistane hadde opplevd Samfundsvernet som ein like stor trussel som arbeidarpessa gav uttrykk for ville det nok ikkje gått 7 år før det vart stabla på beina eit ordentleg motsvar.

Situasjonen var nok ganske lik på borgarleg side også, der ein gjennom størsteparten av 1920-tallet kunne få oppfatning av at sosialistane var kome langt i arbeidet med sitt revolusjonsforsøk, og at Samfundsvernet var det einaste som hindra dei i å få realisert dette. Det er likevel lite som tyder på at dette var realiteten, då svært lite skulle tilseie at situasjonen var såpass alvorleg i eit Norge som samanlikna med mange andre land var i ein langt betre posisjon med tanke på arbeidarar og arbeidarar sine rettar. Det er derfor svært tydeleg at både «det fascistiske Samfundsvern» og «den revolusjonære arbeidarklassa» var karakteristikkar som var nytta utelokkande for å mobilisere samfunnssklassene og få eit sosialt overtak. Hadde sosialistane verkeleg frykta Samfundsvernet så mykje som dei gav uttrykk for ville Arbeidarvernet vore oppretta langt tidlegare enn i 1930. Hadde borgarskapet faktisk hatt reell frykt for ein sosialistisk/kommunistisk revolusjon ville tiltaka vore langt kraftigare enn eit frivillig borgarvern som nógde seg med å ha våpentrening og drive retorisk «skittkasting» i borgarpessa.

Konklusjonen er at omtalen og synet på Samfundsvernet heilt tydeleg var resultat av ein tankegang og ei utvikling som prega store delar av Europa, ei utvikling som gjekk i retning av at den tidlegare så undertrykte arbeidarklassa byrja ta til motmæle mot borgarskapet, og i stadig fleire land utgjorde ein reell trussel mot denne. Lengst gjekk det i Russland, der arbeidarane gjennom ein revolusjon fekk makta, og grunna den geografiske nærleiken var dette noko mange også frykta kunne hende i Norge. Det mange likevel ikkje greidde innsjå var at den grunnleggande situasjonen i dei to landa var svært ulik, og at faren for ein kommunistisk revolusjon var nærmast fråverande i Norge. Dagbladet hadde nok dermed rett i at revolusjonsfaren vart framstilt i partipessa både på høgre- og venstresida i ei slik grad at stadig fleire frykta den var reell. Derfor kan ein med ei rimeleg grad av sikkerheit slå fast at Samfundsvernet var resultat av at det ikkje var trusselen i seg sjølv som førte til handling, men trua på trusselen.

Litteratur- og kjeldeliste

Bøker og avhandlingar

Agøy, Nils Ivar. *Militæretaten og "den indre fiende" fra 1905 til 1940: hemmelige sikkerhetsstyrker i Norge sett i et skandinavisk perspektiv*. Oslo: Universitetsforlaget. 1997.

Auglend, Ragnar L. *Politirett*. (2.utg.). Oslo: Gyldendal Norsk Forlag. 2004.

Bech, Dagfinn. *Reaksjon eller fremskritt: en oversikt over de fascistiske bevegelser og den økonomiske krise*. Oslo: Det Norske Arbeiderpartis Forlag. 1931.

Borgersrud, Lars. *Den norske militærfascismens historie 1930-1945. Bind 1: Vi er jo et militært parti*. Oslo: SAP/Spartacus Forlag. 2010.

Borgersrud, Lars. *Konspirasjon og kapitulasjon: nytt lys på forsvarshistorien fra 1814 til 1940*. Oslo: SAP/Spartacus Forlag. 2010.

Calmeyer, Bengt, Kjell Olav Mathisen. *Aftenposten*. Oslo: Pax Forlag. 1974.

Dahl, Hans Fredrik. *Norge mellom krigene: det norske samfunn i krise og konflikt 1918-1940*. Oslo: Pax Forlag. 1975.

Dahl, Hans Fredrik. *Utskjelt og utsolgt: Dagbladet gjennom 125 år*. Oslo: Aschehoug Forlag. 1993.

Dahl, Hans Fredrik. *De store ideologienes tid: Norsk Idéhistorie bind V*. Oslo: Aschehoug Forlag. 2001.

Dahl, Hans Fredrik. *Quislings nettverk*. Oslo: Aschehoug Forlag. 2016.

Danielsen, Rolf, Stein Ugelvik Larsen. *Fra idé til dom: noen trekk fra utviklingen av Nasjonal samling*. Oslo: Universitetsforlaget. 1976.

Det Norske Arbeiderparti. *Det ekstraordinære landsmøtet 1923: protokoll*. Oslo: Det Norske Arbeiderpartis Forlag. 1924.

- Det Norske Arbeiderparti. *Landsmøtet 1925: protokoll*. Oslo: Det Norske Arbeiderpartis Forlag. 1926.
- Det Norske Arbeiderparti. *Dagsorden for Det norske Arbeiderpartis 28. ordinære landsmøte*. Oslo: Det Norske Arbeiderpartis Forlag. 1930.
- Ellefsen, Hjørdis Birgitte. *Politiets politikk og politikken politi: Norske politireformer i perioden 1682-1866*. Doktorgradsavhandling. Oslo: Universitetet i Oslo. 2018.
- Flo, Idar. *Norsk Presses Historie bind 4: Norske Aviser Frå A til Å*. Oslo: Universitetsforlaget. 2010.
- Fure, Odd-Bjørn. *Mellom reformisme og bolsjevisme: norsk arbeiderbevegelse 1918-1920: teori praksis*. Doktorgradsavhandling. Bergen: Universitetet i Bergen. 1984.
- Furre, Berge. *Norsk historie 1905-1990: vårt hundreår*. Oslo: Det Norske Samlaget. 1992.
- Furre, Berge. *Norsk Historie 1914-2000*. (5.opl.). Oslo: Det Norske Samlaget. 2000.
- Garau, Salvatore. *Fascism and Ideology: Italy, Britain, and Norway*. Oxfordshire: Routledge. 2015.
- Grutle, Eivind Foldøy. «*Det glade vanvids følger*»: *Norsk høyreaktivisme 1923-1930*. Masteroppgåve i historie. Oslo: Universitetet i Oslo. 2018.
- Hobson, Rolf, Tom Kristiansen. *Norsk Forsvarshistorie bind 3: Total krig, nøytralitet og politisk splittelse 1905-1940*. Bergen: Eide Forlag. 2001.
- Johansen, Per Ole. *"Samfunnets pansrede neve": statspoliti og ekstraordinær overvåkning 1918-1941*. Oslo: Gyldendal Norsk Forlag. 1989.
- Karsrud, Eivind. *Med pistol og Totschlager: Den Hemmelige Organisasjonen «Samfundsvernet» i Mellomkrigstida*. Særtrykk av Totn 1985. 1985.
- Kirkvaag, Kristian Dons. *Arbeiderpressen i Norge: kort historikk*. Oslo: Det Norske Arbeiderpartis Forlag. 1935.

- Kitzinger, Jenny. "Framing and frame analysis". I: Devereux, Eoin. (Red.). *Media Studies: Key Issues and Debates*. 134-161. London: Sage. 2007.
- Kjeldstadli, Knut. *Fortida er ikke hva den en gang var: en innføring i historiefaget*. (5.opl.). Oslo: Universitetsforlaget. 1999.
- Klykken, Trond. *Samfundsvernet: Angrepets sak er å ødelegge fienden: Paramilitært borgervern i norsk mellomkrigstid 1923-1936*. Masteroppgåve i kriminologi. Oslo: Universitetet i Oslo. 2013.
- Lakoff, George. *Don't think of an elephant!: know your values and frame the debate: the essential guide for progressives*. Vermont: Chelsea Green Publishing. 2004.
- Lange, Halvard M. *Nazi og Norge*. Oslo: Tiden Norsk Forlag. 1934.
- Linde Kilde, Lasse, Thomas Olesen. *Politisk protest, aktivisme og sociale bevegelse*. København: Hans Reitzels Forlag. 2015.
- Melve, Leidulf, Teemu Ryymin. *Historikerens arbeidsmåter*. Oslo: Universitetsforlaget. 2018.
- Mowinckel, Johan L. «Vår politikk». I: *Norges Venstrelags skrifter 1929. nr 2*. 1929.
- Nielsen, May Brith Ohman. *Bondekamp om markedsrett: Senterpartiets historie 1920-1959*. Oslo: Det Norske Samlaget. 2001.
- Ottosen, Rune. *Norsk Presses Historie bind 2: Presse, parti og publikum 1880-1945*. Oslo: Universitetsforlaget. 2010.
- Paxton, Robert O. *The Anatomy Of Fascism*. London: Penguin Books. 2004.
- Strømme, Ottar. *Den hemmelige hæren: den hemmelige militære organisasjonen mot "indre uro" i Norge fra 1918 til 1940*. Oslo: Forlaget Oktober A/S. 1978.
- Sørensen, Øystein, Nik. Brandal. *Det norske demokratiet og dets fiender: 1918-2018*. Oslo: Dreyers Forlag. 2018.

Aviser

17de Mai.

Aftenposten.

Akershus Arbeiderblad.

Arbeiderbladet.

Arbeidet.

Bergen Arbeiderblad.

Dagbladet.

Hamar Arbeiderblad.

Nationen.

Norges Fremtid.

Norges Handels og Sjøfartstidende.

Norges Kommunistblad.

Stavanger Aftenblad.

Telemark Arbeiderblad.

Tidens Krav.

Arkivsamlingar

RA/PA-0664/D/L0001.

RA/S-2220/O/Ob/L0123.

RA/S-2220/O/Ob/L0124.

RA/S-2220/O/Ob/L0125.

Artiklar

«Krigsjå». I: *Meddelelsesblad*. Vol. 24 Nr. 1-11/12. (1929) s, 111-114.

«Samfundsvernet». I: *Meddelelsesblad*. Vol. 24 Nr. 1-11/12. (1929). s, 1-3.

Agøy, Nils Ivar. «Forsvarshistorie på gyngende grunn». I: *Tidsskrift for samfunnsforskning*. Vol. 43. Nr. 4. (2002). s, 587-595.

Agøy, Nils Ivar. “When Officers Need Internal Enemies: Aspects of Civil-Military Relations in Scandinavia between the World Wars”. I: *Journal of Peace Research*. Vol. 33, Nr. 4. (1996). s, 469-481.

Entman, Robert M. “Framing: Toward Clarification of a Fractured Paradigm”. I: *Journal of Communication*. Vol, 43. Nr. 4. (1993). s. 51-58.

Framing Theory, by Ervin Goffman. Henta frå <https://masscommtheory.com/theory-overviews/framing-theory/>

Gabrielsen, Bjørn Vidar. «De gode middagers tid: Noen glimt av norsk mellomkrigsaktivisme». I: *Kontrast: Spesialnummer om fascismen i Norge*. (1966). s, 71-81.

Stugu, Ola Svein. «Samfundsvernet i Oppdal». I: *Bøgda vår: Oppdal Historielag 2013*. 15-20. Oppdal: Oppdal Historielag. 2013.

«Båret fra fengselet til Stortinget». *Aftenbladet.no*, publisert 05.10.2009. Henta frå <https://www.aftenbladet.no/magasin/i/yV78J/baaret-fra-fengselet-til-stortinget>

Leksikon og ordbok

Scott, Ida. & Nielsen, Jens Petter. (2021). Hvite styrker. I: *Store Norske Leksikon*. Henta frå https://snl.no/hvite_styrker

«Stormtropp». I: *Norsk Akademisk Ordbok*.

Lovverk, juridiske arbeid og Stortingsforhandlinger

Indstilling fra den departementale politilovkomite av 1912: Utkast til lov om politiets ordning m.v. (1914). Oslo. Henta frå

<https://www.nb.no/items/8691af67acea7318e51826284ffbe18c?page=0&searchText=Indstilling%20fra%20den%20departementale%20politilovkomite%20av%201912>

Stortingsforhandlinger. *Stortingstidende*. Vol. 76, Nr. 7a. 1927.

Stortingsforhandlinger. *Stortingstidende*. Vol. 77, Nr. 7b. 1928.

Stortingsforhandlinger. *Stortingstidende*. Vol. 85, Nr. 8. 1936.

Justis- og politidepartmentet. *Utkast til Lov om politiet: til avløsning av den gjeldende lov om politiet av 10.juni 1927.* (Ot. Prp 72 (1935)). Henta frå

https://www.stortinget.no/no/Saker-og-publikasjoner/Stortingsforhandlinger/Lesevisning/?p=1935&paid=3&wid=b&psid=DIVL739&pgid=b_1579&s=False&vt=b&did=DIVL743

Grunnloven. *Kongeriket Noregs Grunnlov.* (LOV-1814-05-17). 1814. Henta frå

<https://lovdata.no/pro/#document/NL/lov/1814-05-17-nn?searchResultContext=1186&rowNumber=1&totalHits=11433>

Politiloven. *Lov om politiet.* (LOV-1995-08-04-53). 1995. Henta frå

<https://lovdata.no/dokument/NL/lov/1995-08-04-53?q=politiloven>

Politiloven. *Lov om politiet.* (LOV-1936-03-13-3). 1936. Henta frå

<https://lovdata.no/pro/#document/NLO/lov/1936-03-13-3?searchResultContext=1478&rowNumber=2&totalHits=2>